

To saker frå same side

Ein historiografisk-komparativ analyse av dei hanseatiske
overfalla i 1455 og 1523

Masteroppgåve i historie

Espen Furunes

Universitetet i Bergen

hausten 2007

Innhald:

Kapittel 1: Innleiing. S. 3.

Kapittel 2: Hanseatane i Bergen. S. 5.

Kapittel 3: Historikaranes framstilling av overfallet på skottar i Bergen i 1523. S. 16.

Kapittel 4: Historikaranes framstilling av overfallet på Olav Nilsson. S. 24.

Kapittel 5: Kjelder om overfallet på Olav Nilsson. S. 38.

Kapittel 6: Kjelder til overfallet på skottane i 1523. S. 46.

Kapittel 7: Ei samanlikning av dei hanseatiske overfalla i 1455 og 1523. S. 53.

Kapittel 8: Konklusjon. S. 77.

Kjelder og litteratur: S. 82.

Kapittel 1:

Innleiing

I åra omkring 1560 blei det skriva ei eiga historie bok for Bergen, kalla Bergen fundas (utgitt av M Sørli 1957). Skriftet har byrja med korleis Bergen vart til og reknar opp bergens historie like fram til om lag 1560. Den sterke antihanseatiske tendensen i skriftet er slåande, og hanseatanes stilling og ikkje minst kor skadelig deira handel er for Bergen, blir via mykje merksemd. To episodar skil seg klart ut som eksempel på hanseatanes makt og sjølvråderett i byen. Den første gjeld overfallet og drapet på lensherren Olav Nilsson i 1455, som blir i Bergen fundas omtala slik:

”Nu de Thydske ere bleffuen winttern sittindis vdi Bergen, da haffuer Biskop Olluff begyndt medt dennom adt wilde haffue Thijennde aff de Thydske effter Longenn, Huilckidt de wilde Inngelunde Inndgaa, Oc icke helder vilde de gaa vdi dom oc Rette derom medt Bispenn. Derfor haffuer Bispenn siig beklagidt for Her Olluff Nilson, Koning Christierns Befallingsmandt offuer Byenn, oc paa den samme tiidt da haffuer Koning Christieren werrit vdi Suerriige modt de Suendtske, derforre haffuer samme her Oluff giordt de Thydske møgenn forbidselsse i derris foretegd. Hanns Quinde haffuer hafft Mandtz Nature vdi hindis hiertte, thj adt naar hun saug de Thydske skeiff Louge tillade oc Ferdige, da haffuer hunn Vdrøstidt sig hoc dragit for dennom vdi wegenn midt hindis folck, oc naar de er komne vdi Siønn, da haffuer hun dennom Andtastidt oc Plustridt. Der de Thydske er saadanndt tiidt oc offte wederfarrit, Erre de ein tiidt tillsammenkomne oc besluttetd saa Adt de wilde offuerfalde Her Olluff Nilsonn hindis mandt, och hannom ihellslaa oc dermett adt heffune deris skade och Panndt. Der her Oluff er bleffuenn denne deris Anslag war, da Er hanndt ind Rømpit i Munckeliffs Closter. Effter hannom er da Bisp Oluff fremganngenn oc wilde saadanndt ophaff oc trette affstille. Der de icke funnde her Olluff saa hasteligenn, da haffuer de slagit Bispenn ibiell oc satte ildt paa Closterit, siidenn funde de her Oluff huor hanndt satt och Myrde hannom skammeligenn.”

Den andre episoden gjeld eit overfall på skotske borgarar i 1523:

”Anno MDXXij haffuer Jørgen Hannsønn spurdt Adt Konng Christiern haffuer werrit Vdrømpit af Danmarck till Hollannndt, da haffuer hanndt befalit Bergenhuuss ein Prest midt Naffnn Her Hans Knudtsønn Proffuist, Som det skulde raade vdi fuld Befalling paa hanns Herris wegne, och siiden er hanndt dragen till

Hollandt. Same Aar om Winttern er Findenns Lunge kommenn hiidt till Bergenn, Oc da begynnte de Thydske her i Bergenn adt Anndtaste Borgerne her i Bergenn, Och dennom Plustrede oc Røffuede, och frå thougge dennom aldt buis de haffde, oc spaarrede huercken Riiig eller Fattige. De haffuer oc nederbrutt oc synder huggit nogen aff Borgernis huus, doug haffuer de gjort mest skade paa de skotther oc Skotters Barnn som boede herudj Bergenn, oc de som mest skade oc Røffuerij haffuer giortt, wore Skomagere och Anndre Thydske Embidtzmenndt. Och vdi denne opløff er nogen aff Borgernis Beseglede Preuilegier Och Friheder heden kommenn,”

Desse to episodane er rekna som dei alvorlegaste konfrontasjonane mellom hanseatane i Bergen og andre borgarar. Eg vil i mitt arbeide sjå nærare på desse episodane ved å samanlikna dei både slik dei kjem fram i primærkjeldene, og slik norske historikarar har framstilt dei.

Hovudproblemstillinga mi er å drøfta den tendensen tidlegare forskarar har hatt i tolkinga av desse episodane, og å samanlikne bakgrunnen og hendingane til desse episodane.

Kapittel 2:

Hanseatane i Bergen

Hanseatane hadde allereie vore i Bergen i lang tid forut for overfallet på Olav Nilsson. Bergen by hadde tatt steget fram som den største handelsstaden i landet. I løpet av 1100 talet hadde byen vorte noregs største og viktigaste by. Det var først og fremst landets handelssentrum, og i tillegg var Bergen det politiske sentrum etter at borgarkrigstida gjekk mot slutten.¹ Bergen hadde vorte grunnlagd ein gong i siste halvdel av 1000-talet, men den mest utbreidde dato for dette er 1070, ut i frå dei eldste kjeldene me har om byen, og at dette vart gjort av Olav Kyrre.² Årstalet for dette kan likevel ikkje hevdast å vera anna enn omtrentleg då det ikkje finst kjelder som fastlegg når dette skjer. Det er i det minste mest sannsynleg at det skjer om lag 1070.

Som eg har sagt var handel ein av dei faktorane som gjorde Bergen til Noregs viktigaste by. Handelen til Bergen finn me og nokre tidlege dømer på. I ei kjelde frå tidleg på 1100-talet fortel ein person om reisa frå Bergen til England og at dei måtte betala toll der. Utover 1100-talet hadde Bergen ein sterk ekspansjon i likskap med fleire andre byar i europa. Særlig handel har spela ei rolle i utviklinga av byar i denne tida, men i Noreg sitt tilfelle er det særlig det at kongen no byrjar å byggje faste anlegg for å styrkje rikskongedømmet og kyrkja. Ved å oppretta slike bygg, der spesialistar held til heile året, anten dei er embetsfolk eller kyrkjelige, fekk opprettinga av slike bygg og funksjonar mykje å sei for at andre som busette seg der. Dermed hadde ein og ein plass der handelen kunne verta sentralisert, saman med handverkarar og.³ Samstundes med at dei administrerande eliten slik som kyrkja sine folk no måtte basere seg på varer utanfor byen, men samstundes kunne naturalskattar enten bytast inn hos handelsfolk for pengar, eller så kan dei nyttast hjå ein av handverkarane i byen. Kyrkja hadde og behov for slike tenester frå handverkarar til å byggje kyrkjer, kloster og andre kyrkjelege bygg. Kongen og statsadministrasjonen kunne samstundes og ha behov for ulike bygg som til dømes festningsverk. I det heile fekk dei fastbuande i kyrkja og lokal administrasjon behov for varebytte og tenester i byen heile året. Forutan at kong Olav Kyrre og Øystein Magnusson hadde bygd ut kyrkja med bispestolen og munkeliv kloster, og samstundes hadde dei begge nytta byen som konglig sentrum,

¹ Helle 1982, s. 161.

² Helle 1982, s. 111-112.

³ Helle 1982, s. 118.

eller hovudstad, noko som var viktig for utviklinga av byen tidlig på 1100-talet. I tida etter desse første kongane som utvikla og grunnla byen, kom det no ein periode med borgarkrig i Noreg, noko som og prega Bergen. Sjølv om dei måtte stilla i leidangen i denne tida hadde byfolka likevel ein moglegheit til å fortsetta handelsverksemda, og denne vart berre i mindre grad påverka av borgarkrigen. Bergen var i vekst under nærast heile perioden med borgarkrig, striden førte til ei sterk sentralisering. Partane kjempa om å utvikla og kontrollere urbane støttepunkt i krigen, som ein del av kontrollen av regionar og riket, men ikkje berre dette ønsket om sentralisering førte til veksten i Bergen.⁴

I denne tida vart Bergen rikets handelssentrum, sjølv om det er få detaljar omkring denne handelen i perioden. Ein norsk utsending var og tilstades på hertug Henrik Løve si grunnlegging av Lubeck i 1158-1159 og der fekk vedkommande og tilbod om fri fart til byen. Samstundes er dette før tyske handelsfolk byrjar å reise til Bergen, der norske og svenske, danske og handelsfolk frå Gotland var dei som vart mest tala om i Bergen i slutten av 1100 talet.⁵ Då kong Sverre er i bergen i 1186 hadde tyske koggar frakta store mengder vin til byen, og resultatet av denne billige vinen var slagsmål, men og drap og ulykker. Kongen klaga deretter på at dei berre hadde med seg vin å bytta til seg tørrfisk og smør med. Vinen vart innført av nordtyske handelsfolk og ikkje frå austersjø byane. Utrecht, Köln og Flandern er moglege stader desse tyskarane kom frå, Bremen hadde og forbindelsar til Noreg, og norske handelsfolk hadde sjølv reist dit med varer.⁶

Desse tyske handelsfola var i denne tida ikkje dei som var størst representert i Bergen. Engelske handelsfolk og handelsfolk frå Færøyane, Orknøyane, Island og Grønland alle kom til Bergen med varer.⁷ Frå midten av 1100 talet ser me og at handelen til byane i aust england er dominerande i handelen vestover. Bergen hadde vorte senter også for fjernhandelen, der norske og utanlandske skip reiste til og frå byen med varer, det er særleg i slutten av 1100-talet me ser at utanlandske skip vart vanlegare i Bergen i større tal.⁸ Behovet for den norske tørrfisken hadde auka i Europa saman med befolkningsveksten, kyrkja spela og ei rolle her då den hadde faste, der ein ikkje kunne ete kjøt, noko som gjorde fisk til eit alternativ. Interesse for andre norske varer

⁴ Helle 1982, s. 161.

⁵ Helle 1982, s. 164.

⁶ Helle 1982, s. 164.

⁷ Helle 1982, s. 165.

⁸ Helle 1982, s. 167.

som skinn og trelast auka samstundes, og byane i Noreg vart samlingsstader for denne handelen mellom norske varer, og varer som måtte importerast til landet.⁹ Korn frå aust England var ein av dei store import varene før hanseatane slo seg ned i Bergen, dette finnest det fleire engelske kjelder om frå slutten av 1100-talet til tidleg i 1300-talet, men malt var og ei vare som vart eksportert mykje til Noreg.¹⁰ Lubeck og Noreg hadde eit spent forhold i 1240 åra, men Kong Håkon oppfordra likevel rådet i byen å senda skip nordover med varer slik dei vanlegvis gjorde, og at norske handelsfolk måtte få sella og kjøpa varer i Lubeck. Då det kom til fred i 1250 fekk kongen og Lubeck utarbeidd ein handelsavtale mellom Håkon og Lubeck der fri handel mellom dei var eit av hovudpunkta. Grunnen til dette var å tryggja ein sikker korn tilførsel til Noreg, dessutan var Bergen den byen Lubeck dreiv mest handel med.¹¹ Sjølv om denne importen frå Lubeck ikkje kan talfestast, hadde den likevel ein stor verdi for Noreg, noko som kan synast med at berre dei vintersittarane som frakta korn til byen skulle få handle om vinteren. Korn var den største eksport artikkelen frå Lubeck til Noreg, i tillegg til mjøl og malt. Kornvarer var svært billig i Lubeck, samstundes var tørrfisk svært billig i Noreg og særlig i nord i landet, dette førde til at det var gode pengar å tene for dei som dreiv denne type handel mellom Bergen og Lubeck. Det er ikkje sikkert at det norske landbruket på Håkon Håkonsens tid kunne produsere nok mat til landets innbyggjarar, og når korn frå utlandet er både billig og betre kvalitativt enn det norske, men og billig i bytte med tørrfisk. Dette kan og ha førd til at folk bytte til seg korn sjølv når eigen produksjon var tilstekkelig. Dette kan og ha førd til at behovet for korn auka, då folk kunne bytta til seg korn i byar framfor å dyrke det sjølv.¹² Forskjellige typar tekstilar og klede var og ein av dei viktigaste varene som vart førd til byen, nest etter korn og mjølprodukt. Engelske klede var noko som ofte vart eksportert til Noreg frå england, men og tyske handelsfolk reiste til Boston der dei bytta tørrfisk frå Bergen mot klede.¹³

Lubeck var den eldste og den viktigaste byen på det som vart kalla den vendiske kyst. Fordelen dei hadde her var at det kunn var nokre få mil til Hamburg, som var knytt til Nordsjøen, medan Lubeck hadde hamn til Austersjøen. Dermed kunne dei unngå å frakte varer rundt Danmark, og det var først og fremst denne fordelene som gav Lubeck ein leiande posisjon innan handel. Byen vart bygd opp att etter ein brann i 1157, og byen fekk omfattande sjølvstyre og handelsrettar.

⁹ Helle 1982, s. 169.

¹⁰ Helle 1982, s. 312.

¹¹ Helle 1982, s. 314.

¹² Helle 1982, s. 316-317.

¹³ Helle 1982, s. 317.

Gotland og baltikum var dei første områda der handelsfolka etablerte seg, men og inn i Novgorod. I baltikum kom handelsekspansjonen saman med tysk tvangsmisjon og krigføring mot dei ukristlige der, men dette vart utført av sverdriddarane og den tyske orden. Det vart samstundes utvikla tyske handelskoloniar i fleire av desse byane i austersjøen, og i baltikum. Som sagt kunne nordmenn reise til Lubeck allereie i 1158-1159, men frå Lubeck tok handelen mellom korn og tørrfisk ikkje større omfang enn før omlag 1200. Lubeck og dei andre vendiske byane auka handelen med Bergen utover 1200-talet og det var desse byane som utførde blokaden av Noreg i 1284-85. Handelen gjekk heller ikkje berre mellom Bergen og dei vendiske byane. Frå dei vendiske byane kom det korn til Bergen som vart bytta mot tørrfisk, og deretter vart denne eksportert til land i vest europa, der tørrfisken vart bytta inn i til dømes klede før dei satte kursen attende til austersjøen. Sjølv om denne tidlege handelen ikkje var av same kaliber som sen seinare ville få, var likevel forholdet mellom partane tidlig i denne fasen ampert ved nokre tilfelle. I 1282 hadde den norske kongen saman med byrådet i Bergen gjeve forbod mot å bli liggjande i byen om vinteren dersom dei ikkje frakta med seg korn og mjølprodukt til byen. Schreiner meiner at dette i ærlig grad svekka hanseatane sin evne til å eksportera norsk tørrfisk til England og vest europa. Reaksjonen frå hanseatane blir ein blokade av Noreg som etter kvart får store følgjer for kongen og riket. Året etter at dette hadde det komme til samanstøyt i Bergen, der nokre av dei tyske handelsfolka klaga over at dei hadde fått varene sine beslaglagd og overgrep mot dei.¹⁴ Dei hanseatiske byane vart samde om ein blokade av Noreg og all handel til landet.

Då kongen gav etter reiste dei tilbake til Bergen i 1284, men då dei kom fram til byen fekk ein ubehaglig velkomst av den norske stormannen Alv Erlingsson som låg klar med kaprar skip som overfall hanseatane.¹⁵ Samstundes verkar Schreiner klar når han skriv at dette nok skjedde med støtte i regjeringa i ein eller anna grad, og at det er tydelig at det må ha vore eit skifte i politikken frå fredstilbodet kom, fram til angrepet til Erlingsson. Same året freistar og den norske kongen å få støtte hjå den engelske kongen då han skriv til han og ville fornye avtalen mellom dei frå 1269. Her er det tydlig at kongen ville tryggja korn tilførsel til landet, men hanseatane får same året støtte hjå den danske kongen, det er og første gang at hansa byane går saman i ein konflikt med ein anna nasjon. Utsendingar til både England og Danmark vart sende ut for å tryggje varetilførsel til landet. I 1285 vart det fred, og Noreg måtte erstatte det dei hadde tatt frå hanseatane og betale 2000 mark i erstatning. Samstundes fekk dei og moglegheit til å driva handel

¹⁴ Schreiner 1935, s. 27.

¹⁵ Schreiner 1935, s. 28

overalt i det norske riket, og ikkje berre i byane, slik som hadde vore vanleg.¹⁶ Samstundes hadde dei tyske handelsfolka i Bergen fritak frå mange av pliktene til dei norske borgarane, som til dømes å dra båtar på land, stilla til militærteneste og andre plikter var ting desse var fritatt for. Den einaste unntaket som gjaldt kvar handelen kunne drivast var at det ikkje var gjeve lov til å reisa nord for Bergen, her var framleis norske aktørar involverte i transporten av fisk frå nord til Bergen.¹⁷ Ein anna forskrift var at dersom hanseatane ikkje kunne få noko avsetning for varene sine i byane, kunne dei selja dei andre stader, eller i praksis der dei sjølv ville.

Kornet var som sagt ei av dei viktigaste varene som vart importert i Noreg. Kornet var i første grad rekna til bruk i dei norske byane, og lite tyder ifølgje Schreiner på at dei norske bøndene hadde behov for liknande import. I eit utdrag frå Bergen Fundas har det vorte hevda at dei norske bøndene var i stor grad sjølvforsynte av det dei kunne skaffa sjølv. Når det gjeld dei norske handelsinteressene i denne tida så er det fleire syn på størrelsen og kven dei norske handelsfolka var. Her tar Knut Helle eit oppgjær med dei andre forskarane som har teke opp dette. Alexander Bugge meinte at dei norske handelsfolka hadde vore sterkt involvert i handelen til England, og at hanseatane som såleis og tik knekken på det begynnande norske borgarskapet, men seinare at og staten og kyrkja sine folk hadde teke del i denne handelen.¹⁸ Også Oscar Albert Johnsen hadde delt dette synet om at det eksisterte ein sjølvstendig klasse handelsfolk som dreiv handel og sjøfart, og at denne var sterkt avhengig av aristokratiet og kyrkja. Schreiner på si side meinte at dei store gods og jord eigarane som dominerte den norske handelen til utlandet, og dette gjaldt først og fremst Bergen.¹⁹ Helle sjølv viser til at det i denne tida er dømer på at nokre handelsfolk representerte andre eller hadde med deira varer på handelsferda, og såleis og kan det ha vore varer både frå sjølvstendige handelsfolk, men og frå godseigarar eller geistlige i same skip. Ein finn og dømer på handelsfolk som i denne tida ser ut til å ha vore i samarbeid med andre. Helle skriv og at det er lite me veit om dei norske handelsfolka som er registrerte i utanlandske havner og byar, og at desse kjeldene ikkje fortel noko om dei handlar på eiga hand, eller for andre.²⁰ Bugge sin teori om at det eksisterte ein klasse handelsfolk som tok seg av frakt og handel av varer for andre i byen, kan heller ikkje avvisast skriv Helle. Denne gruppa med handelsfolk kan ha teke seg av geistlige og aristokratiet sine varer saman eller utanom sine egne, og at dette var

¹⁶ Schreiner 1935, s. 31-32

¹⁷ Schreiner 1935, s. 34

¹⁸ Helle 1982, s. 371.

¹⁹ Helle 1982, s. 372.

²⁰ Helle 1982, s. 373.

vanleg i denne tida at handelsfolk tok varer med seg frå andre mot eindel av fortienesta. Frå tidleg på 1300-talet til om lag midt på 1300-talet, hadde den norske utanrikshandelen minskt, forklaringa kan vere at utlendingar no tok over denne handelen.²¹

Hansaforbundet oppsto ikkje før seinare ut på 1300-talet, men allereie før dette var formelt på plass hadde dei tyske byane ved austersjøen utvikla eit samarbeid der dei gjorde felles sak i saker som til dømes handel. Eit døme på dette er blokaden av Noreg som byrjar i 1284, og fekk store konsekvensar for landet. Lubeck hadde blitt den leiande byen av desse såkalla vendiske byane. Denne byen hadde ein naturleg fordel då den hadde berre ein kort veg mellom nord sjøen og austersjøen, og byane i regionen rundt slutta seg saman med Lubeck som leiar.²² Om ikkje anna så førde denne blokaden av Noreg til at samarbeidet mellom dei vendiske byane vart sterkare, og under tingingane mellom partane i 1285, fekk dei rett til fri handel i norske byar, og kunne liggja i landet året igjennom.²³ Denne avtalen var berre rekna som foreløpig og den vart følgd opp av ein ny frå 1294. Helle reknar at denne avtalen var det ”maksimale” hanseatane kom til å få i Noreg, og at det er denne dei viser til når dei ber om stadfestingar i tida etter dette. Det er og viktig å ta med at denne avtalen omhandla tyske borgarar som besøkte Noreg som gjester, og ikkje dei tyskarane som opphaldt seg der stort sett heile året. Dei tyske handelsfolka hadde dermed oppnådd fri handel i dei norske byane, men dei kunne framleis ikkje reise nord for Bergen, og det hadde komme ein toll på alle skip som førde korn til byen, der noko av det måtte betalast i toll.²⁴

Tyskarane i Bergen hadde byrja og organisere seg i dei mange ulike gilda som eksisterte. Samstundes hadde kongen gjeve klar ordre om at alle borgarar og utlendingar om ikkje å starte eigne lag som laga eigne lover og reglar. Dette forbodet må sjåast i samband med kongen sitt forbod mot dei yrkesretta gilda, men det syner at det eksisterte lag der tyskarane kunne samle sine interesser i Bergen. Frå andre halvdel av 1200-talet er tyskarane den klart største og leiande standen av utanlandske handelsfolk i Bergen. Når det gjeld importen av norske varer tidleg i 1300-talet til England, så er om lag 80% av denne no komme over på tyske hender. Helle meiner at dette er resultatet av dei rettigheitar dei hadde skaffa seg i slutten av 1200-talet, og dette saman med den auka dominansen dei hadde i handelen mellom austersjøen og Nordsjøen gjorde at dei

²¹ Helle 1982, s. 374.

²² Helle 1982, s. 381.

²³ Helle 1982, s. 382.

²⁴ Helle 1982, s. 384.

hadde blitt den dominerande i handelen til og frå Bergen.²⁵ Tidlig på 1300-talet ser me og at den norske kongen freistar å minske den tyske dominansen i handelen, dette hang saman med den meir utsette stillinga dei tyske byane var i no, krig i områda rundt dei vendiske byane førde til ei svekking av samarbeidet mellom dei , og av leirrolla til Lubeck.²⁶ Sjølv om den norske regjeringa freista å minske den tyske handelsauken og dominansen, så vart resultatet av dette lite. Den norske handelspolitikken må sjåast som ein reaksjon på denne dominansen, samstundes vart kravet om at ingen måtte organisera seg i eigne lag teke opp at i 1320, noko som kan tyda på at det framleis var freistnad på å organisere seg hjå handelsfolka.²⁷

Engelske handelsfolk hadde vore med i handelen til Bergen før dei tyske handelsfolka byrja å gjera seg gjeldane, men dei tyske handelsfolka tok over det meste av eksporten av norsk tørrfisk, og dermed vart dei leiande i denne handelen, Helle legg til at det ikkje ser ut som om dei engelske handelsfolka utgjorde noko reell konkurranse til dei tyske handelsfolka.²⁸ Også den norske handelen til utlandet var i drift i byrjinga av 1300-talet, men denne forsvinn so og sei frå midten av 1300-talet. Helle presiserar at dei tyske og dei norske handelsfolka skulle ha like rettar til å driva handel i Noreg, og at det først og fremst er dei tyske handelsfolka sin kappital og deira organisering som gjer at dei klarar å verta dominerande, og ikkje eit resultat av norsk handelspolitikk.²⁹ Ein annan del av denne dominansen var at dei tyske handelsfolka og hadde ein fordel i at dei førde større transaksjonar i handelen, og hadde disponerte over større verdier enn til dømes norske handelsfolk. Dette fører og til at dei hadde større moglegheit til å byrje kredittforhold til nordnorske fiskarar, noko som igjen tryggja fast leverase av den største eksport artikkelen frå Noreg. Det er likevel ikkje tale om at dette auka volumet kunne fjerne dei norske handelsfolka, og det er samstundes bevis for at desse og samarbeida med tyske handelsfolk. Det er og mogleg at desse saman tok del i handelen med felles fraktavtalar eller at norske eller tyske sjøfolk frakta varer for ein av dei andre partane. Forbodet mot handel nord for Bergen gav og moglegheit for frakt av varer til og frå Bergen til områda nord for byen, samt dei norske skattlanda.³⁰ Dei tyske handelsfolka som var i Bergen heile året måtte stå under den norske lova og stilla som mannskap i leidangen i 1270 åra. Dei utanlandske folka som var i Noreg hadde stort sett same plikter som det dei norske borgarane hadde, men dette gjaldt berre dei som var i landet

²⁵ Helle 1982, s. 385.

²⁶ Helle 1982, s. 386.

²⁷ Helle 1982, s. 388.

²⁸ Helle 1982, s. 388.

²⁹ Helle 1982, s. 388-389.

³⁰ Helle 1982, s. 390.

heile året.³¹ Dei tysk talande handelsfolka fekk i 1278 fritak frå nokre av dei pliktene dei hadde dersom dei tok lengre opphald i byen. Desse såkalla tyske gjesterettane gjorde at dei vart fritekne frå vakter og vektarteneste, når dei ikkje leigde herberge i byen i eit halvt år eller meir. Enkelte andre rettar fekk dei og, i samsvar med norsk lov, og dette syner at dei tyske handelsfolka hadde vorte sterke sidan dei kunne be om visse fordelar. I 1294 fekk dei gjesterettane med i hansaprivilegiet og det vart samstundes klart at dei vart fritekne frå å ta del i leidangen. Dei tyske handelsfolka fekk i det heile mindre plikter enn andre tilreisande, noko som gjorde at dei kunne fokusere meir på handel.³²

Når pesten hadde gjort sitt midt på 1300-talet vart dette byrjinga på ei ytterligare styrking av hansetane sin stilling i Bergen. Like etter pesten klaga dei på at dei ikkje lenger fekk kjøpt dei varene dei trengde til å frakta ut av byen, og at dei hadde vanskelig for å få kravd inn gjeld frå borgarane, men dette kom som ein konsekvens av det store folketapet som pesten hadde ført til. I denne tida vart og det hanseatiske forbundet oppretta i meir ordna form enn det forbundet dei hadde hatt fram til dette. I dei følgjande tiåra hadde forbundet hallet med seg i nokre militære konfliktrar, noko som auka den makta forbundet hadde i regionen.

Kontoret i Bergen

Kontoret i Bergen vart ikkje oppført ein spesiell dato, men utvikla seg over tid, saman med Bergen hadde hansaen kontor i Brugge, London og Novgorod. Kontora i desse byane var ein hanseatisk organisasjon, også kalla faktorier. Perioden etter svartedauden var om lag den tida då det hanseatiske kontor i Bergen byrja å vekse fram. I tida fram mot dette frå om lag slutten av 1200-talet ser me at den norske kongen ved eit par tilfeller hadde satt ned forbod mot at hanseatane organiserer seg i byen.³³ Kontoret kom altså til omlag midt på 1300-talet, og seinare i 1360 ser me at dei tyske handelsfolka i Bergen no ville krevja skatt frå andre tyske handelsfolk som kom til byen for første gang. Etter 1365 hadde dei tyske hanseatane i Bergen komme med forslag om eigne lover og reglar for handelsfolka i byen, og toll til handelsfolka i byen for dei som kom dit med varer, dette gjaldt sjølvstøtt toll for dei hanseatiske handelsfolka som kom dit. Etableringa av kontoret i Bergen hadde vore eit tilbakeslag i den politikken som skulle hindra ein

³¹ Helle 1982, s. 476.

³² Helle 1982, s. 477-478.

³³ Helle 1982, s. 732.

altfor sterk tysk dominans i handelen, men dette vart likevel ein realitet etter svartedauden. Fleire tyske handverkarar hadde og slått seg ned i Bergen, men desse var ikkje underlagd handelsfolka i kontoret, sjølv om dei kom frå dei same byane. Dei forsøkte seinare då kontoret hadde blitt oppretta å søkje seg inn under deira rettigheitar i Bergen, men myndigheitene i Noreg hadde ikkje utan vidare gjeve desse same rettane. Kontoret på si side ville at desse og skulle høyre inn under deira kontroll slik som med handelsfolka, og resultatet er at handverkarane no står i ei særstilling mellom kontoret og resten av byen.³⁴

Frå om lag 1350 til 1500 vaks Kontoret i heile perioden og dei hanseatiske handelsfolka utgjorde ein stor koloni i Bergen. Det finst få opplysningar om kor mange desse eigentlig var, men ein kan ikkje utelukke at det kan ha vore om lag 2000 hanseatar til stades i byen, i den travlaste sesongen, då medrekna handelsfolk og sjøfolk.³⁵ På toppen av leiinga av kontoret satt det 6 Oldermenn, dette vart seinare til 2. Oppgåva til desse var å representere kontoret for myndigheitene i Noreg og i hansaforbundet. I tillegg var det 18 såkalla bisittere, seinare 8 og så til slutt 6. Desse skulle hjelpe oldermenna med å sjå til at reglar og privileg vart følgde i den daglege drifta.³⁶ Alle dei tyske handelsfolka kunne verta kalla inn til viktige avgjersler, desse samlingane kunne vera både råd og utarbeide forordningar. Sekretæren var ei stilling som kom til å verta viktig, etter at denne kom til frå om lag 1450, og dette skulle bli ei viktig stilling og haldt til på kjøpmannsstuen som var Kontorets sentrum.³⁷

Konfliktane mellom kontoret og dei norske innbyggjarane i Bergen finn ein fleire døme på, som til dømes overfallet på Olav Nilsson i 1455. Alt då kontoret hadde vorte grunnlagd i 1360-åra hadde hansaforbundet gjeve tyskarane i Bergen ordre om å ikkje behandle dei norske borgarane altfor nedlatande, og dei kom til å nytte seg av den makta dei hadde i byen ved seinare tilfeller. At det er så mange kjelder som beskriv konfliktar med hanseatane i Bergen kan og til dels forklarast at det ofte var folk med motstridande interesser som skreiv klager, og ikkje minst at det frå norske myndigheiter si side ofte er vekslande interesse i og støtte eller motarbeide hanseatane, anten det gjeld krig eller myndigheitene sin handelspolitikk. Dette i seg sjølv er ikkje nok til at ein eintydig kan sei at det berre var kvalm og konfliktar med hanseatane i Bergen, då ein og har gode

³⁴ Helle 1981, s. 18.

³⁵ Helle 1981, s. 20.

³⁶ Helle 1981, s. 21.

³⁷ Helle 1981, s. 21.

dømer på det motsette, noko som Koren Wiberg har konsentrert seg om. Ein kan i det minste på grunnlag av dette sei at handelen i Bergen var noko hanseatane og myndigheitene i Noreg var særst opptatt av og begge partar kunne både hjelpe den andre eller komme i konflikt med kvarandre. Eit døme på slik samarbeid er overfallet på skottane i 1523, då hanseatane støtta Vincens Lunge til makta i Bergen. Samspelet mellom desse i det daglege bestod i første rekkje av at fleire av det norske riksrådet og byrådet i Bergen hadde alle interesser i handel, og først og fremst tørrfisk. I denne handelen stod erkebiskopen i ein særstilling som landets største eksportør av tørrfisk. Hanseatane på si side frakta tørrfisken ut i Europa der dei skaffa marknad for desse produkta, og selde dei utanfor Noreg.³⁸

Andre handelsfolk byrja og å ta del i eksporten av tørrfisk som i byrjinga var størst til England. Engelske handelsfolk byrja sjølv og seile til Island for å hente denne³⁹, mens hanseatane hadde teke over mesteparten av eksporten av tørrfisk til England før dette, og i tillegg byrja det no å verta Nordsjøområda som tok imot stadig større deler av den norske eksporten.⁴⁰ Lubeck var den viktigaste byen i Hansaen og vart den dominerande parten i hansaforbundet. Lubeck hadde tidlig på 1400-talet skaffa seg stapelrett til bergensk tørrfisk til austersjøen førte til strid i 1460-åra, og seinare fekk dei andre hansabyane hindra ein for sterk dominans av Lubeck.⁴¹ Hanseatane freista i første rekke å hindre andre handelsfolk i å kjøpa fisk i Bergen, dette gjorde dei ved å ikkje selja korn til andre handelsfolk i Bergen som kunne bytast i fisk, men og ved å hindra dei i og kjøpa korn i deira byar i austersjøen. Samstundes var det framleis norske handelsfolk som sjølve sigla fisk til Bergen og sal den der.⁴² Frå midten av 1400-talet og utover byrja og fleire enn dei engelske handelsfolka å seile til Island og dei andre norske øyene i vest for å skaffe tørrfisk derfrå, der Hamburg og Bremen var særst aktive. Hansaforbundet på si side ville ha konsentrert all denne handelen i Bergen slik det hadde vorte då Bergen vart stapelplass for desse øyane, og handel med varer frå desse plassane skulle skje i Bergen. Samstundes med at konkurrentar byrjar å handle med desse øyane, forsvinn og heile stapelordninga, noko som fekk konsekvensar for Bergen og Kontoret der.⁴³

³⁸ Helle 1981, s. 21-22.

³⁹ Helle 1982, s. 774.

⁴⁰ Helle 1981, s. 23.

⁴¹ Helle 1981, s. 23.

⁴² Helle 1981, s. 24.

⁴³ Helle 1981, s. 24.

Stillinga det hanseatiske kontoret hadde fått i Bergen gjorde det samstundes umogleg for andre handelsfolk å ta over som den største og dominerande handelsfraksjonen i byen. Knut Helle har i det minste tatt med at det var andre enn hanseatane som og ville ta del i eksporten av norske fisk, men dei hadde samstundes ikkje same moglegheit til å skaffa avsetting for norsk eksport. Denne stillinga meiner han var såpass sterk at det ikkje er tale om at den er trua av nokon, men det fanst likevel tider der dei til dømes reiste frå byen, eller var i krig med det norske riket.⁴⁴ Frå slutten av 1400-talet vart det og ein meir samstemd opposisjon mot hanseatane i Bergen mellom dei norske borgarane og hansaen sine konkurrentar i byen. Samstundes var det ei endring i høvedsmannen sin haldning, etter press frå kongemakta, norsk lov vart i 1559 tvinga på dei hanseatiske handverkarane. Frå 1560-åra kom det og innskjerpingar i grunnleiga, leidangsskatt og tiend, og handelen deira vart regulert av norsk lov.⁴⁵ Kontoret fekk og i aukande grad ei mindre dominerande rolle i byen etter at Lubeck mista mykje av si leiande stilling både i Hansaen og i kontoret i Bergen. Frå midten av 1500-talet byrja andre utanlandske handelsfolk med oppkjøp av dei Lybske handelsstuene i Bergen, og Bremen vart den største handelsfraksjonen i Bergen. Denne gruppa kom og til å skilja seg ut ved at dei byrja å samarbeide med dei norske borgarane, og dei andre utlendingane i byen, i forhold til Lubeck sin dominans som var prega av å halde handelen på eigne hender og under deira kontroll.⁴⁶

⁴⁴ Helle 1982 s. 776.

⁴⁵ Helle 1981 s. 24.

⁴⁶ Helle 1981 s. 26.

Kapittel 3:

Historikaranes framstilling av overfallet på Skottar i Bergen i 1523

Eg vil først ta for meg dei viktigaste verka frå historiografien om overfallet på skottane. Fleire forskarar har tidlegare teke opp hansaen si rolle i norsk mellomalder, og hanseatane sitt overfall på dei skotske borgarane.

Yngvar Nielsen

”Bergen fra de ældste tider indtil nutiden.” frå 1877 får me greie på at det hadde vore ein viss kommunikasjon mellom Kong Fredrik og Kontoret i Bergen då Lunge fekk med seg eit skriv frå kongen som ber dei tyske borgarane stille seg til hjelp for kongens utsending. Vincens Lunge hadde fått i oppdrag å tryggja byen for Kong Fredrik, då Kong Christian 2. Sin lensherre framleis satt med makta i Bergen. Me får inntrykk frå Nielsen si framstilling at det var nærast på eiga hand hanseatane gjekk til åtak på utanlandske som driv handel med varer frå Bergen, og at dei tok byprivilegia, som vart oppbevarte i rådhuset. Nielsen legg til at byen ikkje hadde sett liknande herjingar sidan vitalinarane gjekk til åtak på byen på 1400-talet, eller Olav Nilsson vart drepen. Dei tyske valdsmenna skal ha drege folk ut av kyrkjene dersom dei søkte tilflukt her. Nielsen skriv og at det kan ha eksistert ein avtale mellom Lunge og hanseatane om denne episoden, men legg til at dette ikkje vart bevist, og at det var viktig å halde på det gode samarbeidet mellom hanseatane og Kong Fredrik, dette gjorde at ingen av partane ville ta ansvaret for åtaket på dei skotske borgarane, samt at Lunge hadde lite å stilla opp i mot hanseatane i byen⁴⁷. Og det vart ikkje tale om noko erstatning til dei skotske borgarane. Nielsen legg til at det verken frå kong Christian 2. sin befalingsmann Hans Knutsson, eller Vincens Lunge si side, kunne gjerast noko for å hindre dei tyske handelsfolka i å gå til åtak på sine rivalar, og tryggje eigen handel og posisjon i byen. Nielsen er noko kritisk mot hanseatane sin handlingsmåte, og skriv som sagt at ingen av dei to kongelege utsendingane til Bergen kunne gjere noko med det. Å hevde at han er direkte kritisk til Hanseatane stemmer ikkje heilt, men han teiknar eit bilete av at dei gjorde i denne situasjonen som dei sjølv ville, og til eiga, vinning sidan ingen i byen kunne hindre dei i å gjere det.

⁴⁷ Nielsen 1877, S. 272.

Absalon Taranger

Overfallet på skottane er også grundig behandla i ”Norges historie Bind 3. Andre del”. Denne boka er skriven av Absalon Taranger. Bandet kom ut i 1917 og omhandlar norsk historie i tidsperioden 1443-1537. Taranger beskriv situasjonen som oppstod i Bergen då det kom til angrep på dei skotske borgarane i Bergen, og legg til at det kan ha komme til ein avtale mellom dei tyske hanseatane og Kong Fredrik sin utsending til Bergen, Vincens Lunge. Denne gjekk ut på at Lunge skulle få hjelp frå hanseatane dersom han vart angripen av Kong Christian 2. sine folk som framleis hadde makta i byen.⁴⁸ Mot dette skulle Vincens ha gitt hanseatane lov til å ta det dei ville frå dei skotske borgarane, noko dei og gjorde. Denne avtalen vart ikkje bekrefte av Lunge etter at denne episoden fann stad, og det vart lagt til at hanseatane hadde sett i gang med å riva ned kongsgarden samstundes med dette og at Hans Knudssøn med sine femti mann ikkje kunne forsvare denne. To norske biskopar hadde deretter gjeve kontrollen til Lunge då det ikkje kom instruksar verken frå kong Christian 2. eller frå befalingsmannen hans, Jørgen Hanssøn.

Taranger skriv elles lite om kva som vart konsekvensane av overfallet, og kva som eigentlig var avtalen mellom hanseatane og Vincens Lunge, eller om denne eksisterte, men legg til alliansen mellom hansaforbundet og Kong Fredrik, som grunnlag for oppdraget med å ta kontroll over Bergen av Vincens Lunge. Taranger har ikkje med like mykje detaljar ikring kva som skjedde under dette åtaket, og verkar å vere litt meir nøytral i framstillinga til hanseatane i forhold til det me får presentert hjå Yngvar Nielsen.

Anton Espeland

I 1921 vart boka ”Skottene i Hordaland og Rogaland” gitt ut, denne er skriven av Anton Espeland, og omhandlar kva som finst av spor etter desse i dei to fylkja. Det som er fokuset til Espeland er alle dei skotske me finn i kjelder i denne perioden, og mindre om omstenda rundt dei. Det finst likevel ein kort presentasjon om dei skotske som vart omtala under overfallet i 1523. Sjølv hendinga er lite omhandla av forfattaren, men han skriv at det etter denne hendinga vart det gjort skade og plyndra for om lag 400000 mark⁴⁹. Dette synte ifølgje Espeland kor sterk

⁴⁸ Taranger 1917, s. 309-310.

⁴⁹ Espeland 1921, s. 9.

den skotske økonomiske stillinga var i Bergen fram til dette. Dette vart og lagd fram på ein herredag i 1604, og at det mellom dei råka skottane fanst det to rådmenn i Bergen.⁵⁰ Utanom dette er overfallet på skottane i 1523 nærast ikkje tatt med, og det er som sagt lite konkret informasjon ikring dette emnet i boka.

Johan Christian Koren Wiberg

I boka ”Hanseaterne og Bergen”, skriven av Koren Wiberg i 1932, skulle vi forventast at overfallet på skottane blei handsamma i breidda. Det første som slår ein med dette verket er at Wiberg har nesten ikkje tar opp overfallet på dei skotske handelsfolka i byen. Det mest direkte han skriv om overfallet er at det mellom hansaen og embetsstanden i Bergen var ein vennskapeleg stemning i 1523, og at Vincens Lunge hadde eit godt forhold til dei tyske på bryggen.⁵¹ Wiberg legg og til at konfliktane mellom kontoret i Bergen og andre borgarar i byen anten dei er norske borgarar eller skotske eller hollandske handelsfolk, ikkje kom grunna uvensskap mellom dei, og at det generelt i heile denne perioden var eit godt forhold mellom leiinga i Bergen og dei hanseatiske handelsfolka.⁵² Kvifor Koren Wiberg tek denne haldninga til forholdet mellom innbyggjarar i Bergen og hanseatane er eg uviss på, men han tek føre seg tidsperioden der det skjedde, og episoden kan såleis og vera med på og syne at det og var mindre gode forhold mellom partane i byen, i det minste eit døme på det. Når det gjeld overfallet på skottane har Koren Wiberg tekt litt opp forholdet mellom lensherren og Kontoret. I det første tilfellet ser me at det har vorte laga ein avtale om å halde fred i byen dersom det kom til krig mellom hansaforbundet og Christian 2. Der Jørgen Hanssøn og Oldermenna frå Kontoret har blitt samde om dette. Det blir og teke opp at det hadde vore eit godt forhold mellom Vincens Lunge og Kontoret. Det eg tykkjer er merkelig her er at Koren Wiberg tek opp denne avtalen om fred i byen mellom hanseatane og Jørgen Hanssøn, som eit døme på det gode forholdet mellom dei, når hanseatane året etter overfaller dei skotske borgarane, og handelsfolk frå andre land, noko som syner at denne verdien av denne avtalen er lik null. Samstundes går dei og til åtak på Bergenhus, verkar det som om denne avtalen ikkje hadde noko særlig relevans.

⁵⁰ Espeland 1921, s. 9.

⁵¹ Wiberg 1932, S. 121.

⁵² Wiberg 1932, S. 120.

Schreiner såg og nærare på denne hendinga i boka "Hanseatene og Noregs nedgang", frå 1935. Kong Fredrik hadde send Vincens Lunge til Bergen for å sikre seg makta i byen, men då han kom til byen hadde han ingen militære styrkar med seg, og byens borgarar slutta seg ikkje til han.⁵³ Lunge var difor avhengig av assistanse frå kontoret, noko han og fekk då dei blei samde om å omlegra kongsgarden, som berre hadde femti mann til å forsvare seg med. Riksrådet sørge for at Vincens Lunge fekk tatt over slottet utan at det kom til kamp i byen, og hanseatane byrja samstundes å byggje forsvarsverk nede ved Bryggen.⁵⁴

Før eg går vidare her er, vil eg ta med at Schreiner skriv at hanseatane no hadde kontroll over byen, og at dei difor nytta høvet til å ta eit oppgjær med sine konkurentar. Natt til 8. November gjekk dei til aksjon. Dei storma inn på Rådstuen og øydela byprivilegia. Grunnen til dette skal ha vore at dei ville fjerne rettsgrunnlaget til borgarane si næringsverksemd.⁵⁵ Samstundes braut dei seg inn i private hus og tok bebuarane til fange, det var særleg skotskfødde borgarar dei tok, men og nokre norskfødde borgarar, samt nokre tyskarar utan at me får innsikt i kva stilling dei tyske hadde i byen. Ein handelsmann frå Amsterdam vart og teken og fråteken om lag 4000 gylden. Åtaket var retta mot utanlandskfødde borgarar i Bergen, og ut i frå dei tap dei skulle ha hatt må dei ha vore ganske rike. Etter å ha blitt fanga skulle dei tvingast til å forlate byen førstkommande vår.⁵⁶

Schreiner verkar å vere klar når det gjeld årsaka til at dei no gjekk til aksjon. Denne aksjonen var eit teikn på svakheit frå kontoret som følte at stillingen deira i byen var truga. Samstundes hadde det komme til mange framande handelsfolk som no hadde etablert seg med fast opphald i byen. Det vart og hevda at då ingen av dei angripne hadde blitt fødde i Noreg, kunne dei heller ikkje ha vore representerte i byen i mange tiår.⁵⁷ Det verkar tydeleg at desse må ha vore aktive i handelen i Bergen, då hanseatane no gjekk til slike drastiske metodar for å kvitte seg med dei. Hanseatane freista etter dette å utvide sine privileg i forhold til borgarane i byen, då dei hadde gjeve stønad til

⁵³ Schreiner 1935, s. 168.

⁵⁴ Schreiner 1935, s. 168-169.

⁵⁵ Schreiner 1935, s. 169.

⁵⁶ Schreiner 1935, s. 169.

⁵⁷ Schreiner 1935, s. 169-170.

Vincens Lunge til å sikra byen for Kong Fredrik. Dei fekk likevel ikkje gjennomslag for utvida rettar, og kongen gav dei ikkje medhald i eit einaste av punkta dei ville ha stadfesta.⁵⁸

Schreiner synest å meine at denne aksjonen var det berre hanseatane sjølve som hadde nytte av, og han nemner ikkje at Vincens Lunge hadde tatt del eller godkjend aksjonen. Sidan hanseatane hadde hjelpt Lunge med å ta over makta i byen, då han ikkje hadde militær støtte sjølv, og ikkje minst at Kong Fredrik heller ikkje hadde støtte hjå nokon i byen, hadde dei nok venta ein takknemlig konge ettersom dei gjorde slik som han ville og sikra at Lunge fekk kontroll i byen. Sjølv om det vart få følgjer for dei etter denne aksjonen, gav kongen dei likevel ikkje rettigheitar.

Knut Helle

Overfallet på skottane er meir utfyllande behandla i "Bergen bys historie bind 1". Denne kom ut i 1982 og er skriven av Knut Helle. Boka er ein del av ein serie som tek føre seg Bergen bys historie, og omhandlar også hansaen si utvikling i byen. Helle byrjar med kort å beskrive korleis dei skotske handelsfolka fekk innpass i Bergen. Dette hang saman med pantsettinga av dei norske vesthavsøyene, nemleg Orkenøyene og Shetland, etter avtale mellom den dansk-norske og skotske kongen. Denne avtalen sikra at det kunne drivast ferdsel og handel mellom norske og skotske byar. Me får og greie på at kong Christian i 1509 gav førsterett til bergensborgarar til å drive handel med engelskmenn og skottar.⁵⁹

Når det gjeld sjølve overfallet i 1523 har Helle få opplysningar ikring dette, men kjem likevel med enkelte opplysningar som utfyller det biletet dei andre forskarane har gjeve. For det første skriv Helle at dei fleste som dreiv handel mellom dei britiske øyane og Noreg for det meste var skottar, og at det var få engelskmenn som dreiv handel til Bergen. Han legg og til at det i eit utkast til privileg frå Kong Fredrik i 1524. er sett opp store fridommar til handelsdrift for skottar og hollendarar i Bergen.⁶⁰ Det kjem og opplysningar om dei fastbuande skottane i Bergen, som for det meste var handverkarar og kramhandlarar, og at dette var dei vanlegaste næringane for dei

⁵⁸ Schreiner 1935, s. 170-171.

⁵⁹ Helle 1982, s. 804.

⁶⁰ Helle 1982, s. 804.

fleste av skottane i byen. To av dei som vart råka under overfallet i 1523 var skotskfødde rådmenn. Helle skriv også at ein hollandsk kjøpmann vart råka under overfallet på skottane.⁶¹

Helle hevdar at sjølve overfallet oppstod under ein situasjon, som må sjåast på bakgrunn av dei spesielle forholda som rådde då to kongar kjempa om makta. Her skriv Helle i likskap, med Nielsen og Taranger, at Vincens Lunge hadde fått i oppdrag å ta kontroll over Bergen for Kong Fredrik, og at kongen var alliert med hansaforbundet. Etter ein avtale med Lunge skulle hanseatane ved Bryggen komma han til hjelp dersom han gav dei signal om dette. Hanseatane ved Kontoret og dei tyske handverkarane nytta dette høvet til åtak på konkurrerande handverkarar og handelsfolk i byen. Dei braut seg inn hos sine rivalar, banka dei opp, plyndra dei og sette dei i jern og førde dei til Kontoret, der dei fanga skottane måtte love å ikkje gå til rettslige skritt på grunn av overfallet, og at dei deretter skulle forlate landet⁶². Også Helle legg vekt på at hanseatane i Bergen hevda at dei gjorde dette i forståing med Vincens Lunge, noko Helle meiner er lite sannsynleg. Helle verkar å vera forholdsvis nøytral i si framstilling av dei ulike partane i konflikten, og avsluttar kort med å hevde at denne episoden ikkje representerer hanseatane si generelle haldning til samfunnet i Bergen, og at det er den spesielle situasjonen der det er krig mellom to ulike kongar som gjer konflikten mogleg.⁶³

Lars Hamre

Også Lars Hamre si bok ”Norsk politisk historie 1513-1537” tek opp overfallet på skottane. Som tittelen til boka syner omhandlar denne boka dansk-norsk politisk historie i den oppgjevne perioden. Den inneheld og den mest utfyllande beskrivinga av overfallet på skottane i 1523. Opplysningane me får er stort sett like med dei me finn i dei andre verka om denne hendinga, men har eit par utfyllande opplysningar. Slik som Helle nemner og Hamre at det var ein stor del skottar som hadde busett seg i Bergen, og at desse og hadde ein del viktige stillingar i byens leiing, som til dømes rådmenn.⁶⁴

⁶¹ Helle 1982, s. 802.

⁶² Helle 1982, s. 768.

⁶³ Helle 1982, s. 768.

⁶⁴ Hamre 1998, s. 245.

Jørgen Hansen som hadde sitte med makta i byen som Christian 2. sin høvdesmann, hadde fått i stand ein avtale mellom hanseatane og Bergen om at det skulle vera fred i byen sjølv om det kom til krig mellom hansaforbundet og kongen. Vincens Lunge skal ha hatt samtalar med hanseatane då han kom til Bergen som kong Fredrik sin utsending, og hanseatane lova å hjelpa han dersom det vart naudsynt. Hanseatane gjekk no til åtak på skotske handelsfolk i byen, og plyndra og tok dei til fange. Også her kjem det fram at mange som freista å søkje tilflukt i byens kyrkjer, vart tekne til fange, og at dei utanlandske handelsfolka måtte lova å forlate byen.⁶⁵ Vincens Lunge vart som hevda hjå andre og, skulda av tyskarane å ha gjeve dei lov til å fara fram slik som dei hadde gjort, men dette vart ikkje bekrefta av Lunge, og Hamre legg til at det er lite truleg at han hadde gitt dei lov til å angripe sine rivalar i Bergen.⁶⁶

Sjølv om dei angripne skottane freista å få erstatta tapa dei lei under dette overfallet, kom det ingenting ut av dette men saka kom opp fleire gonger i åra som følgde. Hamre hevdar at det gode forholdet mellom hanseatane i Bergen og Lunge eksisterte fordi dei var avhengig av hjelp frå kvarandre for å tryggje makta i byen⁶⁷. Me ser og at alliansen mellom hansaen i Bergen og Vincens Lunge fører til ei overtaking av Kongsgarden, der Hans Knudssøn med 50 mann til slutt gjekk med på å kapitulere etter å ha forhandla seg fram til amnesti for sine handlingar. Hamre har heller ikkje noko klart synspunkt på dei ulike partane i konflikten, men dreg fram at det er ein situasjon der både hanseatane og Vincens Lunge var avhengige av kvarandre, sjølv om hanseatane såg det som ein moglegheit til å fjerne rivalar frå byen, og Hamre skriv at det er lite truleg at Lunge hadde gått med på dette, sidan han skulle styre byen etter at han fekk makta.

Vurdering av historikaranes skildring av overfallet på skottane

Taranger og Nielsen skriv begge at det frå kontoret si side eksisterte ein avtale mellom dei og Lunge som gav dei rett til å aksjonere mot skottane, men presiserar begge at denne avtalen ikkje vart bekrefta av Lunge. Samstundes er det og lite nokon kunne gjere for å hindre hanseatane i å gjere som dei ville, då garnisonen på ikkje ein gong kunne forsvare kongsgarden før Lunge fekk ta over makta, og det var nok og lite Kong Fredrik kunne gjere med dei då krigen mellom han og Kong Christian rasa med full styrke. Det einaste me høyrer frå Lunge si side er att han ikkje hadde gått med på ein slik avtale.

⁶⁵ Hamre 1998, s. 246.

⁶⁶ Hamre 1998, s. 246.

⁶⁷ Hamre 1998, s. 247.

Dei som vart angripne av hanseatane verkar å vere frå mange nasjonar, og utanom skotskfødde borgarar, vart og handelsfolk frå Amsterdam, engelske og nokre tyske handelsfolk vart og råka. Dette føyer seg og saman med den aukande konkurransen som Schreiner legg vekt på, og då denne situasjonen samstundes gav hanseatane kontroll over byen, då dei saman med Lunge fekk avsett kong Christian sin mann på slottet, og Lunge som sagt ikkje hadde eigne troppar med seg. Konkurrerande handelsfolk hadde ifølgje Schreiner etablert seg dei førre tiåra, då ingen av dei hadde vorte fødte i Noreg. Då Hanseatane gjekk til åtak på dei meiner Schreiner at dette er eit teikn på ei svekking av hanseatane, då dei ikkje kunne komme desse til livs med konkurranse. Av dei historikarane som ikkje har tatt opp så mykje om denne hendinga så er det frå Koren Wiberg si side ikkje skrive stort meir om det enn at det i desse tider stort sett var gode forhold mellom hanseatane og leiinga i byen.

Eg meiner at nettopp denne hendinga syner at det ikkje er tale om gode forhold mellom partane. For det første har fleire av dei andre historikarane synt at hanseatane gjekk til aksjon utan formell godkjenning og stønad, sjølv om det etter dette vart hevda at Lunge hadde godkjend dette, er dette berre påstandar, og ingen av dei har hevda direkte at Kongen, Lunge eller noko andre i byen gav dei lov til dette. Kongen kom i ein vanskeleg situasjon, han var alliert med hanseatane, og dei hadde tross alt støtta Vincens Lunge i å overta makta for kong Fredrik i Bergen. Då hanseatane ville ha kongen til å godkjenne ytterligare rettigheitar til handelen i Noreg, fekk dei ikkje det, og heller ikkje innskrenka moglegheitene for andre til å driva handel i Bergen.

Kapittel 4

Historikaranes framstilling av overfallet på Olav Nilsson

Den neste hendinga i Bergen som skal takast opp i denne samanhengen er overfallet mot Olav Nilsson som var befalingsmann på kongsgarden i Bergen. Denne hendinga skjedde i 1455, og kom etter at det hadde vore ein konflikt mellom desse partane i fleire år. Dette emnet er omhandla i fleire verk, eg vil no ta føre meg desse kronologisk, der eg syner korleis denne hendinga vart beskrive av dei ulike forskarane.

Yngvar Nielsen

Yngvar Nielsen er den første av desse forskarane som har teke opp litt om denne episoden, i verket sitt "Bergen frå de eldste tider fram til nutiden" frå 1877. Olav Nilson som var befalingsmann på kongsgarden hadde i tida før dette vorte ein motstandar mot den makta og maktbruken hanseatane hadde nytta seg av i Bergen, Nielsen skriv og at det frå Kontoret i Bergen vart skrive til Lubeck at det var lite truleg at ein ville finne hanseatane i Bergen i live, noko som tyder på at det må ha vore ein spent situasjon mellom desse og styresmaktene i Bergen⁶⁸. I 1447 hadde dei hanseatiske handelsfolka og fanga to av Nilsson sine menn i eit kloster i byen. Då Nilsson ville stilla hanseatane til ansvar for denne handlinga, fekk han dei ikkje til å ta i mot den dommen som hadde vorte utarbeidd mot dei frå styresmaktene i Bergen.⁶⁹ Då det i tida etter denne episoden vart laga ein klage til kong Kristoffer, gav kongen Nilsson medhald i sine handlingar, noko som førde til framhald i den spente situasjonen i Bergen⁷⁰. Nielsen legg til at Nilsson og hans menn gjekk langt i å skade den tyske handelsverksemda i byen, og påla dei ein del ekstraskattar. Desse handlingane syner at Nilsson ikkje heldt seg til lova⁷¹. At dei kunne gå fram mot hanseatane på denne måten er ifølgje Nielsen fordi Kong Kristoffer sjølv var ein motstandar av hansaforbundet. Men Nilsson mista støtta frå kongen då Kong Christian overtok krona.

⁶⁸ Nielsen 1877, s. 257.

⁶⁹ Nielsen 1877, s. 257.

⁷⁰ Nielsen 1877, s. 258.

⁷¹ Nielsen 1877, s. 258.

Då kong Christian 1. sjølv kom til Bergen i 1453, vart det tinga mellom partane, og det var eit godt forhold mellom hanseatane og kongen, sidan han freista å få støtte hos hanseatane i konflikten med Sverige. Resultatet av tingingane var at kongen fråtok Nilsson stillinga som befalingsmann på kongsgarden, og sette inn ein ny. Men konflikten mellom hanseatane og Nilsson var ikkje over av den grunn, då han i tida etter skal ha gått til åtak på hanseatiske skip som var på veg til Bergen⁷². Etter at Nilsson reiste frå Bergen, hadde han komme seg til festninga Elvsborg. Der truga han kongen med å gje festninga til svenskane, og han klarte å få kongen med på å gje han tilbake sitt gods og stillinga i Bergen.⁷³ Då han på ny kom til Bergen, fekk han ikkje kontrollen over kongsgarden med det same, fordi den nye befalingsmannen ikkje ville gje makta til ein upopulær mann som Nilsson. Kong Christian hadde før dette gitt ei stadfesting av hanseatane sine rettar, der det og vart forbod mot kaprarverksemd, slik verksemd hadde Olav Nilsson drive mot hanseatiske handelsfolk, sjølv om han også hadde vore med å skrive under på stadfestinga.

Då Nilsson no var i Bergen der han venta på at stadfestinga skulle lesast opp, møtte dei tyske handelsfolka med våpen og i rustning. Dei hadde vorte samde om å ta livet av Olav Nilsson. Då hanseatane no tok eit av skipa til Olav Nilsson på Vågen, og deretter kom i samla flokk med våpen i hand, flykta Nilsson, bror hans og sønene deira inn i Munkeliv kloster.⁷⁴ Biskop Torleif og to av kannikane hans var og saman med desse inn i klosteret. Biskopen hadde vorten ein nær ven av Nilsson, og ville halde seg hos han, sjølv om han hadde fått tilbod av tyskarane å fare heim. Dei berre ville ha tak i Olav Nilsson.⁷⁵ Hanseatane tok seg deretter inn i klosteret og drap biskopen, dei to kannikane hans, Peder Nilsson, og fleire. Olav Nilsson hadde sperra seg inne i tårnet i klosteret, men vart tvinga ut då tårnet vart sett i brann. Nilsson bad deretter om tre timar til å gjere klart sitt testamente og skrifte, noko han fekk før dei tok livet av han.⁷⁶ Det vart totalt tatt livet av førti personar under denne hendinga, klosteret brann ned, og fleire nonner skal og ha mista livet og nokre valdtekne.

⁷² Nielsen 1877, s. 260.

⁷³ Nielsen 1877, s. 259.

⁷⁴ Nielsen 1877, s. 260-261.

⁷⁵ Nielsen 1877, s. 261.

⁷⁶ Nielsen 1877, s. 261.

Nielsen skriv at denne konflikten måtte i stor grad skyldast Olav Nilsson si harde og til tider ulovlege framferd mot hanseatane. Etter at han ikkje hadde eit godt forhold til kongen lenger, noko hansaen og var klar over, synest Nielsen det er rart at han i det heile våga seg tilbake til Bergen.⁷⁷ Etter denne hendinga kom det ingen reaksjon mot valdsmennene frå den dansk-norske kongen, noko som og gjorde at riksrådet i Noreg heller ikkje kunne gjere noko med saka.⁷⁸ Enka til Nilsson derimot hadde ikkje gløymd dette, men hadde lite å stilla opp imot hansaen.

Absalon Taranger

I Absalon Taranger legg vekt på at Christian 1. som fekk makta i Danmark Noreg i tida før angrepet på Olav Nilsson, ikkje hadde ein like uforsonleg innstilling til hanseatane. Kong Christian gav dei tyske handverkarane i Bergen eit særskild privileg, som legg dei under norsk lov, noko som gjev dei ein handelsfordel, som gjekk ut over handelen til dei tyske handelsfolka i Bergen.⁷⁹ Då kongen opphaldt seg i Bergen i 1453, avsette han Olav Nilsson, svensken Magnus Gren fekk stillinga hans i staden. Olav vart skulda for å ha tatt ulovlege skattar og stole gods av dei tyske handelsfolka. Taranger legg til at det ikkje er peika på kva direkte som førte til at Nilsson vart avsett, men legg til at det frå hanseatisk side vart nemnd at han hadde oppført seg ulydig mot kongen.⁸⁰ Då det seinare vart krig mellom Sverige og Danmark-Noreg, hadde Olav Nilsson kontrollen over festninga i Elfsborg, og han truga å gje denne til svenske kongen dersom han ikkje fekk attende stillinga si i Bergen.⁸¹ Kong Christian gjekk med på dette då festninga var av stor verdi i denne krigssituasjonen, og Olav Nilsson sette kursen tilbake mot Bergen. Kongen verkar å ha tatt ein del grep for å motarbeide Nilsson då han innførte dødsstraff for kapring, og gav dei tyske handelsfolka moglegheit til å sjølv gripe inn mot forbrytarar. Taranger legg og til at Kong Christian sendte ein tidlegare oldermann til Bergen for å kunngjere freden, men og at denne ifølgje ei tysk kjelde skulle ha ein hemmeleg instruks til Magnus Gren om å ikkje gje frå seg kongsgarden med det same Nilsson kom til Bergen, og at han skulle få bistand frå tyskarane.⁸²

⁷⁷ Nielsen 1877, s. 261-262.

⁷⁸ Nielsen 1877, s. 262.

⁷⁹ Taranger 1917, s. 116-117.

⁸⁰ Taranger 1917, s. 119-120.

⁸¹ Taranger 1917, s. 122.

⁸² Taranger 1917, s. 123.

Då Nilsson, Peder bror hans og biskop Torleiv kom til Bergen, møtte dei tyske handelsfolka sine representantar og dei vart samde om eit møte 1 september. Dagen etter samla dei tyske handelsfolka seg med harnisk og våpen i hand. Dei tok Olav sine skip og førde dei og lasta bort til kjøpmannsstuen, deretter jaga dei etter Nilsson og hans følgje. Då Olav Nilsson, bror hans Peder, biskop Torleiv og fleire no søkte tilflukt i Munkeliv kloster, der dei håpte på at dei ikkje ville våge seg inn. Men dei tyske handelsfolka, som var under kommando av Magnus Gren sin son, gjekk likevel til åtak og drap alle i klosteret, men Olav sjølv hadde sperra seg inne i eit tårn.⁸³ Han måtte rømme ut då dei tende på klosteret, og etter å ha fått tre timar på seg til å gjere klart testamente og skrifte, vart han drepen. Etter dette tok tyskarane over alt godset Nilsson hadde eigd i Bergen, og i dei følgjande dagane tok dei seg og til Stavanger og andre stader der dei inndrog gods og verdjar som Nilsson hadde eigd.⁸⁴

Slik som denne hendinga vert framstilt av Taranger verkar det som om det er ein felles interesse hos kongen og hansaen i å ta Olav Nilsson av dage. Det er og påfallande å sjå kor lite som vart gjort frå kongen si side for å straffe dei som hadde tatt del i denne hendinga,⁸⁵ noko som og kan tyde på at dette var noko kongen enten var tent med sjølv, eller at han hadde godkjend denne hendinga, sjølv om det ikkje finst direkte bevis for dette. Taranger legg til slutt vekt på at det er det norske riksrådet som hadde tapt i kampen mot å minske handelsverksemda til hansaen, men at denne kom til å verta tatt opp att då kong Hans kom til makta.⁸⁶

Johan Schreiner

Johan Schreiner har sett nærare på hendinga omkring drapet på Olav Nilsson i eit eige kapittel i boka "Hanseatene og Noregs nedgang". Olav Nilsson og hanseatane vart ueinige allereie i 1442, då Nilsson freista å leggja dei hanseatiske handverkarane inn blant borgarane i Bergen, men kontoret meinte at desse låg under dette. Ein annan konflikt om kontroll av prisane til dei tyske skomakarane, førde til eit forbod mot dei til å driva si næring.⁸⁷ Kong Christoffer freista og å få hanseatane i Bergen til å stilla mannskap til krigsteneste, noko dei ikkje meinte dei var forplikta til.

⁸³ Taranger 1917, s. 124.

⁸⁴ Taranger 1917, s. 124-125.

⁸⁵ Taranger 1917, s. 125.

⁸⁶ Taranger 1917, s. 125-126.

⁸⁷ Schreiner 1935, s. 130.

Det kom seinare til eit forlik i denne saka, der handverkarane i Bergen skulle betala kongen ein større sum, denne vart betalt av kontoret i byen.⁸⁸

I 1444 gav kong Christoffer fleire medlemmar av det norske riksrådet i oppgåve å laga eit forslag til ei ordning mellom hanseatane i Bergen og byens borgarar, der målet var å følgje opp Nilsson sin politikk om å ta i frå hanseatane dei rettane dei ikkje hadde heimel til. Denne kommisjonen fekk til slutt utarbeidd eit forslag som vart godkjend av kong Christoffer same året, dette vart ikkje gjeve til hanseatane men desse fekk likevel kunnskap til innhaldet.⁸⁹ Hansaen kom med fleire klager mot Olav Nilsson, då dei året etter ville ha ei stadfesting av fribreva dei hadde fått. Dei ville samstundes få kongen til å sende eit brev dei hadde laga til norske ombodsmenn, der dei hevda dei tidlegare rettane til hansaen sine handelsfolk. Kong Christoffer sende i staden eit anna brev som bekrefta tidlegare privileg og rettigheitar for hansaen og Noregs borgarar.⁹⁰ Schreiner legg til at dette hadde som hensikt å gje til begge partar det den andre fekk (hanseatiske handelsfolk og norske borgarar), og at denne ville tene Olav Nilsson, og gav han fridom til å fortsette kampen mot rettane deira. Nilsson la fram dette i 1446 for riksrådet, der hanseatane svara at det ville svekka deira rettar. Seinare forhandlingar førde ikkje fram til noko, og det kom seinare til konflikt mellom hanseatane og Nilsson. Nilsson ville dømme nokre av hanseatane som ikkje ville gå med på rettarbota frå 1444, men hanseatane meinte han hadde samla eit uvanleg stort oppbod av væpna knektar, og at han freista å få byens innbyggjarar til å reisa seg opp mot hanseatane. Olav Nilsson på si side hevda utlendingane gjorde seg klare til kamp, og at dei ville slå han i hel.⁹¹ Handelsfolka fekk ikkje føra varene sine ut av landet, og dei hanseatiske handverkarane måtte leggja ned arbeidet, samt at dei måtte betala leidangsskatten. Samstundes sende dei brev heim om at det måtte sendast skip og mannskap til forsterking i Bergen, då dei ville verta drepne dersom Nilsson vart den sterkaste parten i byen.⁹²

I 1447 kom partane saman i København, der fem mann frå kvar side sette seg ned for å drøfte konflikten i Bergen. Resultatet av dette møtet var at partane kom til slutt vart einige, men kravet

⁸⁸ Schreiner 1935, s. 130-131.

⁸⁹ Schreiner 1935, s. 133.

⁹⁰ Schreiner 1935, s. 134.

⁹¹ Schreiner 1935, s. 136.

⁹² Schreiner 1935, s. 136.

om leidangspåkt for hanseatane vart det ikkje noko av , og dei fordringane det norske riksrådet hadde komme med tidlegare vart no oppheva av kongen.⁹³

Kong Christoffer døyde i 1448 og vart erstatta av kong Christian 1.. Då det no vart kamp om herredømet i Noreg mellom kong Christian 1. og Karl Knutsson, val hanseatane og støtte opp om kong Christian. Den nye kongen ville ikkje stadfeste hansaen sine privileg i Noreg i 1450, fordi han ikkje var krona der endå. Den omstridde forordninga frå 1444 vart difor gyldig igjen, og igjen kom det klager på dette frå handelsfolka. Men det vart likevel ei endring frå kongen i denne saka då han sjølv var i Bergen i 1453, der han avsette Nilsson.⁹⁴

Schreiner skriv at det neppe berre er omsynet til alliansen med hanseatane som gjorde at han no ville fjerne Nilsson frå makta i Bergen, men det hadde og komme klager frå norske borgarar i byen om at Nilsson hadde kravd inn ulovlege skattar, og at dette gjorde folk mindre i stand til å betale gjelda dei skulda hanseatane i byen. Eit kongebrev frå denne perioden tyder nettopp på at dette var årsaka til at Nilsson vart avsett. Kongen lova at han seinare skulle stadfeste hanseatane sine privileg når han kom til Noreg, men konflikten med Sverige gjorde at denne turen ikkje var aktuell med det første.⁹⁵ Kongen gav i staden ein midlertidig stadfesting av det gamle privilegiebrevet frå 1350, dette ga ombodsmennene i oppgåve og assistere hansaen med innkrevjing av nordfarargjelda.

Kong Christian gav og dei tyske handelsfolka moglegheit til å sjølv gripe inn dersom nokon ville ta opp att dei konfliktane som hadde vorte avklart ved avgangen til Olav Nilsson, og kongen skulle og sjølv hjelpe dersom dette skjedde. Føresetnaden for denne avtala skal ha vore at den vart godkjend av det norske riksrådet, men det finnest ikkje dømme på at dette skjedde, men syner ein vilje hjå kongen til å gie hansaen moglegheit til og sjølv gripe inn dersom det vart naudsynt.⁹⁶ Kongen og nokre medlemmar av det norske riksrådet stadfesta privilegia i 1455, og det vart lagt til at ingen måtte tilføye den uskuldige kjøpmann noko overlast, og riksrådet gav samstundes kontoret sine folk moglegheit til å arrestere folk som dreiv røveri. Og seinare vart det lagt til at

⁹³ Schreiner 1935, s. 137.

⁹⁴ Schreiner 1935, s. 139.

⁹⁵ Schreiner 1935, s. 140.

⁹⁶ Schreiner 1935, s. 141.

den som forbraut seg på landsfreden anten det var ran eller vold, skulle straffast med døden⁹⁷. Då Olav Nilsson same året trugar med å overgje festninga Elvsborg til Sverige, dersom han ikkje fekk att stilinga si i Bergen, gav kongen etter og Olav sette segl tilbake mot Bergen. Olav angreip og plyndra samstundes fleire hansaskip på veg til byen, noko han og hadde gjort i åra etter at han hadde vorte avsett i 1453. På kontoret i Bergen gjorde dei seg klare til aksjon, og eit par dagar etter at Olav Nilsson hadde komme fram vart Olav Nilsson og biskopen av Bergen og om lag 60 andre drepne og Munkeliv kloster brann ned.⁹⁸

Schreiner har teke opp lite om sjølve oppløpet mot Olav Nilsson då han kjem tilbake i 1455, og kva som skjedde denne dagen, men desto meir er det tatt opp kva som førte til at denne konflikten oppstod, og kvifor det fekk det utfallet det gjorde. Schreiner har i særleg grad tatt opp den lange konflikten mellom Olav Nilsson og Kontoret i Bergen, og syner at det er både eit vekslende og turbulent forhold mellom ombodsmannen i Bergen, Kontoret og samstundes den dansk-norske kongemakta.

Oscar Albert Johnsen

Oscar Albert Johnsen tek opp overfallet på Olav Nilsson i boka si som er frå 1924. Og føyer seg greitt til det dei andre forskarane har tatt opp om dette. Johnsen byrjar med å skrive at Kong Christian 1. gjorde ein uboteleg skade på politikken til hanseatane då han i 1450 var i Bergen og tok parti med riksrådet. Hanseatane fekk ikkje stadfesta privilega sine, og dei hanseatiske skomakarane kunne driva handel, men dei vart pliktige til å stilla i leidangen.⁹⁹ Johnsen skriv at dette var eit nederlag for Kontoret i byen, og at Olav Nilsson som var lensherre i Bergenhus, oppførde seg uvennleg mot hanseatane i Bergen.

Kong Christian sin handelspolitikk var fram til 1454-55 ikkje uvennleg mot hanseatane men nølende og avventande.¹⁰⁰ Då kongen kom til Bergen igjen i 1453 avsett han Olav Nilsson, og den svenske riddaren Magnus Gren vart sett inn i staden. Grunnen til dette skriv Johnsen, er at Olav Nilsson på dette tidspunktet var føraren for den antihanseatiske bevegelsen i Noreg, og at

⁹⁷ Schreiner 1935, s. 141-142.

⁹⁸ Schreiner 1935, s. 142-143.

⁹⁹ Johnsen 1924, s. 173.

¹⁰⁰ Johnsen 1924, s. 174.

han hadde kapra hanseatiske skip, samt pålagd norske borgarar og hanseatiske handelsfolk nye ulovlege skattar.¹⁰¹

Johnsen skriv og at ei forordning frå 1453, som forbyr røveri til lands og på sjøen, samt ulovleg skattar, nærast vart framkalla av Olav Nilsson, då han i si tid som lensherre hadde gjort seg skuldig i begge desse handlingane som kongen no ville hindre.¹⁰² Dette markerar brotet med den gamle hansapolitikken skriv Johnsen, men at denne vert tydlegare seinare. Grunnen til dette skal ha vore at fredsavtalen med Sverige gjekk ut i 1455, og at Kong Christian ville gå til krig når denne var over, og då ville han ha støtte frå hanseatane, eller at dei ikkje tok del i konflikten.¹⁰³ Kongen byrja difor med å gje hanseatane stadfesting på sine gamle handelsprivileg i Bergen, Oslo og Tønsberg.¹⁰⁴ For Bergen var det ikkje berre ei stadfesting av eldre privileg, men og ei stadfesting av forliket mellom Olav Nilsson og hansaen, der hanseatane hadde fått moglegheit til å forsvare seg sjølv dersom dei vart utsette for liknande overgrep frå embetsmenn, og sist i dette brevet vart det lova at norske embetsmenn og skulle hjelpe hanseatane med å drive inn gjeld. Johnsen meiner at kongen hadde vore alt for ettergjevande i sine lovnader til hansaen, for å hindre at dei støtta Sverige.¹⁰⁵

Etter å ha gjeve hanseatane sine gamle privileg tilbake, reiste kongen til Elfsborg festning, der Olav Nilsson hadde klart å få kontrollen frå den svenske befalingsmannen ved hjelp av list. Kongen gav Nilsson tilbake sin gamle stilling i Bergen, av frykt for at Nilsson skulle gje frå seg kontrollen over Elfsborg til Sverige. Før Olav Nilsson ga frå seg festninga plyndra han denne, mot kongens ønske, og segla tilbake mot Bergen.¹⁰⁶ Johnsen legg til at det nok var med uvilje kong Christian gav frå seg makta i Bergen til Nilsson, som og etter han vart avsett i Bergen hadde røva hanseatiske skip. Då kongen no ville ha fred med hanseatane, vart dette nok vanskeleg med Nilsson på veg til Bergen igjen. Kongen tok affære og skreiv sjølv til dei tyske handelsfolka i Bergen, der han skreiv at ein som braut freden med rov og vold, skulle hanseatane sjølve reise seg mot denne. Johnsen skriv og at det hadde komme eit brev til Magnus Gren om å behalde

¹⁰¹ Johnsen 1924, s. 174.

¹⁰² Johnsen 1924, s. 175.

¹⁰³ Johnsen 1924, s. 175.

¹⁰⁴ Johnsen 1924, s. 175-176.

¹⁰⁵ Johnsen 1924, s. 176-177.

¹⁰⁶ Johnsen 1924, s. 177.

kongsgarden fram til det kom ny ordre, og at dei tyske kjøpmennene skulle yte han bistand i dette.¹⁰⁷

Kongen hadde sjølv lagt alt klart for aksjon mot Olav Nilsson slik som Johnsen ser der, og kongen måtte difor ta sin del av skulda for det som no skjedde. Som tidlegare nemnt hadde Olav plyndra hanseatiske skip på veg til Bergen, og det er hanseatiske sjøfolk og handelsmenn som først la planar om å ta livet av Nilsson. Då Nilsson hadde komme til byen hadde han møte med hansaen i Bergen, men då dei kom etter han med harnisk og våpen i hand, flykta han inn i Munkeliv kloster saman med biskopen, Torlav, fleire prestar og bror til Olav Nilsson.¹⁰⁸ Olav Nilsson som hadde sperra seg inne i eit av tårna i klosteret, vart og til slutt fanga, og drepen. Magnus Gren som hadde makta i byen ser me ingenting til, men son hans hadde ifølgje ei tysk kjelde teke del saman med sine folk, der han hadde oppfordra dei til å gå til aksjon, og Johnsen legg til at ei anna tysk kjelde hevdar at sonen til Magnus Gren styrte i faren sitt fråver.¹⁰⁹ Følgjene av dette var frå kongen si side, nærast ingenting, men det hadde likevel vorte utført brot mot kyrkja, då ein biskop og fleire prestar hadde vortne drepne, samt at Munkelivkloster brann ned. I 1469 fråfell kyrkja alle krav om erstatning frå krona, og dei skuldige vart ikkje straffa, men paven fekk dei hanseatiske handelsfolka til å byggje opp at klosteret.¹¹⁰

Lars Hamre

Lars Hamre omhandlar denne episoden i boka ”Norsk historie frå om lag år 1400”. Denne boka er frå 1968, og omhandlar norsk historie på 1400 talet. Olav Nilsson hadde i tidlegare konflikhtar sigra to gonger mot svenske styrker i Trøndelag.¹¹¹ Då Kong Christian var i Bergen i 1453, avsette han likevel Nilsson til fordel for den svenske Magnus Gren. Det hadde komme fram at Nilsson og bror hans hadde innkravd ulovlege skattar til hanseatane, som kongen no oppheva. Sjølv om Nilsson og hanseatane vart einige seg imellom, avsette likevel kongen Nilsson. Hamre legg her til at tilhøvet mellom kongen og Nilsson ikkje var bra, og at hanseatane var ein viktig alliert for kongen då ein ny krig mot Sverige var nær. Han skriv at kongen sjølv må ha hatt grunnar til å

¹⁰⁷ Johnsen 1924, s. 179.

¹⁰⁸ Johnsen 1924, s. 180-181.

¹⁰⁹ Johnsen 1924, s. 181.

¹¹⁰ Johnsen 1924, s. 181-182.

¹¹¹ Hamre 1968, s. 139.

avsette Nilsson, då han avsette han, sjølv om hansaen og Nilsson inngjekk eit forlik.¹¹² Nilsson gav seg ikkje med dette og førde ein sjøkrig mot hansaen, der kona hans førde eit av skipa.

Olav Nilsson fekk i år 1455 kontroll over festninga Elfsborg med list, denne festninga var strategisk viktig, og då det kunne sjå ut som ein krig mot Sverige nærma seg, var denne festninga viktig. Nilsson gav kongen tilbod om få festninga i bytte mot hans gamle stilling som lensherre i Bergen.¹¹³ Hamre skil seg frå dei andre framstillingane om dette byttet, då han ikkje legg til noko om at Nilsson truga med å gje frå seg denne festninga til den svenske kongen, men at kong Christian måtte gå med på dette byttet. Det vert heller ikkje tatt opp om kva som var alternativet dersom kongen ikkje ville la Nilsson få kontroll over Bergen igjen.

Nilsson segla tilbake til Bergen etter å ha deltatt på eit riksrådsmøte, og han skal ha plyndra hanseatiske skip på veg til Bergen. I Bergen skal hanseatane ha vore sinte då dei høyrde at Nilsson var på veg attende til byen, og då dei skulle møtast på tinget på Jonsvollane 1. september, kom hanseatane med våpen og harnisk. Dei gjekk til åtak mot skipa til Nilsson i Vågen, Nilsson, bror hans og biskopen Torlav Olavsson røynde saman inn i Munkeliv kloster. Saman med desse var og to korsbrør, men hanseatane ville ikkje la desse mennene vera i fred sjølv om dei no var på kyrkja sitt område.¹¹⁴ Son til Magnus Gren, Iver Gren hadde leiinga over hanseatane, og dei tok seg no inn i klosteret der dei tok livet av alle der inne, utanom Olav Nilsson sjølv, som sperra seg inne i eit tårn i klosteret. Om lag 60 menneske vart drepne og klosteret brann heilt ned, Olav Nilsson fekk tre timar til å skrifa og vart deretter drepne.

Hamre skriv at desse handlingane var ei av dei grovaste brota på lova i norsk historie, det vart gjort brot på verdsleg og kyrkjeleg lov, og desse forskjellige brota ville kvar for seg føre til dei hardaste straffer.¹¹⁵ Kongen gjorde lite for å straffa dei skuldige, og han hadde tatt frå dei som braut landfreden retten til kyrkjeleg asyl. Kongen hadde og gjeve hansaen moglegheit til å straffe fredsbyrtarar, noko Nilsson var etter åtaka på hansaen sine handelsskip. Då kongen i desse tider

¹¹² Hamre 1968, s. 139.

¹¹³ Hamre 1968, s. 139.

¹¹⁴ Hamre 1968, s. 139-140.

¹¹⁵ Hamre 1968, s. 140.

vart avhengig av støtte frå hansaen, og da kongen i 1469 og ettergav dei bøtene han hadde krav på frå hanseatane, vart det ikkje meir tale om straffer frå staten si side.

Enka til Olav Nilsson haldt fram sin sjøkrig mot hanseatane, mot at kongen fekk del i byttet ho tok.¹¹⁶ Kyrkja derimot fekk hanseatane til å betale oppbygginga av Munkeliv kloster, samt at det vart sett harde kyrkjestraffer for dei som hadde deltatt i drapa på geistlige. Hamre er nok den som har vore mest nøytral i si framstilling av partane i denne konflikten. Hamre har vegra seg for å dra inn kongen i konflikten, og Hamre skriv ikkje at Nilsson truga med å gje Elfsborg til Sverige, eller at kongen hadde gjeve instruks til Magnus Gren om å ikkje gje frå seg makta til Olav Nilsson.

Knut Helle

I ”Bergen bys historie bind 1” av Knut Helle, finnest og ein del om hendinga rundt drapet på Olav Nilsson. Helle har tatt lite med om sjølve oppløpet, men peikar på kvifor dette skjedde, og kva som skjedde etter dette. Helle skriv at når tyskarane i Bergen hadde teke livet av Olav Nilsson og Biskop Torleiv, så hadde dei tatt livet av kongens øvste tenestemann i Bergen, og krenka kristen grunn. Dei brende ned Munkeliv kloster, og tok livet av geistlige, noko som og ville gje etterspel frå kyrkja si side.¹¹⁷ Helle skriv og at planen om å drepe Olav oppstod hos nokre av dei tyske sjøfolka i byen, men at det er uvisst om kontorets leiing var med på denne planen heile tida, sjølv om leiinga ved Kontoret oppfordra til å omringe Nilsson for å hindre at han stakk av.¹¹⁸ Olav hadde i åra før dette vore befalingsmann i Bergen, og førde ei hard linje mot dei tyske handelsfolka, og samla inn ulovlege skattar både frå hanseatane og frå bønder. Då Olav Nilsson under krigen med Sverige truga Kongen med å gje frå seg kontrollen over Elfsborg festning til Sverige, hadde Kong Christian gått med på å gje han tilbake stillinga si i Bergen.¹¹⁹ Då han etter dette var på veg til Bergen plyndra han hanseatiske skip, noko som berre ville gje ytterligare grunn til hanseatane i Bergen til å hindre at han igjen fekk makta i byen.

At kongen ikkje tok ut tiltale mot dei som hadde tatt livet av Nilsson, syner at forholdet mellom kongen og Nilsson neppe hadde vore det beste. Kong Christian hadde og gjeve dei moglegheit til

¹¹⁶ Hamre 1968, s. 140.

¹¹⁷ Helle 1982, s. 766.

¹¹⁸ Helle 1982, s. 766.

¹¹⁹ Helle 1982, s. 767.

sjølve å straffe dei som braut retten deira til å segle til Noreg, og drive den handelen privilegiet gav dei. Det gav i det minste Hanseatane i Bergen ein moglegheit til å ta affære med Nilsson sjølv, med grunnlag i at han hadde plyndra deira skip, men det var ikkje nemnd noko om at kongen var direkte delaktig i det som skjedde.¹²⁰

Kyrkja la fram harde straffer for dei som hadde tatt del i drapa på biskopen og andre geistlige, og hansaen i Bergen måtte stille 5000 mark til bygge opp att Munkeliv kloster. Enka til Olav Nilsson freista og å få igjen dei verdiane som tyskarane hadde tatt frå Olav, og ho og borna hennar førde i tida etter dette ein privat kaprar krig mot hansaen.¹²¹ Helle verkar ikkje å ha noko spesielt syn på dei ulike partane, men syner at det var fleire grunnar til at Olav Nilsson ikkje var ein populær mann, verken hos hansaen eller kong Christian.

Vurdering av historikaranes framstilling av overfallet på Olav Nilsson

Overfallet på Olav Nilsson sluttar med at han vart drepen av hanseatane i Bergen, men desse partane hadde tidlegare vore i konflikt. I den tida Nilsson hadde sitte med makta som lensherre i Bergenhus hadde han ført det som nokre og har karakterisert som ein antihanseatisk politikk. Om det låg ein antihanseatisk politikk til grunn for dei handlingane Olav Nilsson gjorde, verkar tydelig. Når det gjeld på kva syn dei ulike forskarane har på denne hendinga, er Johnsen klar i sitt syn på at det er den nølende politikken til kong Christoffer som gjer at hanseatane i Bergen ikkje får stadfesta sine hanselsrettar i byen. Samstundes har og fleire påpeika at Nilsson skreiv ut ulovlege skattar, og seinare plyndra hanseatiske skip.

Under Kong Christoffer hadde det og vore ein spent situasjon mellom partane der, begge sider hadde vore redde for ein væpna konflikt i Bergen, men konflikten fekk partane handsamma i eit møte. Sakene det stod om den gongen var om dei tyske handverkarane i byen skulle stilla til militær teneste for den dansk-norske kongen, og eldre rettigheitar i byen som Nilsson no ville ta frå dei. Partane hadde etter den første konflikten vorte einige, men forholdet mellom hanseatane og Nilsson vart ikkje bra likevel. Når det gjeld dei ulovlege skattane som Nilsson hadde kravd inn, ser me at både hanseatar og borgarar hadde vorte omfatta av desse. Om det difor er tale om

¹²⁰ Helle 1982, s. 767.

¹²¹ Helle 1982, s. 768.

ein direkte antihanseatisk politikk, når det vart fortalt at borgarar fekk ulovlege skattar vitnar meir om ein grisk lensherre, enn ein plan som skulle verka mot hanseatane i Bergen.

Då kong Christian 1. Tok over makta hadde han som Schreiner skriv, ikkje ein klar politikk ovanfor hansaen, men vart seinare meir aktiv då han hadde behov for deira støtte i krigen mot Sverige, og han fjernar difor Nilsson då han var i Bergen i 1453. Ei samtidig kjelde fortel og at dette var på grunn av Nilsson hadde gått i mot kongen sin vilje. Ein avslørande handling frå kongen si side er forordninga som kom ut same året som gjev moglegheit til å straffe dei som driv plyndring og krev skattar utan kongen sitt samtykke, Johnsen meiner at denne var komme nærast som eit resultat av tida Nilsson hadde vore lensherre. Den siste spikaren i kista i forholdet mellom Nilsson og kongen ser me då han trugar kongen med å gje frå seg Elfsborg festning.

Om Kong Christian hadde avtalt ein aksjon mot Nilsson i Bergen veit me ikkje sikkert, men me ser at han hadde lagt til rette for hanseatane i Bergen til å sjølv gripe inn mot han. Då Nilsson i tillegg braut landsfreden, noko som gjorde han fredlaus, då han plyndra hanseatiske skip på veg til Bergen, gjorde han seg neppe meir ønska hos dei tyske handelsfolka. Ingen av dei forskarane eg har teke opp her, hevdar at det er ein direkte avtale mellom kongen og hanseatane, om å ta Olav Nilsson av dage. Nokre av dei har likevel merka seg at Magnus Gren sin son tok del med hanseatane under aksjonen, og sjølv om rolla hans er noko uklår, tykkjer eg det er logisk at han freista å hindre at Gren familien mistar lensherre-embetet i Bergen, og difor støtta hanseatane under denne aksjonen. Kongen verkar ikkje heller å ta saken så tungt når det heile var over og Nilsson var fjerna, noko som kanskje tyddig kjem til syne ved at kongen ikkje ein gong kravd inn bøter. Kyrkja derimot fekk hanseatane til å byggje opp att klosteret, og ville ha harde straffer for dei som hadde delteke i drapa på kyrkja sine folk. Det er i det minste ein klar forskjell i reaksjonar frå kyrkja og frå kongen.

Olav Nilsson hadde vorte innsett av Kong Christoffer, der han byrja med å sjå nærare på kva privileg og plikter hanseatane i Bergen hadde. Nilsson meinte at dei hanseatiske handverkarane skulle stilla til militær teneste, og skjerp inn kva rettar hanseatane hadde i Bergen. Denne striden vart til slutt løyst med fredelige middel, men kong Christoffer avsette ikkje Nilsson, men nedsette ein kommisjon som skulle gjere greie for forholda mellom hanseatane og norske borgarar i

Bergen. Det verkar som om Nilsson i denne perioden under kong Christoffer hadde støtte hos kongen til å sette hardt mot hardt i Bergen, der resultatet vart at partane kom saman og kom til eining, og fekk klarlagd kva dei tyske handelsfolka i Bergen skulle og kunne gjere.

Som eg har kort nemnt var den tidlege perioden til kong Christian 1. Sitt forhold til hanseatane nølande, men den konflikten som nærma seg med Sverige gjorde at han ville ha hanseatane på si side, eller i det minste utanfor konflikten. Kongen ville difor prøve å få til ei betring av forholdet til hansaen, og difor måtte nok Nilsson fjernast som ein del av dette. Nilsson hadde fram til han vart avsett i 1453 kravd inn ulovlege skattar, og kongen erstatta han med Magnus Gren, samt at kong Christian og stadfesta tidlegare priveleg som hanseatane hadde fått i Noreg. Desse stadfestingane meiner til dømes Johnsen er eit døme på kor viktig det var for kongen å få støtta til hanseatane, då han meiner at dei privilegia dei no fekk var mykje betre enn det som var nødvendig. Olav Nilsson verkar å ha haldt fram den kursen han hadde under regimet til kong Christoffer, og då den nye kongen vill strekkja seg langt etter hanseatisk støtte, verkar det logisk at han måtte fjerna Nilsson. Samstundes hadde som sagt Nilsson kravd inn skatt ulovleg, og vore ulydig mot kongen. At det eksisterte slike forhold i Bergen, kan kongen neppe ha vert tent med heller.

Når det gjeld kven og kva som er skyld i denne konflikten, er forskarane uklare. For det første verkar det tydleg at Nilsson var ein lite smidig person, som ikkje gav opp. Då han nærast utpressar kongen til å gje han tilbake stillinga i Bergen i bytte med Elfsborg, og han etter å ha vorte avsett haldt fram plyndring av hanseatiske skip, motarbeidar han alt som måtte vere å hente av velvilje hos nokre av partane som no er i Bergen, og deretter reiste til byen for siste gong. Eg trur i det minste eg vil seie meg einig med Nilsen, som meiner det er eit under at denne mannen vågar seg tilbake til Bergen.

Kapittel 5:

Kjelder om Overfallet på Olav Nilsson

Eg kjem no til å gå igjennom gjeldegrunnlaget til desse hendingane, og gje ein kort forklaring på kva desse inneheld. Eg vil først ta oppkjeldene om overfallet på Olav Nilsson, og gå igjennom desse kronologisk, og deretter gjere det same med kjeldene som beskriv overfallet på skottane.

Eit eksempel på samarbeid mellom myndigheitene og hanseatane er innkrevjinga av nordfarar gjeld, eit døme finne me 100 år tidlegare der Kong Magnus krev at alle som skuldar dei tyske handelsfolka pengar må betale desse innan ein månad. Dessutan får hanseatane moglegheit til å driva handel i byen utanfor torget, noko som var ein konflikt forut for møtet i Bergen i 1453. Det syner i det minste at dei rettigheitane som Nilsson no ville innskrenke hadde vore gjeve til hanseatane tidlegare.¹²²

Den neste kjelda eg vil skrive om er frå 1447, og er skrive av hanseatane i Bergen. I dette brevet klagar dei særleg på handlingane til Olav Nilsson, og at han har nekta dei rettigheitane dei sjølv meiner at dei har. Særleg kravet om at dei tyske handverkarane skulle verta underlagd den norske kongen var noko dei ikkje ville godta, og at dei tyske hanseatane i byen alltid hadde høyrd til Kontoret, og ikkje underlagd dei norske styresmaktene. Utan å gå nærare inn på alle punkta som vart teke opp i brevet så syner det i det minste at hansaen i Bergen hadde eit anna syn på det Nilsson hadde satt seg føre i forhold til kva hanseatane hadde rett til og ikkje i bergen.¹²³ Eit anna omstridd tema som vart vedteke her er at dei hanseatiske handverkarane måtte stilla mannskap til Leidangen, og betale skatten til leidangen. Desse ville helst komma inn under dei same privilegiet som handelsfolka hadde, noko som ville gje dei fritak frå Leidangen.

¹²² DN 3 nr. 272.

¹²³ DN 16 nr. 161.

Den neste teksten eg tek føre meg er frå 1450. Dette er ei stadfesting av hanseatiske handverkarar sin rett til å driva handel. Samstundes står det at desse og må melda seg for teneste for ombodsmannen på Bergenhus, eller med andre ord at dei hadde plikt til å vera stilla folk til krigsteneste dersom dette vart naudsynt, og at dei skulle vera under ombodsmannen som andre byborgarar i lovbrott, dei skulle altså bli lagd under norsk lov, noko som dei hanseatiske handelsfolka ikkje måtte. Dei vart altså underlagd norsk lov, og måtte stilla styrkjer til leidangen slik som resten av landets innbyggjarar. Om ikkje anna så er det eit døme på den politikken Nilsson førde i Bergen, der han freista å avgrense hanseatane sine rettar i Bergen.¹²⁴

Eit brev frå 1453, I Noregs gamle lover ser me at kongen tok tak i den politikken Olav Nilsson hadde førd før kongen no avsette han. Nilsson hadde blant anna kravd inn ekstraskattar. I dette brevet frå same år står det at kongen saman med det danske og norske riksrådet hadde oppheva denne skatten, og gjer hanseatane fritak frå å betale denne, ellers er det lite som står nemnt i brevet.¹²⁵

Det neste, som er frå 1453, omhandlar meklinga mellom Olav Nilsson og hanseatane, når kongen er til stades i Bergen. Dette er ei kunngjering om forhandlingane, og det som dei vart samde om her. For det første ser me at myndigheitene no skulle hjelpa hanseatane med å krevja inn gjeld som borgarar skylda disse. Stadfesting av privilega frå 1350 var og ein del av forslaget, men dette måtte godkjennast av det norske riksrådet vart det lagd til.¹²⁶

I den neste kjelda ser me at kongen stadfestar den avtalen som hadde komme i stand mellom hanseatane og Olav Nilsson og bror hans, saman med det norske riksrådet. Her står det at kongen no stadfestar den avtalen som dei kom fram til Bergen 1453, der det kjem fram at nokre utgifter, samt at den pålegg norske embetsmenn å hjelpa hanseatane å krevja inn gjeld frå norske borgarar. Om ikkje anna så er dette til fordel for hanseatane i byen, og er eit godt døme på at

¹²⁴ DN 1 nr. 812.

¹²⁵ Ngl 2 r.2, nr.47.

¹²⁶ Ngl 2 r.2, nr.59.

kongen no skiftar kurs i sin politikk med hansaen, då han samstundes på møtet det vart referert til her, avsette Olav Nilsson til fordel for Magnus Gren.¹²⁷

Etter dette tok kongen grep for å hindra liknande ulovlege skattar og overgrep, og nokre av forskarane har og meint at Olav Nilsson var grunn til denne lova. Eit par av punkta kom Olav Nilsson seinare til å bryte, nokre hadde han brote før denne lova vart laga. Det første av desse er at det ikkje kan drivast røveri til lands eller sjøs på landets borgarar i fredstid, eller dei som dreiv handel til landet. Samstundes vart alle tidlegare rettarbøter stadfesta, og at det vart opna for ein viss bruk av makt mot alle som braut desse lovene.¹²⁸

I eit ope brev frå kong Christian vart det stadfesta fredsbrevet som eg har omtala tidlegare. Det som er av mest interesse her, er at det vart opna for at dei kunne arresterar folk som openbart braut lova, der kunne dei sjølv gripe inn og handheva denne. Til slutt kunngjer kongen at privilegia frå tidlegare kongar vart stadfesta. Dette var og noko som vart kunngjort etter at kongen hadde avsett Nilsson under besøket hans i Bergen.¹²⁹

Ei kjelde frå 1455 fortel om ein klostermann, mest sannsynleg ein munk, som forklarar seg anten for oldermannen på Bryggen eller for rådet i Lubeck. Ifølgje denne kjelda hadde denne personen laga falske brev frå den dansk norske kongen, på oppfordring frå Olav Nilsson. Dette skal vera gjort for å skade dei priveleg dei hadde hatt. Om så er tilfellet så er det i det minste ein indikasjon på dei metodane partane brukte mot kvarandre, og i dette tilfellet nok eit samarbeid mellom kyrkja sine menn og Nilsson, som og hadde eit nært vennskap til biskopen i Bergen, Torleiv. Dette kan i det miste gjere denne påstanden sannsynleg då Nilsson hadde ein geistlig alliert i biskopen, og difor mogleg at denne og var innblanda i produksjonen av desse falske breva.¹³⁰ Det kan vere ein moglegheit, utan at dette vart teke opp andre plassar.

¹²⁷ DN 7 nr. 450.

¹²⁸ Ngl 2 r.2, nr.49.

¹²⁹ Ngl 2 r.2, nr.64.

¹³⁰ DN 2 nr. 812.

Nilsson si enkje, Elisa Eskilsdatter skriv i eit brev til rådet i Lubeck, om drapet på sin mann, bror hans, biskopen, og son hennar. Brevet er frå 1455, og ho ber her om å få tilbake varene som hanseatane hadde teke frå dei under aksjonen mot Nilsson. Ho hevdar og at hanseatane hadde tatt verdiar for om lag 10000 mark frå skipa til Nilsson under åttaket, og at desse burde vera hennar då ho arva dette. Ho legg til slutt til at ho ber om at ho no får desse verdiane utlevert då ho no ikkje lenger hadde pengar til anna enn mat og øl, frå det som ho hadde fått av ”danna folk”.¹³¹ Ho ber og om at dei ansvarleg for dette ynkelege drapet vert straffa og at dei hjelper ho med å få tilbake verdiane hanseatane hadde teke frå Olav Nilsson.

I den neste kjelda ser me at denne saka med verdisakene til Olav Nilsson som hanseatane hadde på bryggen byrjar. I denne kjelda står det at dei har utlevert desse, og fått dei igjen til oppbevaring for enkja til Nilsson, Elisa Eskilsdatter. Det vart poengtert i brevet at dei no hadde gjort slik som kongen hadde bedt om, og at blant desse er og dei som hanseatane hadde konfiskert frå Olav Nilsson like etter at han vart drepen, desse vart blant anna oppbevart hos biskopen i Stavanger.¹³²

I eit brev som kjem i 1486 frå hanseatane har dei forklart konflikten med Olav Nilsson, og dei forklarar dei hendingane som skjedde fram mot overfallet. I denne kjelda er det opplysningane om forhandlingar med Magnus Gren, der det vart hevda at hanseatane skulle hjelpa han å behalda makta. Under sjølve hendinga ser me og at Iver Gren, son til Magnus, stiller seg i leiinga for hanseatane saman med sine folk. Kjelda hevdar og at Iver Gren skulle ta ansvar for aksjonen dersom hanseatane hjelpte han.¹³³

Eit brev frå riksrådet i Bergen skriv til Kong Hans at dei håpar at striden mellom Olav Nilsson sine slektningar og hanseatane. Brevet som er frå Bergen er skriva i 1491, får me vite at dei håpar at striden mellom desse no var over, men at ein annan slektning no gjorde hadde skrevet eit brev til hanseatane, og riksrådet frykta no for at det kunne komma til å verta konflikt mellom desse. Det kjem fram at hanseatane no ville fara heim dersom det ikkje vart satt ein stoppar for sjørøverane som herja langs den sørlege Agder kysten, og dersom det ikkje vart gjort noko med desse ville kysten verta eit aude område. Dei legg og til at partar som kongen begge hadde gjeve

¹³¹ DN 3 nr. 829.

¹³² DN 6 nr. 552.

¹³³ DN 16 nr. 291.

leide i norsk farvatn, no kunne byrja ein konflikt, som vera til skade for kongen, då denne kunne eskalera og føre til at andre og tok interesse i saken og tok aktivt del i denne striden. Det vart difor bedt frå riksrådet i dette brevet om at kongen no tek føre seg denne saka, og at denne striden vart ordna. Det verkar som om partane ikkje er ferdige med denne striden her, og som riksrådet skriv først i brevet så er det heller ikkje tale om at den er over slik som dei hadde fått opplyst tidlegare. Om ikkje anna så er det i det minste tale om å tvila litt på om enkja til Nilsson fekk dei verdiane hanseatane hadde konfiskert tidlegare, og som vart tala om i førre kjelde eg tok opp då denne striden her ser ut til å halde fram. Riksrådet fryktar ei eskalering av konflikten, og ber difor kongen gripe inn for å hindre dette, og fordi dei meiner kongen sjølv kan verta skulda for å ta side, dersom han ikkje greip inn i konflikten.¹³⁴

Eit brev frå 1511 fortel om ein slektning som frå Olav Nilsson nemleg barnebarnet hans. Niels Brade, som beskriv nokre varer hanseatane i Bergen skal ha teke frå fru Elisa Eskilsdatter, som var bestemor til denne personen. I brevet står det at Niels Brade no gjer frå seg desse verdiane til kongen, og at han og andre arvingar etter dette ikkje lenger har noko krav i dette godset. Dette er nok eit døme på etterspelet etter drapet på Olav Nilsson, og syner at Nilsson si slekt framleis ikkje hadde fått noko form for erstatning etter at hanseatane plyndra og drap Olav Nilsson.¹³⁵

Bergen Fundas

I denne kjelda ser me ein gjennomgang av dei hendingane eg tek føre meg i denne oppgåva. Teksten er skriven om lag slutten av 1550-åra, og ein reknar med den er fullført om lag 1559, og har særleg omhandla Christoffer Valkendorf, som var lensherre i Bergen fram til 1560. Det er ikkje sikkert kven som har skrive teksten, men det er truleg nokon i kretsen rundt Valkendorf i Bergen. Kort fortald er dette ein historisk tekst som tar sikte på og fortelje om utviklinga av Bergen by. Det første teksten fortel om hendinga om Olav Nilsson, er at biskopen i Bergen hadde bede hanseatane om å betala tiend, då dei no hadde byrja å ligga der om vinteren, men hanseatane nekta.¹³⁶ Samstundes vert det og fortald at kona til Olav Nilsson hadde gått til åtak på hanseatiske skip som låg til kai. Hanseatane skal so ha hatt eit møte der dei vert einige om å ta livet av Olav Nilsson. Olav Nilsson søkte skjul i Munkeliv kloster der biskopen prøvde å få slutt

¹³⁴ DN 6 nr. 611.

¹³⁵ DN 2 nr. 1037.

¹³⁶ Sørli 1957 s. 59.

på dette åttaket, men vert sjølv drepen. Då det vart satt eld på klosteret fekk dei tak i Olav som dei tok livet av. Son til Nilsson ville freista å ta igjen for drapet på far sin, og klaga på saka til kongen.¹³⁷

Samla vurdering av kjeldene til overfallet på Olav Nilsson

I kjeldene i denne saka ser me at konflikten hadde vart ei stund før Olav Nilsson vart avsett i 1453. Nilsson hadde slik som me har sett kravd inn ulovlege skattar, og bror hans var og med på meklinga mellom Olav og hanseatane i byen. Handverkarane hadde og vorte underlagd norsk lov noko dei før hadde prøvd å halde seg unna. Innskjerpinga var noko som kom då Nilsson sat med makta. I same tidsrom hadde han og som sagt kravd inn skatt han ikkje hadde krav til, og føyer seg saman med det brevet me ser hanseatane i Bergen skriv, der dei klager på Nilsson, og at deira tidlegare rettar no vart teke frå dei. Ei litt merkeleg skildring av konflikten får me etter overfallet der ein klostermann hevda å ha laga falske kongebrev for Olav Nilsson, for å svekka deira rettar er og ein av dei tinga som kjem fram i denne konflikten. Hanseatane på si side verkar å vera forholdsvis rolige før overfallet, og me ser at dei skriv til Lubeck der dei fryktar for eigne liv då situasjonen er spent i Bergen. Dette var i 1444, og syner at det spente forholdet mellom Nilsson og hansaen hadde vore der ei stund, og han holdt stillinga under den førre kongen utan at det kom til endringar i styret i Bergen, eller i lovene.

Då kong Christian kom til makta, så avsett han Nilsson etter eit par år. Nærast samstundes så gjer han det klart at klare brot mot lova og landsfreden, og overgrep mot landets innbyggjarar og dei som driv handel til Noreg, var eit så stort brot mot lova at sjølv den gamle retten til å søkje asyl i kyrkja sine bygningar ikkje gjaldt, dette skulle Nilsson ironisk nok oppleve sjølv. Ikkje berre gjev kongen Nilsson avskjed, og foreslår lover som grip inn mot nettopp det Nilsson hadde gjort seg skuldig i. Kongen stadfestar også dei tidlegare privilegia og lovar at styresmaktene skal hjelpe dei med å krevje inn gjeld, og gjev dei moglegheit til å sjølve gripe inn i klare lovbrot. Det verkar som om dette er ei endring i politikk og holdning frå kongen si side, eller frå førre kongen sin politikk som ikkje tok opp problema mellom Nilsson og hanseatane.

¹³⁷ Sørli 1957 s. 60.

Då det endelege oppgjeret kom, var det lite kongen gjorde i ettertid, men me ser fleire døme på at saka kjem fram igjen, men dette er stort sett berre i frå slekta til Olav Nilsson. Kongen derimot tar ikkje opp noko om øydeleggingane i byen, og overgrepa mot sine embetsmenn, men Kyrkja tok derimot eit oppgjer med dei skuldige, men her vart det berre tale om ein erstatning av det øydelagde Munkeliv kloster. Drapa på kyrkja sine menn hadde dei og kravd straff for, utan at det skjedde meir med det, men eg tykkjer det er viktig å ta med at den drepne biskopen var ein nær ven av Nilsson. Om biskopen sjølv hadde noko å tena på Nilsson sin politikk er ikkje godt å sei noko om. Heller kan eg ikkje sei noko om det kan vera eit ledd mellom Nilsson, biskopen og klostermannen som hadde forfalska kongebrev, men det er ein moglegheit.

Nilsson hadde gjort seg skuldig i fleire lovbrøt, det verkar klart. Det som og verkar tydleg i desse kjeldene er at Nilsson samstundes hadde gjeve kongen grunn til å forandre lova, slik at ein kunne unngå liknande tilstandar, og det vart opna for at andre enn kongen kan gripa inn mot desse og andre klare lovbrøt. Det at kongen såg eit behov for å hindra at andre av hans embetsmenn gjorde det same, tyder på at dette ikkje var noko den noverande kongen ville godta, og gav såleis og eit auka krav til embetsmennene som styrde rundt i distrikta til å følgje lova.

Hanseatane hadde på si side freista å få klarlagd kva dei eigentleg hadde plikt til i Bergen. Der var det særleg striden om kor dei hanseatiske handverkarane skulle vera underlagd lensherren, eller Kontoret. I brevet til Lubeck i 1444 ser me at dei hanseatane som er i Bergen ser det som reelt at dei kan bli angripne når som helst. Det er og frå hanseatane at me får opplysningar om overgrep mot dei, og om dei falske kongebreva. Dette var nok opplysningar som kunne ha komme fram i eit oppgjer med hanseatane etter overfallet, men eit slikt oppgjer kom aldri. Ein grunn til det kan vera at dette og kunne syna kor skiftande politikken frå dei forskjellige kongane var. Sjølv om kongane aldri ville verta dømde eller avsett av den grunn, kunne det nok syne hansaen at kongen sitt vennskap berre kom dei til gode når han sjølv trengde deira hjelp. At kongen sin mann vart jaga etter i byen, deretter teken og drepen utan noko form for rettssak og dom, er likevel sjeldan, men og eit angrep på kongen.

Hendinga vart og omtala av hanseatane sjølve der dei forklarar forholdet mellom desse og Olav Nilsson før overfallet. Her hevdar dei at det er Iver Gren som stillar seg i spissen for aksjonen, og

han lovar å ta ansvaret for aksjonen. Dette syner at det må ha eksistert eit samarbeid mellom den sittande høvedsmannen og hanseatane. Det skal og ha vore eining om eit samarbeid mellom Magnus Gren, som var sittande høvedsmann og hanseatane, men om dette berre er eit oppgjer mellom lensherrane eller ein arrest med bakgrunn i dei lovbrota som Nilsson hadde utført er uklart. Kjelda om desse opplysningane er eit forsvarsskriv frå hanseatane og er skriven mange år etter hendinga, frå hanseatane si side. Som det og er fortald i dette brevet hadde Iver Gren med seg alle sine folk, noko som truleg er soldatar frå garnisonen på slottet. Samstundes er dette med på og syne at samarbeidet mellom biskopen i Bergen og Olav Nilsson hadde vore ganske sterkt, då det ikkje berre er hanseatar, men og representantar for myndigheitene i byen som tek del i drap på kyrkja sine folk. Til slutt vil eg berre påpeike at det er ut i frå kjeldene her tale om to sider i konflikten, med Olav Nilsson og Biskop Torleiv på den eine sida, og Gren familien og hanseatane på den andre sida.

Kapittel 6:

Kjeldene til overfallet på skottane i 1523

Eg vil no på same måte som kjeldene om overfallet på Olav Nilsson, der eg kort går igjennom kva som står i kjeldene og kva dei fortel om situasjonen.

I eit brev frå 1523 då overfallet tok stad fortel, Hoskold bisp i Stavanger og bisp i Bergen Olaf, om tingingane mellom Nils Henrikssøns og Hans Knudssøn Degn, om overtaking av kongsgarden til Vincens Lunge. Dei fortel om det oppløpet som nokre av Bryggens tenarar og ”andhengerer” hadde gjort i Bergen. Her står det at desse hadde tatt i frå dei skotske borgarane, og nokre tyske alt det dei eigde, samt at dei hadde slått nokre av dei i hel. Det vart og lagd til at hanseatane braut ned husa deira, og fanga dei. Det står og at dei hadde byrja å rive ned kongsgarden, og at ombodsmannen ikkje hadde styrkar til å stogge dei. Ombodsmannen hadde heller ikkje fått instruks frå Kong Christian 2. Som tidlegare hadde evakuert frå riket, men framleis var ombodsmannen under eksil kongen. Då situasjonen kunne verta verre i Bergen hadde det komme til eining om at Vincens Lunge skulle få overta makta frå Niels Henrikssøn. Lunge fekk altså ta over makta med samtykke frå bispane og Henrikssøn, men sistnemnde døyde før dette brevet var sendt.¹³⁸

Ein litt anna vinkel på denne episoden finn me i brevet som Jørgen Hanssøn skreiv til kong Christian 2. I eit brev frå 1524. Han byrjar med å ta opp ein sak om betaling for ein last med fisk som vart sendt til Hamburg, og legg til at kongen og han sjølv hadde krav på denne, då lasta kom frå kongsgarden. Han skriv at han sjølv er fattig og treng pengane, men han vågar seg ikkje til Hamburg, men vill skrive til Hertugen for å få desse i hende. Han legg samtidig til at han har vore kongens trufaste tenar og medspelar, og at han håpar at denne saka vil ordne seg til det beste for dei begge. Han skriv og at borgarane i Bergen hadde vorte plyndra og mista alt dei eigde, og ein kar frå Amsterdam hadde mista ein stor sum gylden. Lunge skal ha slått seg saman med

¹³⁸ DN 5 nr. 1039.

hanseatane, ifølgje brevet, og hanseatane skal ha byrja å forsterke Bryggen, og legg til at han håpar at kongen vil ta affære med dette.¹³⁹

I eit brev som er frå riksrådet i Danmark skrivde like etter brevet til Jørgen Hanssøn, står det at det norske riksrådet må ta seg av dei skottane som hanseatane hadde plyndra og fanga. Hanseatane hadde brote seg inn og fanga skottane om natta, også dei som hadde søkt tilflukt i kyrkjer. Dei fanga handelsfolka måtte lova ikkje å gå til noko sak på dei overgrepa hanseatane no gjorde seg skuldige i.¹⁴⁰

Kong Fredrik som hadde sendt Vincens Lunge til Bergen, ber året etter, år 1524, om at det norske riksrådet skulle undersøkje saka, og deretter melde om kva som vart resultatet av denne. I brevet frå kongen, står det at nokre av dei skottane som hadde reist frå Bergen hadde lagd fram si side av saka for det danske riksrådet, der dei forklarte kva som hadde skjedd. Ifølgje skottane hadde hanseatane i lag med Lunge, plyndra dei og tvinga til å reise frå byen. Derfor hadde det vore ønskjeleg om partane kom saman og hjelpe dei med å få tilbake godset deira og bustadane.¹⁴¹

I den neste kjelda får me svar frå riksrådet. Her hadde dei samla saman nokre av dei råka skottane og byrådet, for å få klarlagt kva som hadde skjedd under overfallet. I brevet står det at riksrådet etter befaling frå kong Fredrik, har spurt om Vincens Lunge hadde tatt del i overfallet mot skottane, eller om han hadde gjeve hanseatane lov til dette. Dei skal og ha samla vanlege borgarar for å spørja om desse hadde noko å utsettja på Vincens Lunge. Borgarane hadde ingenting å utsettja på Lunge, og då dei og spurde tre av dei råka skottane om det same, sa desse at dei heller ikkje hadde noko å utsetta på Vincens Lunge. Lagmannen og rådmenna svara i same brevet at oppløpet mot skottane hadde skjedd før nokon norske eller danske borgarar hadde moteke instruks frå kong Fredrik, av Vincens Lunge.¹⁴²

¹³⁹ DN 6 nr. 691.

¹⁴⁰ DN 6 nr. 694.

¹⁴¹ DN 6 nr. 695.

¹⁴² DN 6 nr. 696.

Kva som var samanhengen mellom Vincens Lunge og hanseatane, og om det fanst ein avtale om det som hadde skjedd. Er også omhandla i eit brev frå det norske riksrådet som driv høringar om overfallet på skottane. Dei skottane som rådet spurde om dei hadde noko å klaga Vincens Lunge for, svara nei. Dei vart og spurde om dei hadde noko å tiltale Lunge for, men her sa dei att dei berre hadde klagemål mot hanseatane. Vincens Lunge skal og ha hjelpt dei fanga skottane fri og hjelpt dei med husly og kost etterpå. Det kjem heller ikkje her fram noko som tyder på at Lunge og Hanseatane hadde avtala det som hadde skjedd.¹⁴³

Den neste kjelda byrjar med overfallet på skottane, brevet er frå 1528, og er skriven av Arnt Snedker, som på vegne av sine skotske medborgarar i Bergen fortel om skader som hanseatane hadde påført dei i 1523. Brevet er skriva til den dansk-norske kongen, og det står at dei som ikkje hadde vorte drepne, hadde vorte tvinga til å skriva under på at dei aldri ville forfølgje overfallet. Dei ber på vegne av Arnt Snedker om at dei skuldige vart straffa og legg til at dette skjedde i ein fri kjøpstad.¹⁴⁴

Det neste brevet om denne saka er frå 1530. Og dette er frå kong Fredrik som skriv til befallingsmannen i Bergen Esge Bille. Bille får beskjed om å forhandle fram eit forlik mellom partane, då hanseatane hadde vore lite nøgd med eit tidlegare dom av hertug Christian. Her hadde dei i det minste komme med eit tilbod på 1000 lybske mark, i nødsfall som det står i teksten, til å erstatta dei tapa dei hadde påført skottane. Det står og i brevet at overfallet frå hanseatane hadde vore meir til skade for riket, og at dette berre kunne hjelpa kong Christian som framleis var i Holland. Bille skulle no ta føre seg saka og freiste å få til ei løysning.¹⁴⁵

Det neste brevet er til skottane er i Bergen, og er også frå kong Fredrik. Brevet er skriva same dag som det førre, og inneheld ein oppfordring til at dei saman med Esge Bille som er ombodsmann, finne eit forlik som kan få ein slutt på saka ikring overfallet i 1523. Brevet fortel elles lite om kva dei kan venta seg av desse forhandlingane, men det vart peika på at skottane hadde vore

¹⁴³ DN 6 nr. 697.

¹⁴⁴ DN 2 nr. 1087.

¹⁴⁵ DN 6 nr. 711.

tilhengarar av Kong Christian då overfallet tok stad, noko som kan seia litt om kvifor kongen gjorde så lite ut av denne hendinga i tida etter.¹⁴⁶

To år seinare kom det i ei kunngjering frå lagmannen, Esge Bille, og byrådet at desse, samt 6 skottar, hadde vorte einige om eit forlik om overfallet i 1523. I denne kunngjeringa vart det fortald om at alle dei som hadde vorte råka under overfallet i 1523 skulle gje opp alle krav dei måtte ha på kompensasjon frå hanseatane. Esge Bille hadde her på vegne av kongen, gjeve dei råka fritak frå dei ekstraskattane som hadde vorte sett opp, då kong Christian kom til Noreg frå eksilopphaldet i Holland. Det vart til slutt hevda at denne saken skulle vera over etter denne avtalen, og at seinare generasjonar ikkje kunne tiltale hanseatane i denne saka, eller krevja kompensasjon for dei tapa desse hadde hatt under overfallet.¹⁴⁷

Saka var likevel ikkje det over med dette forliket. I 1534 ser me at ein borgarmeister frå Lubeck hadde med seg 1150 lubske mark til Malmø. Desse pengane hadde vorte lova tidlegare som erstatning for overfallet i 1523. Knud Bilde og Jørgen Kock skriv i eit brev at dei hadde moteke desse pengane på vegne av Esge Bille som var ombodsmann i Bergen. Som ein del av forliket er desse pengane no betalt, og heretter kan ikkje reisast krav om desse.¹⁴⁸

Bergen Fundas

I denne teksten som omhandlar historia til Bergen by får me og nokre opplysningar om overfallet på skottane. Vincens Lunge kjem til bergen om vinteren og like etter skal hanseatane ha gått til åtak på borgarane i byen som vart plyndra og husa deira rivne ned. Særlig skottar og deira barn gjekk det utover, og det vert fortald at særlig hanseatiske skomakarar og embetsfolk hadde gjort mest skade og plyndring.¹⁴⁹ Nokre av borgarane sine privilegium og rettar hadde komme bort under overfallet, men desse hadde og vorte nedskrivne andre stader, og det vert peika på at det hadde vore til skade for borgarane i byen om desse hadde forsvunne.¹⁵⁰

¹⁴⁶ DN 6 nr. 712.

¹⁴⁷ DN 6 nr. 721.

¹⁴⁸ DN 6 nr. 722.

¹⁴⁹ Sørli 1957, s. 62.

¹⁵⁰ Sørli 1957, s. 62-63.

Norske samlingar

I norske samlingar 2 finn me ein gjennomgang av dei hendingane som fann stad under overfallet. Her får me fortald at når det blir gjeve signal frå Lunge, slik som avtala sett hanseatane ikkje i veg til Lunge, men mot dei som dei no kom til å fanga og plyndra.¹⁵¹ For å behalde livet måtte dei lova å ikkje ta opp denne saka i riket, dette måtte dei gjere to gonger før dei måtte reisa til England eller Holland, og innan 3. Mai. Det vart og lagd til at Lunge skal deretter ha vore til stades på Bryggen, der han gav hanseatane byttet dei hadde samla.¹⁵² Kong Fredrik får deretter riksrådet i Noreg til å sjå på saka, og kalla inn alle partane i saka, og deretter sjå på kva som hadde skjedd. Her vert det straks hevda at det var hanseatane som hadde gjeve Lunge skulda for dette, men dette finn dei ingen bevis for. På direkte spørsmål til nokre av dei råka i ettertid, har dei heller ingenting å utsetta på Vincens Lunge på spørsmål om dette, og verken han eller nokre av hans folk hadde tatt del i overfallet.¹⁵³

Då kong Fredrik tek affære med saka seinare vert det klart at han vill la saka verta avgjort av høvedsmannen Esge Bille i Bergen, dette skjer etter at hanseatane ikkje ville godta ein tidlegare dom frå hertug Christian, der dei måtte betala for overfallet, men det vart gjeve signal om at det kunne komma til opprør frå hanseatane i Bergen dersom dette vart tvinga igjennom. Dette ville kongen unngå og Bille fekk oppgåva med å forhandle om dette, men det vart samstundes presisert at skottane framleis hadde holdt ved kong Christian 2. Når hendinga fann stad.¹⁵⁴ Dersom skottane ville gå med på eit forlik ville han prøve og ordne med 1000 mark lybsk, som hadde vorte lova av rådet i Lubeck. Det vert og fortald at hanseatane hadde teke privilegia til borgarane i Bergen, men nokre av desse hadde ein heldigvis funne att. Det er og døme på kva som skjedde for nokre av dei skottane som vart råka under høyringane, og det vart lista opp ulike varer som vart plyndra. Til slutt har Esge Bille lest opp at borgarane i Bergen skal få fritak for den krigsskatten som no var kommen, mot at ingen ville klaga på det som hadde funne stad, dette skjer i 1532. Me ser og at ein rådmann frå Lubeck no har overlevert 1150 mark lybsk som til høvedsmannen i Malmø, som tek i mot på vegne av Esge Bille i 1534.¹⁵⁵

¹⁵¹ No. Saml. 2 s. 482.

¹⁵² No. Saml. 2 s. 483.

¹⁵³ No. Saml. 2 s. 483-484.

¹⁵⁴ No. Saml. 2 s. 484.

¹⁵⁵ No. Saml. 2 s. 487.

Til slutt i gjennomgangen tek Nicolaysen eit lite samandrag av hendinga og saka som følgde, der han meiner at det ikkje er tale om ein aksjon mot dei som ikkje støtta Kong Fredrik, men ein sak som dreier seg om handel i første rekkje.¹⁵⁶ Han legg og vekt på at det hadde vore skotske sjørøvarar som hadde plyndra langs norskekysten, noko som og kunne vera eit motiv for overfallet. Men og at Lunge verkar å vera utan skuld for sjølve overfallet på skottane, noko dei råka skottane og hevdar, når dei seier at verken Lunge eller nokre av hans folk tok del i overfallet, men at det heller ikkje er umogleg at ein slik avtale hadde eksistert, då han ville få dei over på si side. Til slutt peikar han på at det er lite myndigheitene hadde å stilla opp i mot hanseatane, då dei etter å ha blitt dømd for saka ikkje vill etterkomme straffa, og truar med opprør. Kong Fredrik må mekle og finne ei løysning, og til slutt at dei ikkje hadde støtta han då overfallet skjedde, mens hanseatane ikkje vart straffa for overfallet på byens borgarar og brot på lova.¹⁵⁷

Samla vurdering av kjeldene til overfallet på skottane

Kjeldene ikring dette overfallet går mest på kva som hadde skjedd, og kva som skulle gjerast då det var klart kven som hadde ansvaret, og kva som skulle gjerast med dette. Slik som det har vorte hevda i litteraturen, ser det ikkje ut til at kongen sjølv var opptatt av å straffe dei skuldige, og det verkar å ha tatt ein del tid for myndigheitene å få undersøkt kva som egentlig hadde skjedd.

Det første me ser er at det danske riksrådet hadde fått vite om saka då to av dei råka skottane hadde lagd fram si side av saka for rådet. Etter at det norske riksrådet byrja å undersøkje saka vert det heller ikkje noko av dei råka skottane sine klager mot Vincens Lunge, og heller ingenting som tyder på at han hadde gjeve hanseatane lov til å angripa sine rivalar i Bergen. At det derimot var samarbeid mellom dei når det gjaldt å overta makta i byen til fordel for kong Fredrik, verkar truleg då dei skal ha gått til angrep på kongsgarden som framleis var under kong Christian sin ombodsmann, og som ikkje har nok styrkar til å forsvare slottet mot åtaket. Det er heller ingen av dei som hadde vorte angripne som hadde noko konkrete skuldingar mot Vincens Lunge i

¹⁵⁶ No. Saml. 2 s. 488.

¹⁵⁷ No. Saml. 2 s. 488.

høringane til riksrådet, berre mot hanseatane. Det er ikkje det same som at Lunge ikkje hadde medverka, eller gitt lov til å utføre overfallet, men lite tyder på det.

I ei av kjeldene ser me og at Lunge skal ha hjelpt dei fanga skottane og skaffa dei husly, etter at hanseatane hadde øydelagd husa deira. Ein anna viktig faktor i dette er at Bergen hadde den spesielle situasjonen at lensherren som satt med makta i byen framleis var trufast til kong Christian som hadde flykta til Holland. Vincens Lunge hadde som oppgåve å ta over makta i byen, utan eigne styrkar, og trengte difor hjelp av hanseatane i byen. I ei av kjeldene vart det og sagt at skottane i Bergen var trufaste til kong Christian, noko som kunne gjere at overfallet kunne sjåast som eit ledd i kampen mellom dei to kongane. I det første brevet til Lunge ser me at han får instruks om å hjelpa dei råka borgarane å få tilbake eigedom og verdiar, men seinare ser me at det berre er tale om å få til eit kompromiss mellom partane, og det er heller ikkje tale om å straffe dei som til dømes hadde gjort seg skuldige i drap under overfallet.

Hanseatane i Bergen stod likevel i ein særstilling då dei hadde tross alt vore til hjelp for kongen, noko som kan vera med på å komplisere dei strafferettslege følgjene dette eventuelt måtte få. Frå å vera behjelpelig med å få tilbake det dei hadde blitt fråstole, til å mekle fram eit forlik, er vel den utviklinga ein ser i oppgjeret etter hendinga. Då Esge Bille får oppdraget med å finne fram til eit kompromiss mellom partane, står det ingenting om at det hanseatane hadde teke, måtte leverast tilbake til skottane, og eg synest det er stor forskjell på at Lunge skulle hjelpa dei råka å få tilbake det dei mista, til Esge Bille som skulle få fram eit kompromiss mellom partane. Det at dette i det heile vert beskrive som eit kompromiss, kan tyde på at hanseatane må ha hatt ei viss støtte eller godvilje frå styresmaktene. Sidan første kjedene her er særlig opptatte av at skottane måtte hjelpast og saka verta utreda av riksrådet for kongen. Som sagt hadde ei av kjeldene peika på at skottane var trufaste til kong Christian. Men Bergen var som by i det heile under ein lensherre som framleis hadde makta der før Lunge kom. Maktkampen som raste under heile denne perioden førte nok og til at kongen måtte prioritere denne, og difor hadde lite tid til å sjå nærare på hendinga, og dessutan måtte han tenkje på samarbeidet med Hansaforbundet. Dette verkar og å vere årsaka til at han til slutt ville ha ei endeleg avgjerd i saka og fekk Esge Bille til å forhandle fram eit kompromiss.

Kapittel 7:

Ei samanlikning av dei hanseatiske overfalla i 1455 og 1523

Eg vil først i dette kapitlet sjå på privileg og kva rolle desse spela i konfliktane. Privilega gav dei utanlandske handelsfolka rettar til handelsverksemd, og kor og kva handel som kunne drivast og kor mykje ein måtte betala i toll i når ein kom til ein kjøpstad. Hanseatane i Noreg hadde fått privileg til å driva handel med Noreg allereie midt på 1200 talet, der først og fremst Lubeck hadde fått sitt privileg. Det er ikkje det same som at hansaen hadde eit såpass gammalt privileg i Noreg då denne organisasjonen ikkje vart meir samla og organisert før utpå 1300-talet. Eg skal her først og fremst sjå på dei hanseatiske privilega i Bergen, som var den viktigaste handelsstaden i Noreg. Norske handelsfolk hadde fått rettigheitar til handel i Lubeck allereie i 1158 eller 1159, etter at byen hadde blitt øydelagd av ein brann. Dei tyske handelsfolka frå Lubeck og dei vendiske byane gjorde seg ikkje gjeldande i bergensfarten før tidleg på 1200-talet, og det var særleg korn som var ein viktig import vare til Bergen. Her hadde desse byane ein fordel då dei hadde god tilgang til å kjøpa korn i austersjøen. Det første me ser av desse privilega er dei rettane dei tysk talande handelsfolka får i 1278. Då fekk dei unntak frå nokre av dei pliktene utlendingar hadde i følgje bylova. Med det vendiske byforbundet klarte dei i tida etter dette å få ytterligare fritak frå plikter dei vanligvis ville ha hatt i Bergen, og nokre særrettar som følgje av deira viktige økonomiske stilling i Bergen. Konflikten mellom Det vendiske forbundet og Noreg førde til privilegiet frå 1294, der dei tyske handelsfolka fekk gjennomslag for større rettar og fritak i deira verksemd i Noreg. Dette privilegiet er av fleire rekna for å vera det mest omfattande i tysk favør som noko gong vart laga, og det vart ikkje etter dette komme privileg som gav like omfattande særrettar og fritak til hansaen enn dette. Knut Helle hevdar at dette privilegiet er den mest omfattande av dei hanseatiske privilegia, og at seinare konfliktar ikring desse kom til å stå omkring dei rettane dei hadde fått i dette, eller med andre ord att dette privilegiet var det dei tyske hadde vore mest tent med og ville heile tida søkje å tryggje dei rettane dei hadde fått her.¹⁵⁸

Når det gjeld betydninga av privilegiet frå 1294 er det fleire som er samde om at dette representerar det ytterste av hanseatane sine privilegium i Bergen, også Johan Schreiner meiner at

¹⁵⁸ Helle 1981, s. 17.

dette danna grunnlaget for det hanseatane kom til å kjempa for i seinare privilegium.¹⁵⁹ Oscar Albert Johnsen er meir opptatt av å hevda att privilegiet frå 1294 er eit uttrykk for at dei herskande klassane i landet no føretrakk tyske handelsfolk, og ikkje dei norske og engelske handelsfolka som til no hadde vore dominerande i norsk utanrikshandel. Det vart og lagt til her at denne haldninga som favoriserte tyske handelsfolk, førde til konfliktane med dei engelske handelsfolka tidlig på 1300-talet.¹⁶⁰ Her legg Johnsen samstundes til at dette kom ikkje som eit resultat av konflikten mellom Noreg og dei vendiske byane, som førte til ein blokade av Noreg, og til tingingar der privilegiet frå 1294 til slutt vart laga, etter at den svenske kongen hadde vore meklar mellom partane. Medan dei to førre forskarane har satt privilegiet i samband med denne konflikten, har Johnsen ikkje gjort dette, men snarare hevda at tyskarane i kraft av sin sterke organisasjon, og det etter kvart dårlege forholdet mellom England og Noreg, til at dei tyske handelsfolka tok over som den leiande parten framfor norske og engelske handelsfolk. Det verkar i det minste som om dette tidlege privilegiet hadde vore særskild fordelaktig for dei tyske handelsfolka som kom til å hevda desse rettane ved seinare konfliktar omkring privileg.

Sjølv konflikten som oppstod mellom Olav Nilsson og hansaen hadde det vore usemje om kvar dei tyske handverkarane skulle høyre til. Ikkje berre dette hadde vore problematiske mellom partane, Nilsson hadde og tidlegare meint at hanseatane skulle stilla mannskap til leidangen, noko det og var usemje om. I Første omgang vart denne konflikten lagt til sides då det kom til tingingar mellom partane og eit forlik vart utarbeidd.

Særlig forordninga i 1444 var det som skapte strid mellom partane. Denne hadde Nilsson og byrådet i Bergen laga, med den hensikt å avgrense privilegia til hansaen i byen, og etter ordre frå Kong Christoffer.¹⁶¹ Denne forordninga førte ikkje til noko varige endringar men eit spent forhold mellom partane, og i forliket i 1447 vart det ikkje noko av hanseatane si leidangspått, og kongen oppheva samstundes fleire av dei fordringane som hadde komme med i forordninga som vart laga i 1444. Dette er eit av dei sentrale punkta i konflikten mellom Olav Nilsson og Hanseatane, men det var og andre forhold som gjorde at dei tok han av dage. Då kong Christian fekk makta i 1448 gav han seinare hanseatane stadfesting på deira privileg i Noreg samstundes med at han avsette Nilsson.

¹⁵⁹ Schreiner 1935, s. 35.

¹⁶⁰ Johnsen 1924, s. 42.

¹⁶¹ Schreiner 1935, s. 133.

Når det gjeld overfallet på skottane er det ikkje ein så klar konflikt om kva hanseatane har av privileg til i Bergen, men meir ein moglegeit dei grip til aksjonere mot sine konkurrentar. I denne situasjonen er det lite som talar for ein konflikt mellom partane før Vincens Lunge tek seg til Bergen, og det er tydeleg frå kjeldene etter overfallet at det er mange forskjellige utanlandske handelsfolk i byen når overfallet skjer. Under sjølve overfallet øydela hanseatane også dei privileg som hadde vore gitt til byens borgarar. Dette kunne nok gjere at dei seinare ville komma styrka ut av nye tingingar om privileg i Noreg, då det ikkje fanst prov på kva landets borgarar hadde av rettar, men det viste seg seinare at desse fribreva hadde vore samla ein anna stad og såleis ikkje tapte. Om ikkje anna så syner dette at privilegia var av stor verdi, og det å fjerna privilegia til konkurrentane, var eit forsøk på å gjere dei rettslause.

Sjølv trur eg det er verd å ta med at det særleg er privilegiet frå 1294 som utan tvil er det som dei fleste forskarane tek opp som det mest omfattande fribrevet hanseatane hadde fått her til lands. Overfallet på Olav Nilsson hadde komme til slutt i konflikten der det var særleg strid knytt til privilegia, der Nilsson ville avgrense hanseatane sine rettar, og det verkar meir som om det er kongen si haldning som skiftar då han til slutt bekreftar hansaen privilegia og avset Nilsson. Når det gjeld overfallet mot skottane ser vi og at privilegia står sentralt, men no er det hanseatane som vil innskrenke andre sine privileg.

Strid om retten til å styra Bergenhus?

Det er i begge desse hendingane ein maktkamp om kven som skal styra på Bergenhus, eller i det minste ein kandidat som i kvart tilfelle støtta seg til hanseatane i byen. Under overfallet på Olav Nilsson var det ein tidlegare svensk riddar ved namn Magnus Gren som vart ombodsmann etter at Nilsson vart avsett. Dette skjedde då kongen sjølv var i Bergen og avsette Nilsson, men Nilsson kom tilbake til byen seinare då han nærast hadde pressa kongen til å gje han tilbake stillinga som ombodsmann i Bergen. Som eg har tatt opp tidlegare hadde Nilsson og hansaen hatt eit anstrengt forhold, og det vart ikkje betre då han skulle komma tilbake til byen, noko som førde til at dei saman med son til høvedsmannen på Bergenhus gjekk til åtak på Nilsson og hans støttespelarar.

Det var særleg framferda mot hanseatane som hadde ført Nilsson i denne situasjonen, og det er heller ikkje urimelig at den sittande høvedsmannen ville halde på makta. Då det samtidig kom forordningar frå kongen som skulle gje moglegheit til å gripa inn ovanfor dei som braut landefreden, og Nilsson gjorde nettopp det på veg til Bergen, hadde Gren familien og hansaen moglegheit til å gå til aksjon.¹⁶² Men at dei no angreip og tok livet av kongen sin nye høvedsmann til Bergen, ville ein nok ha venta ein kraftig reaksjon, utan at dette skjedde. Dette hadde nok samband med måten Nilsson hadde fått tilbake stillinga i Bergen på, der han trua med å gje frå seg Elfsborg festning til svenskane.

At Nilsson i det heile ville tilbake til Bergen har av som sagt Yngvar Nielsen undra seg over. Då Nilsson vart fanga hadde han søgt tilflukt i Munkeliv kloster saman med biskop Torleiv og bror sin Peder, samt fleire som høyrde til kyrkja. Taranger har og tatt med at hanseatane etter dette reiste omkring i distriktet rundt bergen der dei tok alle verdiar som Olav Nilsson hadde oppbevart dei forskjellige stadene. Nilsson var og ein god ven med biskopen, og det er ikkje utenkeleg at desse hadde eit handels, eller økonomisk verksemd saman, eller ville tene på at dei sjølve fekk utvida sine rettar til å driva handel. Om desse hadde nære økonomiske band så ville det og kunne gje ei forklaring på kvifor ein tidlegare klostermann hadde hevda ovanfor hanseatane at han laga falske kongebrev for han. Om dette skjedde på oppdrag frå biskop Torleiv er det ingenting kjeldene fortel om, men det er ein moglegheit dersom desse hadde sams interesse av å minske hanseatisk makt i byen. Særleg ei forordning som Nilsson og byrådet hadde laga i 1444 hadde ført til mange klager frå hanseatane, og dei vart til slutt fjerna saman med Nilsson då kongen kom til byen i 1453.

Eit anna punkt som eg tykkjer kan vera viktig er at kongen nok ville ha ein ombodsmann som var lojal først og fremst til seg sjølv. Når Nilsson truar kongen med å gje frå seg Elfsborg, er dette noko ein sjeldan høyrer om at nokre av kongen sine menn sett seg opp imot han slik. Allereie då kongen avsette Nilsson har nokre av forskarane påpeikt at det og kom klager frå norske borgarar på Olav Nilsson, og Lars Hamre skriv at forholdet mellom kongen og Nilsson alt no var dårleg.¹⁶³ Det verkar klart at kongen ville vera tent med ein lojal person i det norske rikets viktigaste by, og Nilsson hadde synt seg å vera ein lite smidig person ovanfor hansaen og kongemakta.

¹⁶² NgL 2.r.2, nr. 49.

¹⁶³ Hamre 1968, s. 139.

Under overfallet på skottane er situasjonen at eksilkongen Christian 2. framleis har sin befalingsmann på plass i Bergen, men i Danmark er det kong Fredrik som har tatt over. Vincens Lunge får oppdraget med å ta kontroll over byen, men får samstundes ikkje med seg militære styrkar til å ta over makta. I Bergen er det Hans Knudssøn som sitt med makta på Bergenhus. Han sat med makta fordi den eigentlige befalingsmannen Jørgen Hanssøn som ikkje var i byen.

Hanseatane i Bergen på si side hadde fått merka ein auke i konkurransen frå andre handelsfolk, eit resultat av ein politikk frå kong Hans og kong Christian 2. Dei førte ein politikk som samsvarte med politikken til kong Christoffer før kong Christian 1. kom til makta. Det skal ha vore ein viss form for tingingar mellom partane etter at Lunge kom til byen¹⁶⁴, og samstundes hadde kong Fredrik i Danmark ein allianse med hansaforbundet, som Lunge kunne nytta seg av. Dette var nødvendig då Lunge ikkje hadde støtte frå byen sine borgarar ifølgje Schreiner. Det er viktig å hugse at det meste av Noreg framleis støtta Kong Christian som hadde flykta til Holland, og han var framleis det norske rikets krona konge då Vincens Lunge og Henrik Krummerdike skulle ta over Vest og Austlandet for kong Fredrik.

Hanseatane i Bergen hadde i samarbeid med Lunge omringa kongsgarden, og byrja å rive ned denne. Dette kunne Hans Knudssøn sine femti mann ikkje hindre, og det kom til tingingar der dei vart samde om å gje kontrollen over byen til Vincens Lunge. Det som følgde no var det som er kalla overfallet på skottane. Her er det for det første verd å ta med at det ikkje berre var skottar som vart råka. Minst ein tysk handelsmann skal ha blitt plyndra, det same skjedde med ein handelsmann frå Holland som mista store verdiar.¹⁶⁵

Utrykket Skottar var i denne samanhengen folk som var fødte i Skottland, men med norsk borgarskap. Det omfatta og borgarar frå dei norske øyane i vest. I tillegg var det og nokre handelsfolk frå Tyskland som og vart råka, det er i det heile ei stor gruppe som vart omfatta av overfallet frå hanseatane.

¹⁶⁴ No. Saml. 2, s. 482.

¹⁶⁵ DN 2 nr. 1037.

Lunge og hanseatane hadde møtt kvarandre før overfallet, der dei hadde lova å hjelpa Lunge å få kontroll over byen. Det dei ikkje var einige om, i det minste etter overfallet, var kva Lunge hadde gjeve dei lov til og ikkje. Hanseatane hevda at overfallet var gjort i forståing med Lunge, men då det seinare vart spørsmål om kva som hadde skjedd, hevda Lunge at han ikkje hadde gjeve hanseatane moglegheit til eit åtak andre handelsfolk.¹⁶⁶ Verken Taranger eller Nielsen hevda at Lunge hadde gitt klarsignal til plyndring av alle som ikkje var hanseatar. Men det verkar klart at Lunge hadde hatt eit møte med dei og avtala at dei skulle gå til kongsgarden, som dei omringa.

Kva som eigentlig låg til grunn for denne hendinga, med eller utan medhald frå Lunge, verkar å vera at hanseatane kunne gjere noko med dei som utfordra deira verksemd og stilling som den dominerande handelsmakta i byen. Schreiner skriv at det er nettopp eit teikn på svakhet som gjer at hanseatane overfall konkurrentane sine, eller at dei no berre kunne utfordre dei ved eit åtak som effektivt stoppa deira verksemd.¹⁶⁷ Det er heller ikkje umogleg at Lunge gav hanseatane klarsignal, då han berre ville ta over makta i byen og ga hanseatane moglegheit til å angripe andre handelsfolk, så lenge Lunge fekk kontroll, og hindra at Kong Christian 2. ikkje lenger kunne ha sin ombodsmann i Bergen, og at dette gjorde at Lunge gjekk med på dette så lenge han fekk fjerna Hans Knudssøn. Det var i denne tida ein viss fare for at kong Christian 2. skulle komma tilbake til det dansk-norske riket, og det var nok viktig å hindra at det framleis var stader der han framleis var rekna som konge og hindra at desse falt i frå resten av det norske riket.

Hansaforbundet hadde ein allianse med kong Fredrik, og dette var nok med på å få til samarbeidet mellom partane i Bergen, men nokre forskarar har og peika på at det er støtta til Kong Christian 2. Som gjer at skottar og andre vert angripne, då desse kunne reknast som lojale mot den avsette kongen.¹⁶⁸ I Noreg hadde ein framleis stort sett støtta kong Christian 2. då han framleis var den lovlege krona kongen over det norske riket. Det er nettopp dette Lunge og Krummerdike reiser til landet for, nemleg å få riksrådet og lensherrar til å hylla Kong Fredrik som deira konge, og få kontroll over riket.

¹⁶⁶ DN 6 nr. 696.

¹⁶⁷ Schreiner 1935, s. 169.

¹⁶⁸ DN 6 nr. 712.

Forskjellen mellom desse overfalla er at det under overfallet på Olav Nilsson, er ein strid mellom to ulike høvedsmenn, som begge har fått lensherreposten i Bergen frå den same kongen. At kongen difor har eit problem å straffe ein av dei han sjølv har valt ut til jobben er tydleg. Kongen kjem her i eit problem der han sender Olav Nilsson tilbake, men hanseatane saman med Iver Gren går til åtak, med grunnlag i lova. Under overfallet på skottane er det to representantar for kvar sin konge til Danmark-norge, som begge skal halda Bergen under kontroll for sin konge. I dette tilfellet er det Vincens Lunge som vert hjulpen av hanseatane til dette. Det som skjer samtidig med dette er at hanseatane tek føre seg konkurrerande handelsfolk, noko som det er stor usemje om i tida etter, då hanseatane hevdar Lunge gav dei lov til det, mens Lunge meiner dette ikkje stemmer.

Strid om ein ny konge?

I begge desse tilfella er det ei endring i kongemakta som spelar inn i hendingane. I 1453 avsette kongen Olav Nilsson. Det var kong Christian som no hadde makta, etter han tok over for Kong Christoffer. Slik som fleire forskarar påpeikar er det eit skifte i politikken samstundes med dette, der ein går frå å innskrenke hanseatane sin dominans i Bergen til å vera meir vennleg innstilt til krava deira. Olav Nilsson hadde blitt innsett av Kong Christoffer der han tok føre seg privilegia til hanseatane og byrja å sjå på kva som egentlig stod der om rettar og reglar for hansaen i Noreg.

Det er i åra fram mot overfallet fleire konflikhtar mellom Nilsson og hansaen. Eit punkt som tidlig og lenge kom til å verta omstridd er forordninga som kom i 1444. Denne protesterte hanseatane mykje mot, og den forsvann til slutt saman med avsettinga av Nilsson same året, 1453. Som sagt er det fleire grunnar til at Nilsson kunne verta fjerna frå stillinga, og kongen stadfesta og privilegia til hanseatane då han var i Bergen.

Kongen hadde og gjeve hanseatane og andre venner av landet som dreiv handel til riket, til å sjølve arrestere og hindre dei som aktivt braut landsfreden. På dette punktet kom Nilsson til å gjera seg skuldig, og det kan og forklara kvifor hanseatane gjekk til aksjon mot han då han kom til Bergen igjen.¹⁶⁹ Johnsen og Hamre har begge tatt med denne lova som skulle gje moglegheit til å gripa inn ovanfor dei som braut landsfreden og dreiv ulovleg kapring. Johnsen på si side hevdar

¹⁶⁹ NgL 2. R.2, nr. 64.

lova som gav moglegheit til å straffa dei som braut landsfreden nærsat kom som ein konsekvens av Nilsson si tid som ombodsmann.¹⁷⁰ Nilsson viste seg å bryte med lova både før og etter si tid som ombodsmann, men kongen plasserte no ein tidlegare svensk riddar ved namn Magnus Gren til å ta over for Nilsson. Det er ikkje gjeve noko spesifikk forklaring på kvifor kongen gjorde dette, men som Hamre legg til er det eit dårlig forhold mellom desse Nilsson og kongen.¹⁷¹

Også det at kongen ville tryggje seg mot at hansaforbundet ikkje blanda seg inn i konflikten med Sverige, eller i det minste ikkje støtta Sverige var med å avsette Nilsson, ifølgje Hamre. Hamre har og tatt med at hanseatane på bryggen i 1450 stilla om lag 300 væpna menn som segla saman med Kong Christian til Trondheim, noko som tyder på eit visst militært samarbeid med hanseatane, sjølv om dei ofte prøvde å avskaffe leidangsplikta.¹⁷²

Magnus Gren kom no som sagt til å ta over for Nilsson, Gren som var ein svensk adelsmann hadde tidlegare allierte seg med Kong Christian. Då Kongen gjorde dette er det kanskje nettopp fordi han vill innsette ein trufast person i Bergen, kongen ville neppe ha ein stor interesse av å setje inn ein person som ville ta parti med norskfødde eller utanlandske handelsfolk, og difor ein meir nøytral leiar som i første rekke var trufast til kongen. Utan at nokon har hevda det konkret, er det nok dei mange tilfella der Nilsson hadde tatt lova i egne hender med ulovlege skattar og kapringar som gjorde at kongen ikkje kan ha hatt tillit til han. Nilsson hadde fått stillinga av den tidlegare Kong Christoffer, som heldt Nilsson i stillinga under sitt regime. Det skal ha vore ein omstilling i denne politikken ovanfor dei hanseatiske handelsfolka før skiftet av konge.

Kong Christoffer hadde hatt problem mellom partane i Bergen, særlig etter at forordninga frå 1444 kom til. I tingingane som kom som ein følgje av dette, legg Hamre til at kongen no sjølv skal ha bede hanseatane om hjelp mot Nilsson, noko som og kan tyda på at Nilsson hadde ein viss støtte i den politikken han førde. Dette førde ikkje til at Nilsson fekk avskjed, men Hamre påpeikar at dette var eit tilbakeslag for den politikken Nilsson hadde førd i Bergen.¹⁷³ Då kong Christoffer døydde litt etter desse forhandlingane vart det ikkje meir strid rundt dette, men han

¹⁷⁰ Johnsen 1924, s. 175.

¹⁷¹ Hamre 1968, s. 139.

¹⁷² Hamre 1968, s. 134.

¹⁷³ Hamre 1968, s. 124-125.

hadde lagt om til ein viss grad den politikken han hadde førd tidlegare. Den endelige slutten på denne politikken verkar å vere avsettinga av Nilsson, og det verkar tydeleg at den nye kongen ikkje vil ha ein høvedsmann som bryt lova til eiga vinning.

Overfallet mot skottane kom i ei tid der det var ein aktiv kamp mellom to kongar til det dansk-norske riket. Kong Christian 2. hadde forlate riket, etter at deler av det danske riksrådet hadde vald ein anna konge, nemleg kong Fredrik. Kong Christian kom til å søke opphald i Holland, der han venta støtte frå den tysk-romerske keisaren svogeren hans. I Noreg var det no fleire lensherrar som hadde vorte innsett av kong Christian 2, som var den lovleg krona kongen til riket. Men Kong Fredrik fekk snart kontroll over det meste av Danmark, og for å tryggje resten av Noreg hadde han send Vincens Lunge til Bergen for å prøva å få kontroll over byen for kong Fredrik. Samstundes reiste Henrik Krummerdike til Austlandet med eit liknande oppdrag.

Lunge hadde ikkje med seg nokre militære styrkar, og måtte difor søkje å ta kontroll over byen med forhandlingar, eller få noko der til å hjelpe han.

Yngvar Nielsen er den første som hevdar at overfallet som følgde var eit resultat av tingingane mellom Lunge og hanseatane, der hanseatane lova å hjelpa Lunge dersom han vart angripen. Dei tok seinare til med å omringe kongsgarden, og me får opplyst at Knudssøn ikkje kunne forsvare denne med dei femti mann han rådde over. Hamre er og samd i at det hadde vore ein avtale om hjelp til Lunge frå hanseatane, men han legg ikkje vekt på kva denne innebar. Det vart likevel poengtert at Lunge neppe hadde gjeve lov til å overfalle andre handelsfolk då dette ville svekka stillinga hans i Bergen, og han hadde gjort lite for å aga hanseatane, men og gjort lite for å hjelpe dei skotske handelsfolka.¹⁷⁴

Alliansen mellom kong Fredrik og hanseatane førde og til at Lunge kunne venta støtte frå hanseatane i Bergen, og det verkar og som om han hadde med skriv frå kongen om nettopp dette, og at dette er bakgrunnen for at dei støttar han.¹⁷⁵ Det er ingen forskarar som har direkte

¹⁷⁴ Hamre 1998, s. 246.

¹⁷⁵ Hamre 1998, s. 245.

hevda eller finn det bevist at Lunge har gjeve godkjenning av overfallet på skottane, men det er tydeleg at partane før dette samarbeida for å skaffa kong Fredrik makta over byen, og Lunge tok over for Knudssøn etter forhandlingar. Dette var som sagt det Lunge hadde i oppgåve å gjere i Bergen, sjølv om det fekk store følgjer for handelsfolka i byen, og det er lite som skjedde for å skaffe tilbake det som hanseatane hadde tatt frå dei andre handelsfolka. Det verkar i det heile som om dette vart påverka av den situasjonen hanseatane var i, frå eit handelsperspektiv, pressa, og difor gjekk til vepna aksjon då dei ikkje kunnes stoggast av den vesle garnisonen på kongsgarden, anten Lunge eller Knudssøn hadde kontrollen over byen. Dette er ein mogleg forklaring som Schreiner har komme med,¹⁷⁶ og er nok og det som verkar å vera det mest openbare i dette overfallet, nemleg å styrkja sin eigen posisjon, etter eit åtak på konkurrentane.

Kongen si handsaming av saka etter overfallet i 1523, tyder på at det var viktig å halde på alliansen med hanseatane i Bergen. Eit av påskota til hanseatane etter at overfallet hadde finne stad er at dei hadde gjort dette då dei som dei angreip ikkje støtta kong Fredrik. Men det hadde komme ein dom frå Hertug Christian som gjer det klart at hanseatane skulle gje tilbake det dei hadde tatt under overfallet, og då kjem det trugsmål om opprør hos hanseatane i Bergen dersom denne dommen vart gjennomført.¹⁷⁷ Då kongen seinare skriv til den nye lensherren Esge Bille, gjer han og greie for at hanseatane i Bergen kan komma til å gjera opprør dersom denne dommen vart satt ut i livet, etter at rådet i Lubeck hadde informert han om dette. Bille får dermed oppdraget å mekle fram ein løysning på saka. Seinare får Bille og ordre om å gjere slutt på saka etter at kongen hadde forhandla med rådet i Lubeck, der kong Fredrik hadde lova å få slutt på oppgjeret.¹⁷⁸ I 1532 har Bille til slutt fått klart eit forlik der han gjev borgarskapet fritak for krigsskatt, dersom dei lovar å ikkje ta opp att saka, anten det gjeld dei sjølv eller slektningar eller arvingar til dei råka. Det verkar her som om kongen gav etter for dei trugsmåla som hanseatane kom med, og kongen lovar og rådet i Lubeck at han skal få slutt på saka. Esge Bille får oppdraget med å mekle fram eit forlik. Det verkar tydeleg at kongen her er redd for ytterligare konfliktrar i Bergen, og får Bille til å gjere ende på oppgjeret, etter truslar om opprør frå hanseatane på Bryggen. Under sjølve overfallet i 1523 hadde hanseatane utspela garnisonen til lensherren, og det er truleg at det same ville skje igjen dersom dei gjorde opprør. Men det er og eit døme på at kongen gav etter for truslar frå hanseatane.

¹⁷⁶ Schreiner 1935, s. 169.

¹⁷⁷ No. Saml. 2 s. 484.

¹⁷⁸ No. Saml. 2 s. 487.

I det heile er denne episoden framtvunga av at den nye kongen har det travelt med få kontroll over riket, og Vincens Lunge gjer dette, men samstundes syner denne situasjonen ovanfor hanseatane at dei no kan slå til, då situasjonen er den at kongen no er avhengig av deira hjelp i Bergen, samstundes som alliansen med kongen og hansaforbundet nok er viktigare for begge partar, enn det nokre lovbrott ville føre med seg i maktskiftet i Bergen. Under overfallet på Olav Nilsson er det eit samarbeid mellom Iver Gren og hanseatane, her samla dei seg om å hindre Nilsson i og komme til makta igjen,¹⁷⁹ og dei kan og gjere dette på bakgrunn av lova, sjølv om det går hardt for seg under sjøve aksjonen mot Olav Nilsson. Overfallet på skottane er nok eit døme på samarbeid mellom lensherre og hanseatane, men no mot ein sittande lensherre, men i dette tilfellet er det ikkje nok at det lensherren er på plass i Bergenhuis, då hanseatane er mektige nok til å utspele lensherren sine styrkar, men striden mellom lensherrane gjev hanseatane eit påskot til ein aksjon mot andre handelsfolk.

Skifte av Lensherre

Skifte av lensherre er eit felleselement i desse konfliktane. I Nilsson sitt tilfelle tykkjer eg sjølv at dette er ein sær sars vanskelig person for nokre av partane å forholde seg til. Eg har teke opp fleire klager mot Nilsson, og desse verkar å vere frå ei stor gruppe anten det gjeld nasjonalitet eller stilling. Om Nilsson berre var slik trur eg ikkje, og det er mogleg at han hadde sin grunnar til dette. Sjølv skiftet av lensherre gjekk føre seg med at det var to personar som no hadde denne posten, og ein av dei går saman med hanseatane og tek livet av den gamle som igjen har fått jobben av kongen. Hanseatane som ikkje vil ha Nilsson tilbake har samstundes fått lov til å gripe inn ovanfor slike overgrep som Nilsson gjorde seg skuldig i.¹⁸⁰ Då han på veg tilbake ga han lisens til nokre engelske skip til å driva handel i Noreg, noko han ikkje hadde lov til, og plyndra hanseatiske skip.¹⁸¹

Sjølv om det hadde vore eit omslag i politikken til hansaen då kong Christian kom til makta i 1450, eller i det minste ein klar interesse frå kongen å bevare samarbeidet, verkar det ikkje til at Nilsson bryr seg så mykje om dette. Magnus Gren hadde no fått jobben til Nilsson då kongen

¹⁷⁹ DN 16 nr. 291.

¹⁸⁰ Ngl 2.r.2, nr. 64.

¹⁸¹ Hamre 1968, s. 139.

avsette han i 1453. Magnus Gren var ein svensk adelsmann som hadde alliert seg med kong Christian, og sjølv om det om han berre sitt i to år frå Nilsson vart avsett til han kjem tilbake og vert myrda, ser me ikkje noko klager på denne lensherren. I 1453 vart ikkje berre Nilsson avsett som lensherre, han hadde og komme til eit forlik med hanseatane, men dette ser ikkje ut til å ha løyst saka då han like etter startar ein kaprarkrig mot deira skip. Det som egentlig er spørsmålet her trur eg er kven hadde Nilsson støtte hjå?. For det første var han medlem av riksrådet i Noreg, men han hadde ikkje sjølv teke del i forordninga frå 1444 som riksrådet hadde laga. Om Nilsson i så måte er representant for riksrådspolitikken, då han braut med intensjonane til Kong Christian. At Nilsson hadde heile riksrådet i ryggen verkar ikkje truleg. Me ser at det frå blant anna erkebiskopen som er formann i rådet, så er det ei anna linje under tingingane om forordninga i 1444. Der ville erkebiskopen gje hanseatane moglegheit til å vera i Bergen over vinteren, då dette ville gje moglegheit for folk til å selja varene sine heile året, og kjøpa når dei sjølv trong varer. Erkebiskopen talte truleg i stor grad for sin eigen del då han var den største eksportøren av tørrfisk i landet. I tillegg hadde mange av dei som budde i Trøndelag og nordover, der erkebiskopen styrte, mange som produserte tørrfisk som dei bytta i korn og andre nødvendige varer.

Synet til erkebiskopen vann ikkje fram, men det er samstundes vanskelig å sjå kva økonomiske interesser dei andre medlemmane hadde ifølgje Hamre.¹⁸² Det er såleis ikkje mogleg å sei at riksrådet stod samla bak Nilsson. Dei norske biskopane, med erkebiskopen i spissen, var ein viktig del av riksrådet. Men biskopane stod ikkje samla, for medan erkebiskopen var motstandar av ei antihanseatisk linje, fekk Nilsson støtte av biskopen i Bergen Torlav Olavsson, og bror sin Peder Nilsson. I det Olav Nilsson kjem for å krevja stillinga i Bergen tilbake, allierer den andre parten seg med hanseatane, og det er son til Magnus Gren som går i leiinga for hanseatane då dei jagar Nilsson og hans følgje opp til Munkeliv kloster.¹⁸³ Striden om å verta Lensherre kan også seiast å vera mellom Nilsson og Gren familien. Hanseatane og Gren hadde felles interesse i å drepe Olav Nilsson, og dei hadde og moglegheit til dette, då Nilsson no hadde gjort lovbrøt som dei kunne ta affære med sjølv.

¹⁸² Hamre 1968, s. 124.

¹⁸³ DN 16 nr. 291.

Vincens Lunge hadde i 1523 ei utfordring då han var på veg til Bergen for å verta lensherre, som likna på den Olav Nilsson hadde i 1455, for det var alt ein lensherre på Bergenhus som ikkje ville gje frå seg stillinga. Lunge hadde og som Gren i overfallet i 1455, fått støtte hjå hanseatane før det heile byrja. Lunge hadde med seg brev der det vart oppfordra frå kong Fredrik til å hjelpa utsendinga hans til å få kontroll over Bergen. Dei skulle deretter støtta Lunge dersom han vart angripen i byen, var bakgrunnen for at hanseatane byrja å omringe kongsgarden, og rive ned denne. Det var uråd for den sittande ombodsmannen å forsvare denne då vedkommande berre disponerte omlag femti mann.¹⁸⁴ Eit par biskopar tok affære og tinga fram ein overtaking av byen til Lunge og kong Fredrik. For det første ser me at på dette tidspunktet var det ikkje mogleg reint militært for garnisonen å hindre hanseatane. Grunnen til dette var at det i fredstid berre var eit mindre tal soldatar som heldt vakt ved festningar rundt om i landet. Men hanseatane var eigentlig var del av forsvaret av byen sidan dei hadde leidangsplikt, sjølv om dette var eit spørsmål som det ofte var strid om, men dei hadde tatt del ved tidlegare konflikter. At dei kunne utstyra store mengder handelsfolk og handverkarar tilknytt Kontoret med våpen og rustningar, og utgjere eit såpass stort tal at dei ikkje trengde å ta omsyn til garnisonen, viser også at hanseatane hadde ein betydelig styrke. Eg må og legge til at det frå nettopp episodar som ved overfallet på Olav Nilsson, nok hadde synt eit behov for dei å sjølve kunne forsvare seg i byen dersom dei måtte, anten det var for å støtte kongen i riket, eller berre forsvare egne interesser og verdiar. Dette verkar også å vera tilfellet i 1523, men dei støtta samstundes Lunge til å gjere det han skulle, og hjelpte såleis og Kong Fredrik med å få tatt over Bergen.

I begge desse hendingane er det eigentlig representantar for ulike partar som begge har ønskjer i kontrollen over Bergen der hanseatane blir verkemiddelet dei kan nytte seg av, og hanseatane viste under begge desse episodane at det var kongen, og hans vilje dei la mest vekt på. Nilsson hadde som sagt vorte mindre populær med kongen, og hjå hanseatane er det liten vilje til å la han sleppe til makta igjen. Då kong Christian 1. i tillegg ikkje verkar å vera særst opptatt av å straffe dei, verkar det sannsynlig at det er ei felles interesse som ikkje nødvendigvis var planlagt slik, men blir slik, då det vert opna for å straffe lovbrøt som Nilsson hadde gjort. Under overfallet på skottane er det Lunge som får hjelp av hanseatane, der han hadde med seg brev om at dei på Kontoret måtte hjelpa kongen som hansaforbundet var alliert med. Men i 1523 var det ein konge på kvar si side i striden og Kong Fredrik var trass alt ikkje krona i Noreg. Kong Christian 2. var dessutan den siste dansk-norske kongen som også vart krona i Noreg.

¹⁸⁴ DN 5 nr. 1039.

Når Lunge og hanseatane i ettertid er ueinige om kva hanseatane hadde fått lov til under overfallet verkar partane å stå steilt mot kvarandre. Hanseatane meiner Lunge hadde gjeve dei lov til å ta affære med konkurrentane sine, noko Lunge nektar for.¹⁸⁵ Eg har og tatt opp dette i nokre kjelder der ein tek opp denne saka. Det verkar som om ingen har noko konkret prov for at Lunge hadde gått med på overfallet, også då det kjem spørsmål til nokre råka handelsfolk om dei hadde noko å utsetta på Lunge, så er svaret nei. Problemet her er at avtalen mellom hanseatane og Lunge vart lagd før dette, og kva Kontoret og Lunge eigentlig hadde vore einige om. Men det kan ha vore tale om ein munnleg avtale dersom denne fanst, men ingen har konkrete bevis for det.

Forholdet mellom hansaen og konkurrentar i handelen

Hanseatane si handelsverksemd hadde det ført til ein sterk og samla organisasjon i Bergen. Det var handel som var viktig for hanseatane, men handverkarar frå desse hansabyane hadde og slått seg ned i Bergen. Sjølv om desse i byrjinga ikkje hadde same rettane som handelsfolka, prøvde dei likevel å komme inn under deira privilegium.

Da hanseatane byrja på handel til Bergen hadde, og engelske handelsfolka spela ei sentral rolle fjernhandelen frå Bergen. I kapittelet om historia til hansaen, har eg teke opp att hanseatane ikkje byrja å gjera seg gjeldane i bergensfarten før tidleg på 1200-talet. I denne farten finn me og at ein del norske handelsfolk reiste til Engeland, der dei fekk bytta tørrfisk mot korn, som var den viktigaste eksportvara herfrå. Som sagt var denne farten på denne tida liten karakter, men byrja å få større omfang, etter svartedauden, då det var særst viktig å tryggje ein fast tilførsle av korn til byen og landet som elles, då all fart til landet nord for Bergen og til dei norske øyane i vest, skulle skje i stapelplassen Bergen. Dette hadde blitt klart i 1348, når Kong Magnus Eriksson stadfesta byvedtektene, som samla handel nord for Bergen og Island til byen.¹⁸⁶

Det omfattande privilegiet frå 1294 hadde gjeve hanseatane rettar som representerte mesteparten av det hanseatane kom til å gjennomslag for i Noreg. Etter dette er det stort sett berre konflikatar i

¹⁸⁵ DN 6 nr. 697.

¹⁸⁶ Helle 1982, s. 351.

samband mellom hansaen og dansk-norske myndigheiter om å få dei rettane dei hadde fått i dette privilegiet. Tidleg på 1300-talet reknar ein med at det hadde etablert seg ein dominerande hanseatisk dominans i bergenshandelen, og når det gjeld sambandet mellom Noreg og England, så hadde hanseatane no om lag 80% av denne no.

Før eg tek opp kva konkurrentar hanseatane hadde, er det viktig å ta med at det ikkje eksisterte ein liknande gruppe handelsfolk som hadde ein slik organisert og internasjonal karakter som hanseatane på dette tidspunktet, men dette var vel og situasjonen elles i Europa på same tid. Dei engelske handelsfolka utnytta at hanseatane reiste frå Kontoret i 1368, grunna krigen mellom hansastadane og det dansk-norske riket. Dette kan ha styrka den engelske stillinga i byen, men då hanseatane kom tilbake overfall dei nokre av dei engelske handelsfolka i byen. Også her er det i det minste tale om overtaking av verdiar og varer, samt valdsbruk, men ikkje frå engelsk side tale om drap. Situasjonen mellom partane vart ytterlig forverra då hanseatiske skip byrja med kaprarverksemd på engelske skip i overgangen mellom 1300 og 1400-talet, med tilsvarande aksjonar frå engelsk side.¹⁸⁷ Dei engelske handelsfolka var likevel organiserte og ein sterk konkurrent til hanseatane, og det skal og tidleg på 1400-talet ha vore ein engelsk oldermann i Bergen, og eigne privilegium, noko som tyder på sterke engelske interesser i Bergen, og eit eige faktori byrja å ta form etter liknande mønster som Det tyske kontoret.

Frå om lag 1400 byrja engelske handelsfolk å sjøve reise til Island og dei norske øyane i vest, for å skaffe tørrfisk og andre varer, noko som var brot på stapelretten i Bergen. Denne handelen klarte ikkje den dansk-norske riket eller hanseatane å stogge, og dermed byrja og handelen mellom Noreg og England å minske, og den siste innførsla av tørrfisk frå hanseatiske handelsfolk skjer i 1484. Engelske handelsfolk hadde og reist til områda nord for Bergen, som og skulle levera varene til stapelstaden Bergen, men denne handelen tok snart slutt, og Bergen haldt stort sett stillinga som stapel for norske varer frå det norske fastlandet. Helle har hevda at det er vanskelig å måle størrelsen på dei engelske handelsfolka si deltaking i handelen i siste halvdel av 1400-talet, men den kan ikkje avskrivast.

¹⁸⁷ Helle 1982, s. 789.

I 1509 gav Hertug Christian dei norske borgarane i Bergen førsterett til å handel med engelske og skottske handelsfolk, men for dei engelske handelsfolka sin del var det nok mindre av utover 1500-talet. Dei skotske handelsfolka hadde fått ein sterk stilling i byen. Dette hadde særlig samband med pantsettinga av dei norske øyane i vest som ein del av giftarmålet mellom dottera til Kong Christian og Kong Jakob 3. Av Skottland i 1468-1469. Då privilegiet frå Hertug Christian vart sendt ut i 1509, auka den skotske handelen til Bergen i forhold til den engelske, men etter overfallet i 1523 frå hanseatane er det lite me kjenner til av den skotske handelen, Men i det minste var det frå tidleg på 1500-talet til utpå 1600-talet ein stor auke i folketalet på øyane i vest, og mange flytta til Noreg for å få seg arbeid, og dermed reiste mange av desse til Bergen for å driva handel, handverk eller skaffa seg utkomme i landet på anna måte. Handelsfolka og handverkarane ser ut til å blitt hardt råka under overfallet i 1523¹⁸⁸

Nokre handelsfolk frå Nederland hadde og vorte skadelidande nederlandske kjøpmenn utgjorde ein sterkt veksande gruppe handelsfolk. Ikkje berre i Bergen, men heile farten mellom Austersjøen og Nordsjøen. Nederlendarar og hanseatar hadde og vore i konflikt med kvarandre på 1400-talet. I 1440 hadde hanseatar brote seg inn i Hollandske bodar på Stranden i Bergen, og kasta varene ut. Dette skjedde samstundes med at konflikten mellom dei føregjekk, der det var handelen på Austersjøen som var årsak. Kontoret klaga på dei mange Hollandske handelsfolka som hadde byrja å komme til byen, og det verkar som om dette er årsak til at Kong Christian sette i 1469 innskrenkingar på handelen deira i byen, og det skulle no berre komma eitt eller to nederlandske skip til Bergen i året, slik det hadde vore vanlig til no.¹⁸⁹ Dette vart ytterligare innstramma året etter, då mista retten til handel på Bryggen, og dei kunne berre holda to gardar, samt at dei ikkje kunne driva detaljhandel lenger. Helle presiserar at det er lite truleg at dette vart gjennomført.

I 1490 fekk nederlendarane og rett til fri handel på alle norske byar slik som hanseatane, men no kom riksrådet på banen der dei vedtok å ikkje gjennomføre dette. Grunnen her var at det var dårlege tider i Noreg, og det var omsynet til ein fast og sikker leveranse av hanseatiske varer som gjorde at riksrådet til slutt gjekk inn for å avgrense rettane til nederlendarane.¹⁹⁰ Her verkar det og tydleg at det er eit skifte i politikken til hanseatane som no mistar rettar som dei frå før hadde

¹⁸⁸ Helle 1982, s. 804-805.

¹⁸⁹ Helle 1982, s. 801.

¹⁹⁰ Johnsen 1924, s. 197-198.

hatt, og handelen til Bergen vart meir open for fleire grupper. Denne nedgangen svarar samtidig bra med Schreiner som skriv at overfallet mot skottane er eit teikn på svakhet frå Kontoret si side,¹⁹¹ noko som desse hendingane før overfallet kan vere med på og forklare. Det er ein klar og konsekvent motstand frå hanseatane i Bergen når andre grupper handelsfolk byrjar å gjera seg gjeldane i byen. Det er døme på overgrep mot konkurrentar frå dei andre store aktørane i handelen med Bergen, der engelske, hollandske, skotske og norske borgarar vart råka. Dei engelske handelsfolka som hadde vore den største gruppa handelsfolk før hanseatane byrja å dominere handelen i Bergen, hadde klart å skaffe varene dei hadde frakta til England, ved å sjølv reise til dei norske øyane, ikkje til Bergen der desse varene skulle forhandlast.

Karakteren av valdsbruk?

I desse overfalla gjekk det liv tapt, det same kan ein seia om eigedom og verdiar, anten konfiskert eller øydelagd. Under overfallet på Olav Nilsson hadde hanseatane jaga han og biskopen og bror til Nilsson, Peder. Ein skulle i dette tilfellet tatt utgangspunkt i at det berre er Olav Nilsson som er den dei ville til livs. Ein kan samstundes forstå at broren Peder og kan reknast som ein av dei som hanseatane ville ta, då han hadde vore stått saman med han under hans tid som lensherre. Men det er ikkje berre desse som vart drepne i dei følgjande tumultane i Munkeliv kloster. Om lag 50 menneske måtte bøte med livet under dette overfallet. Mange av dei var kyrkja sine folk som haldt til i klosteret, eller følgde med biskopen. Då desse vart drepne var dette eit brotsverk som gjekk direkte på kyrkja sine folk, men hanseatane med Iver Gren i spissen hadde bede Olav Nilsson om å komme ut då det var han dei ville ha tak i. Då Olav Nilsson sperra seg inne i eit tårn, gjekk hanseatane til åtak, der både Peder Nilsson og biskopen vart drepne. Då Olav Nilsson framleis satt inne i eit tårn, sette dei fyr på klosteret, og Nilsson kom ut. I denne samanhengen er det anten tydeleg at hanseatane ikkje ville la seg hindre av noko, eller av nokre som kunne hindra dei i å ta Olav Nilsson. Dersom det berre var Olav Nilsson som dei ville til livs, er det mange som måtte bøta med livet for det. At så mange som neppe hadde noko direkte å gjere med Nilsson mista livet, tyder på at hanseatane ikkje ville la seg stoppa av noko, sjølv ikkje drap på kyrkja sine folk, noko som var alvorleg, i det minste frå kyrkja si side. Men det er ikkje det same som at hanseatane slakta befolkninga ned for fote berre for å få tak i Olav Nilsson. Det er og viktig å hugse at Iver Gren hadde gått i spissen for dei hanseatiske handelsfolka, noko som gjer at ein ikkje kan hevda at denne aksjonen berre er eit ansvar på hanseatane i Bergen, dessutan er det hevda frå hanseatane sjølv at Iver Gren stilla med sine egne menn under aksjonen, truleg

¹⁹¹ Schreiner 1935, s. 169.

soldatar frå slottet.¹⁹² Når det gjeld overgrepa mot kyrkja og kyrkja sine folk, hadde Nilsson sjølv vore med på å oppheve kyrkja sin asylrett for dei som røva folk i fredtid.¹⁹³ Men at i det heile ikkje verkar å vore teke omsyn til kyrkja sine folk er noko som syner kor sterk viljen var til å få tak i Nilsson.

Under Overfallet mot skottane er det ikkje den same grad av vald, med tanke på tap av menneskeliv, som i 1455. Det verkar meir som om det som føregjekk hadde som mål å hindra konkurranse frå andre kjøpmannsgrupper. Slik som biskopane i Bergen og Stavanger skriv hadde fleire skottar og nokre tyske vorte fanga, og nokre av dei hadde blitt drepne. Husa til desse hadde hanseatane rive ned, og tatt frå dei alt dei eigde.¹⁹⁴ Dei fortel og at hanseatane hadde omringa kongsgarden og tatt til med å rive ned denne, og at Vincens Lunge no hadde tatt over for Niels Henrikssøn. Frå nokre av dei råka skottane vert det og opplyst at dei hadde måtta lova at dei ikkje skulle forfølgje denne hendinga, men dei skreiv til kongen om hendinga om lag fem år seinare.¹⁹⁵ Det er her ikkje tale om eit overfall som skal fjerne desse fullstendig, men gjere det vanskelig om ikkje umogleg å drive den verksemda dei hadde oppretta.

I den grad hendinga var ein aksjon for å tryggje byen for kong Fredrik, var den ein suksess. For å ta ein samanlikning med overfallet på Olav Nilsson så inndrog hanseatane verdiane frå konkurrentane sine, først og fremst skotske, men og andre handelsfolk. Det same gjorde dei etter at Olav Nilsson var fjerna. Det økonomiske utbyttet var nok ein del i det siste tilfellet, men no var det først og fremst dette som verkar å vere målet for hendinga, og sjølv sagt å hindra at denne verksemda kom tilbake. Kva som eigentlig er omstenda for dei som vart drepne i 1523 får me ikkje greie på, men det verkar å vera ein mindre mengd drap i det minste. Dei fleste vart satt i jern og førd til Kontoret der dei måtte lova å ikkje forfølgje det som hadde skjedd. Dette kan forklare kvifor det tek eit par år før nokre av dei råka skriv til kongen om hendinga.

Når ein ser på overfallet i 1523 så er det på det reine at hanseatane hadde gjort seg skuldige i større overgrep enn dette, og når dette verkar å vera gjort i ein situasjon der det i tillegg ikkje er

¹⁹² DN 16 nr. 291.

¹⁹³ Ngl 2.r.2, nr. 49.

¹⁹⁴ DN 5 nr. 1039.

¹⁹⁵ DN 2 nr. 1087.

nokon i Bergen som kan stogge dei, kan ein undrast at dei ikkje berre tok livet av alle dei som dei plyndra. Dette ville i det minste hindra at dei råka i det heile fekk klaga inn saka for styresmaktene, men ein kan nok og hevde at det heller ikkje var naudsynt, då dei hadde tatt livet av desse økonomisk og materielt. Slik som Iver Gren gjekk i spissen for hanseatane i 1455, hadde Lunge fått tinga støtte hjå dei mot Kong Christian 2. sin ombodsmann. Men overfallet mot skottane hevda Lunge at det ikkje var noko avtale om, og hanseatane hevda at dette var avtala. Henrikssøn som sat med makta før Lunge tok over fekk i det minste forlate posten med livet i behald, etter at det hadde komme til tingingar.

Kyrkjeasyl verkar å ha vore like lite respektert som under overfallet på Nilsson,¹⁹⁶ men her er det neppe tale om at landefreden hadde blitt brote slik som i 1455. Me har heller ikkje ein periode mellom hanseatane og skottane som kan syne at valdsbruk mellom partane allereie hadde finne stad, slik som me ser mot Olav Nilsson. Eg meiner Olav Nilsson sjølv hadde lagd opp til ei hard linje mot hanseatane, som svara med vald til slutt, då det vart gjort mogleg av lovene og Nilsson sitt konsekvente brot av desse. Overfallet på skottane meiner eg hadde ein samanheng med den auken som fann stad i handelsfolk i Bergen i nettopp denne tida,¹⁹⁷ og den situasjonen som samstundes var i byen med strid om kven som skulle ha makta i Bergen, og desse samstundes representerte to ulike kongar som kjempa om riket. Og fram til Lunge kom til Bergen hadde framleis ingen av innbyggjarane i byen hylla kong Fredrik til lovleg konge over Bergen. Dette kan i seg sjølv ha vore medverkande til at dei som ikkje hadde hylla kong Fredrik kunne behandlast som fiendar. Ingen har peika på at dette er årsaka til overfallet i seg sjølv, men gjer det til ein viss grad mogleg å angripe dei som ikkje står under den kongen dei no støttar.¹⁹⁸ Dersom dette er tilfellet er det eit ganske tynt grunnlag, særleg sidan riksrådet som Lunge no vart ein del av framleis ikkje hadde handsamma dette spørsmålet.

Kven hjalpde hanseatane?

Når det gjeld spørsmålet om kven som hjalpde eller støtta hanseatane er det ein samanheng mellom kva tidsperiode, og kven som er konge i riket. Det viktig å hugse at hanseatane hadde både vore i konflikt med og samarbeida med norske og dansk-norske myndigheiter nærast i heile

¹⁹⁶ DN 6 nr. 694.

¹⁹⁷ Hamre 1998, s. 245.

¹⁹⁸ DN 5 nr. 1039.

perioden etter at dei hadde etablert kontoret i Bergen om lag midt på 1300-talet. Overfallet på Olav Nilsson kjem etter ein periode der hanseatane hadde vorte utsette for den politikken som Olav Nilsson representerte, som hadde samband med politikken til kong Christoffer som døde i 1448. Her var det norske riksrådet med Olav Nilsson som medlem og lensherre i Bergen med til dei taka som vart gjort for å avgrense hanseatane sine rettar og deira dominans i byen.

Under tingingane med det norske riksrådet, der dei omhandlar kva som skal gjerast med striden i Bergen, var Olav Nilsson ikkje med då han var ein del av denne saka. Møtet som fann stad i 1444, der dei fleste riksrådane nordafjells var samla. Her vart det og klart at det i riksrådet var forskjellige syn på politikken mot hanseatane, der erkebiskopen representerte ei vennlig linje, i forhold til det som vart resultatet. I funksjon av å vera den største eksportøren av tørrfisk i landet hadde erkebiskopen klare økonomiske interesser av å ha ein eit godt samarbeid med hanseatane. Det var særleg behovet for import av korn erkebiskopen ville tryggja då det ikkje fanst andre som kunne gjere dette. Då det meste av tørrfisk-produksjonen låg i dette området, er det klart at erkebiskopen ville ha ein interesse av å tryggje kornleveransen til landet.¹⁹⁹ Erkebiskopen fekk ikkje gjennomslag for dette, i staden vart det laga 28 punkt som hadde som føremål å minske verksemda til hanseatane, og dette vart litt etter vedtatt som ei kongelig forordning i 1445.²⁰⁰ Om det er ein bevisst politikk som kongen fører her mot hanseatane seier forordninga ingenting om, men kongen hadde gjeve riksrådet i oppgåve å lage denne, og godtok det dei hadde laga. Riksrådet hadde her som sagt vore splitta i synet på dette, der erkebiskopen hadde villa føre ein vennligare linje mot hanseatane, noko som tyder på at hanseatane hadde krefter som støtta deira verksemd, sjølv om dette ikkje var dei til hjelp i dette tilfellet. Men seinare snudde kongen og oppheva fleire av punkta frå forordninga i 1444. Dette skjedde då det norske og danske riksrådet var i København i 1447, der Nilsson og var til stades.²⁰¹ Det verkar her som om kongen og hadde skifta i synet på denne politikken, då han sjølv hadde godteke forordninga som riksrådet hadde laga på hans eigen ordre. Dette syner at det før overfallet på Nilsson var folk i riksrådet i Noreg som hadde økonomiske interesser som samsvarde med det hanseatane. Men og at det frå kongen si side kunne vera vekslende haldningar til riksrådspolitikken, og han går i det minste med på å minske det omfattande innskrenkingane i forordninga frå 1444.

¹⁹⁹ Hamre 1968, s. 124.

²⁰⁰ Hamre 1968, s. 124-125.

²⁰¹ Hamre 1968, s. 125-126.

Under sjølve overfallet er det i det minste klart at Iver Gren gjekk i spissen for hanseatane då dei jaga etter Nilsson og hans følge.²⁰² Magnus Gren, som var den eigentlige lensherren i byen, hadde fått denne stillinga då Nilsson vart avsett i 1453. Kva som egentlig er grunnen til at Iver Gren no tek leiinga av hanseatane er uklart. Den næraste grunnen kan vera at han gjorde dette etter eit skriv frå kongen, eller ut i frå eiga tolking av lova, og då særleg forordninga om landefred frå 1453 kan og tenkast,²⁰³ då denne gav moglegheit til å gripa inn ovanfor dei som braut denne, slik som Nilsson. Men det er og her tale om å halde på posten som lensherre, noko Iver Gren gjer då han går til aksjon saman med hanseatane for å hindre at Nilsson no kjem attende.

Under overfallet på skottane er det i første rekke Vincens Lunge som er den mest openbare medhjelparen til hanseatane. Lunge skal ha avtale med desse at dei skulle komma han til hjelp dersom han gav signal om dette. Partane er ueinige om kva som er avtala utover dette, der hanseatane meiner at Lunge hadde gjeve dei lov til dette, mens Lunge meinte at dette ikkje var tilfellet. Men Lunge hadde og lite å stilla opp med utan dei, då ha ikkje hadde styrkar med seg. Kva Lunge har gjort og ikkje i samband med overfallet på skottane er uklart, men som eg har påpeika er det ingen av forskarane eg har teke med her som direkte hevdar dette. Men om det er truleg at Lunge kunne få denne støtta utan at hanseatane fekk noko tilbake for det, er eit meir ope spørsmål. Om det er som takk for sin innsats mot kong Christian 2. sin ombodsmann dei ikkje vert noko særleg straffa etter denne hendinga, er ikkje mogleg å hevda, men det er ein moglegheit. Kong Fredrik gav dei i det minste ikkje noko særleg større rettigheitar etter dette, då dei la fram sine forslag under eit møte i København året etter.²⁰⁴ Det verkar såleis at dersom det hadde vore ein avtale mellom hanseatane og Lunge om overfallet på skottane, hadde anten kongen ikkje kjend til denne eller gjeve lov til det. I det minste er det ikkje tale om at hanseatane kunne få betre vilkår for si verksemd på grunn av dette, eller at dei fekk det.

Under høyringa til det norske riksrådet er det heller ingen av dei råka som har noko å utsette på Lunge.²⁰⁵ Ser ein derimot på kva som er hevda i brev før dette, så verkar det som om Lunge og hanseatane hadde slått seg saman, men det er ikkje noko som direkte peikar på at Lunge har gjeve

²⁰² Hamre 1968, s. 140.

²⁰³ Ngl 2.r.2, nr. 49.

²⁰⁴ Schreiner 1935, s. 170-171.

²⁰⁵ DN 6 nr. 696.

lov til overfall mot skottane.²⁰⁶ Kva som egentlig vart avtale mellom Lunge og hanseatane verkar å vera det store spørsmålet her, og det er heller ikkje utenkelig at det fanst ein slik. Her er det riksrådet som får i oppgåve å sjå på saka, som og Lunge vart ein medlem av. Og difor er dette heller ikkje umogleg at dette spela inn i saka om hendingane, særleg då det er usemje om kva som hadde vorte avtale mellom Lunge og Kontoret, og berre desse partane veit kva som var tilfelle. Det er og ein likskap i det som hanseatane hevdar etter at overfalla hadde funne stad. Etter overfallet i 1455 ser me at hanseatane skriv at dei hadde gått saman med Iver Gren, som leia aksjonen og tok ansvar for den.²⁰⁷ Dette liknar det dei først hevdar etter overfallet mot skottane, der dei hevdar at Lunge hadde gjeve dei lov til overfall mot skottane. Men det er og ein forskjell, då det ikkje er usemje etter overfallet mot Olav Nilsson, om kva som vart avtala, og heller ikkje noko som tyder på at dette ikkje stemmer. I Overfallet mot skottane er det ein avtale om samarbeid mellom Lunge og Hanseatane, der Lunge vart lova hjelp dersom han vart angripen, men det er stor usemje om kva som vart avtala om sjølve overfallet mot Skottane. Men at det var eit samarbeid mellom hanseatane og Gren familien og seinare Vincens Lunge verkar klart.

Kva årstid skjedde desse overfalla?

Overfallet mot Olav Nilsson tok stad nesten med det same han kom til Bergen, etter å ha fått tilbake lensherre stillinga.²⁰⁸ Det gjekk med andre ord svært kort tid frå han kom til byen til hanseatane gjekk til aksjon. Sjølve overfallet tok stad 1. September. Men det syner og at hanseatane fanst i byen under det som ofte hadde vore eit stridsspørsmål mellom dei og styresmaktene, nemleg om dei skulle få vera i byen under vinteren. Dette er og noko som kjem fram i tida før overfallet i den lange kampen mellom Olav Nilsson og hanseatane. Den første gongen me høyrer noko om dette er frå den forordninga som kom i 1444. Dette var med andre ord ein rett som dei hadde hatt i Noreg før, men som no kunne verta ulovleg.²⁰⁹ Her vart det gjort klart at det skulle vera visse datoar som utgjorde starten og når dette skulle ta slutt for året. Spørsmålet hadde blitt handsamma av det norske riksrådet, der erkebiskopen hadde tala for ein slik vintersitting. Dette gjorde han av to grunnar. For det første meinte han at det var bra om hanseatane var her heile året då ein ville unngå uventa angrep i krig. Det andre var at det ville

²⁰⁶ DN 6 nr. 695.

²⁰⁷ DN 16 nr. 291.

²⁰⁸ Hamre 1968, s. 139.

²⁰⁹ Helle 1982, s. 384.

verta lettare å få omsatt varene sine når det var handelsfolk der heile året, og handelsfolka kunne samstundes vente med avreise til dei hadde fått fullt opp skipa sine.²¹⁰

Det er og grunnlag for å hevde at hanseatane var sittande i byen under desse tider då det er nettopp difor biskop Torleiv vil ha samla inn tiend, noko hanseatane nektar for.²¹¹ Eg vil ikkje gå nærare inn på dette, då eg handsamma dette i førre avsnitt. Det syner i det minste at erkebiskopen tok relativt feil då han meinte at byen ville vore mindre utsett for uventa angrep, då angrepet på Olav Nilsson kom var det ikkje frå hans side venta, då hadde han truleg heller ikkje reist attende til Bergen. Men samstundes er det og ting som tyder på at forbodet mot vintersitting ikkje vart gjennomført, i lengre tid, eller i det minste var ein vekslande interesse, eller moglegheit til å utføre dette i praksis. Dette spørsmålet var og grunnlaget for krigen, eller blokaden av Noreg frå hanseatane som tok til i 1282, etter at norske myndigheiter hadde lagt ned forbod mot at dei opphaldt seg i byen heile året. Resultatet vart som kjend privilegia frå 1294, som kan reknast for det meste hanseatane fekk oppnådd i denne samanhengen. Krava om dette ser i det minste ut til å ha vore vekslande opp gjennom tida etter dette.

Særordningar og vekslande status for dei ulike gruppene i hansaen har det og vore dømme på, særlig med dei tyske handverkarane, som ved fleire tilfeller ville slutta seg til Kontoret og dei rettane handelsfolka der hadde. Kanskje viktigare enn dette er det at dei som skulle vera i Bergen heile året, måtte ta del i Leidangen, og betala skatt slik som norske borgarar. Dette innebar og at dei måtte stilla mannskap til Leidangen, noko som og vart teke med i forordninga i 1444.²¹² Desse må altså ha vore under norsk lov, då dei måtte stilla mannskap, men det vart poengtert at dette ikkje hadde vore vanleg. At handverkarane hadde militær trening og utstyr verkar å vera på det reine under overfallet på Olav Nilsson, men desse vart ikkje spesifikt omtala, men hanseatane som tok del var kledde i harnisk og væpna. Dette stemmer i det minste for handverkarane sin del som var pliktige til militærtjeneste, og såleis ein del av hanseatane som hadde våpen, og trening i bruk av desse. Eg vil og påpeike at sidan dette overfallet hadde Iver Gren som leiar, kan det ikkje utelukkast at det er Leidangsfolk frå Kontoret han hadde samla, då hanseatane som kjend hadde eit dårleg forhold til Nilsson, og hanseatane samstundes var i byen, noko som kunne gjere ein rask aksjon mogleg.

²¹⁰ Hamre 1968, s. 124.

²¹¹ Sørli 1957, s. 59.

²¹² DN 16 nr. 161.

Overfallet mot skottane i 1523 tok stad seint på året, i november, og i brevet frå bispane i Bergen og Stavanger som kjem same året får me opplyst at Vincens Lunge hadde fått tatt over makta i byen. Når Vincens Lunge eigentlig kom til byen er ikkje sikkert. Men Hamre har skrve at dette skjer om lag tidlig i september.²¹³ Sjølve overfallet kjem på natta mellom 8. Og 9. november. Dette syner i det minste at hanseatane som tok del må ha vore sittande i byen heile året. I det minste må desse vore talrike nok til å nøytralisere garnisonen på 50 mann. Dette skal ha skjedd etter at Lunge hadde gjeve signal til dei om at han trong hjelp, noko partane hadde vorte einige om. Me høyrer som kjent om ulike handelsfolk som vart råka under overfallet, og det syner samstundes at desse alle var i Bergen i byrjinga av November. Hanseatane var i byen på desse tider saman med dei som dei gjekk til åtak på. Og ut i frå det som elles er fortald i frå denne hendinga verkar det som om det no og er tale om væpning, og i tal sterke nok til å utføre det. Dette har samanheng med at det hadde vore gjeve nærast liknande privilegium til andre handelsfolk før overfallet, noko eg har handsamma tidlegare i oppgåva. Det er vel og utan tvil snakk om at alle dei som no hadde tilhald i byen kunne vera der heile året, då det før hadde vore forbod mot dette, og handel med utanlandske handelsfolk skulle skje frå tidleg om våren til utpå hausten. Dette verkar ikkje å vera tilfellet her i det minste, men hanseatane må likevel ha utgjord største parten av dei, og ikkje minst hadde ein sterk organisasjon i Kontoret. Begge åtaka finn stad etter at handelssesongen, der ein til dømes ikkje kunne kjøpa opp tørrfisk, var avslutta. Denne hadde lagd ned forbod mot utferdsla av varer mellom korsmessene 14.september og 3.mai.

²¹³ Hamre 1998, s. 244.

Kapittel 8:

Konklusjon

Overfallet på skottane i 1523 og overfallet på Olav Nilsson i 1453, vart begge utført av dei hanseatiske handelsfolka i Bergen. Før eg byrjar å samanlikne desse hendingane, så trur eg det er viktig å påpeike at desse aksjonane fortel og at hanseatane var ein sterk og koordinert organisasjon i Bergen, og som desse episodane syner, utgjorde dei og ei stor maktfaktor i byen reint militært, men og politisk då dei og var representantar for ein eigen stat(ar). Det første tilfellet der Olav Nilsson vert angripen og drepen, er det for å hindra at denne vart lensherre igjen, men i overfallet mot skottane er det under støtta til å fjerna fungerande lensherre, til fordel for Vincens Lunge. Dei kunne med andre ord vera ein maktfaktor som anten kunne hjelpe eller forverre situasjonen i Bergen, alt etter kva som var situasjonen. Overfallet mot Olav Nilsson verkar å vere ein sak der både hanseatane i Bergen og sittande lensherre, Magnus Gren, begge vil ha interesse av å hindre Nilsson kjem til makta. Dette synet verkar og forskarane felles når det gjeld Olav Nilsson. I overfallet på skottane er det ikkje noko felles interesse som gjer at dette skjer, men meir ein moglegheit som hanseatane i byen har, då Christian 2. Sin lensherre sitt med makta, nærast utan militære styrkjer, og Vincens Lunge var avhengig av hjelp frå hanseatane. Dei kunne med andre ord nytta høvet i byen til å plyndre og fjerne sine konkurrentar, utan at lensherren(ane) kunne gripa inn. Sjølv om utgangspunktet for desse overfalla er ulike, vert likevel resultatet frå kongen si side nærast ingenting i begge tilfeller. Det verkar som om omsynet til alliansen med hanseatane er det som i kongen sine auge er det viktigaste, sjølv om det førde med seg vald og konflikhtar i Bergen, og kunne som sagt gje nokre fordelar og.

Dei to overfalla som eg no har teke for meg har i det heile fleire likskaps trekk. For det første er det ikkje tale om at hanseatane i desse tilfella handla direkte på eiga hand, men dei verkar meir å vera ein reiskap. I begge tilfella er det direkte samarbeid mellom Kontoret og høvedsmannen, eller i det minste ein tydeleg samanheng. Olav Nilsson og hans følge flykta frå hanseatane, i spissen for desse gjekk Iver Gren, son til den sittande høvedsmannen Magnus Gren, som hadde dette embetet. Då Vincens Lunge kom til Bergen hadde han samtalar med leiinga på Kontoret, der dei lova å komma han til hjelp dersom det vart naudsynt. Dette er fakta som verkar klare, men kva som egentlig er avtalt i desse tilfella, og kvifor er ikkje noko sikkert.

Som eg har synt er det mellom hanseatane og Olav Nilsson eit alt anna enn godt forhold, noko som og gjeld for kongen då han avsett Nilsson. Desse har då i det minste ein felles interesse av å verta kvitt Nilsson, noko dei og gjer, der det i første rekkje er kyrkja som tek seg av å straffe dei som hadde gjort seg skuldige i drap og øydeleggingar. Kongen på si side tek nærast ikkje affære med det som hadde skjedd. Samstundes er det no mens det framleis er hanseatar i Bergen moglegheit for å nytta seg av desse. Olav Nilsson hadde og teke for seg av hanseatane sine skip sjølv etter at han hadde fått tilbake lensherreposten, og utsette seg sjølv for å kunne verta ramma av nettopp den forordinga som kong Christian 1. hadde laga, der det vart opna for oppheving av den kyrkjelige asylretten. Men det er likevel forskjell her på og ta arrest i ein lovbrytar som søker tilflukt i eit kloster, i forhold til å ta livet av biskopen og fleire av kyrkja sine folk der, bror til Nilsson, og så til slutt brenna ned heile klosteret i jakta på Olav Nilsson. Denne kompromisslause aksjonen syner at det var særskild viktig å ta livet av Nilsson, og dette skjedde samstundes raskt etter at han kom til Bergen igjen. Peder Nilsson hadde og vore ein medspelar til Olav, han mista og livet. Om det same gjeld for biskopen Torleiv kan eg ikkje hevda sikkert, men det er på det reine at desse var gode venner i det minste. Då det er hevda at om lag 50-60 menneske mista livet i denne hendinga, er det høgst sannsynlig at mange av dei heller ikkje hadde noko vennskap til Nilsson, men dei måtte likevel bøta med livet.

Det som egentlig låg til grunn for denne raske og valdelege aksjonen verkar frå hanseatane si side å vera dei mange lovbrota og konfliktane mellom desse, og det er samstundes tydeleg at Iver Gren tek vare i sin fars lensherrestillinga når han tek leiinga av aksjonen. Om kong Christian i det heile har hatt noko med sjølve aksjonen å gjere verkar lite truleg, men eg vil hevda på bakgrunn av hans nærast fråverande vilje til å straffe dei ansvarlege verkar det som om han innsåg at han hadde vore tent med det som hadde funne stad. Dersom ein i nokon grad kan hevda at dette er ein reaksjon mot den politikken Olav Nilsson hadde førd saman med riksrådet, er det viktig å hugse at han ikkje representerte heile riksrådet, og såleis kan ein og avkrefta at dette er tale om eit oppgjær med ein nasjonal politikk slik som til dømes Schreiner hevdar.²¹⁴ Dette var først og fremst ein felles interesse av å verta kvitt Nilsson før han fekk tilbake stillinga si i Bergen. Då det samstundes vart opna for aksjonar mot den type lovbrot som Nilsson gjorde seg skuldig i, er det og opna for hans fiendar til å gjere noko med han. Då denne lova som sagt hadde gjeve moglegheit til å straffa Nilsson, er dette og med på og forklare kvifor oppgjeret med Kong

²¹⁴ Schreiner 1935, s. 143.

Christian vert så lite. Ut i frå dei opplysningane som finst ikring drapet på Nilsson, og helst før dette skjedde, så er det først og fremst Kong Christian og hanseatane som hadde eit dårlig forhold til Nilsson. Magnus og Iver Gren på si side er kanskje heller opptatt av å følgje lova, og det er jo nettopp det som finn stad, sjølv om det verkar å vera ein grad av vald som verkar å vera omfattande med tanke på at det er Olav Nilsson dei skal ha tak i.

Overfallet mot skottane skjer då det igjen er ein strid om Bergen, eller kven som skal leia byen på vegne av kongen. Då Vincens Lunge kjem til byen, gjer han det utan militære styrkar. Oppdraget til Lunge er som kong Fredriks representant å skaffa kontrollen over byen som framleis er under leiing av Kong Christian 2. sin høvedsmann. På det tidspunktet Lunge kjem til byen er det ingen som har støtta Kong Fredrik, og sjølv om Kong Christian 2. hadde reist frå riket, hadde han teke tilhald i Nederlanda, der han venta seg støtte frå den tysk-romerske keisaren. Dette skjer med andre ord då det er to kongar som kjempar om makta i riket. Vincens Lunge hadde samtalar med hanseatane på Kontoret, der dei lova å komma han til hjelp dersom han gav signal om dette. Ein ting som kan tala for at dei gjorde dette er alliansen mellom hansaforbundet og Kong Fredrik. Lunge får hjelp då hanseatane byrjar med å rive ned Bergenhus, og det kjem til tingingar der Vincens Lunge får ta over som lensherre. Overfallet på skottane er derimot ikkje noko Lunge vil vedkjenna seg etter at det hadde funne stad. Her hevdar hanseatane på si side at dei hadde fått lov til dette. Her er det viktig å hugse at konkurransen frå desse skotske borgarane og framveksten av nederlandsk handel er med på å auke presset mot hanseatane. At dei ville ha ein fordel av å gå til åtak på desse er det liten tvil om. Verdiane deira vart tekne og hus vart øydelagde, nokre vart drepne og dei som ikkje mista livet måtte forlate landet og samstundes lova og ikkje reisa krav i samband med denne hendinga.

Denne aksjonen er noko som går utover andre handelsfolk, og det er liten tvil om at dette er målet med aksjonen. Då det vert klart at Lunge ikkje fekk noko klager mot seg i oppgjeret etterpå, ser me at det vert skulda på både handverkarar og embetsfolk frå Kontoret som hadde gjort seg skuldige i dette, i det minste hadde desse gjort mest skade. Det vart og hevda at dei som hanseatane hadde råka ikkje hadde støtta Kong Fredrik. Men dette gjeld som sagt heile byen før Vincens Lunge kjem til byen. Eit anna argument som Nicolaysen tek opp er at det hadde vore skotske sjørøvarar som hadde plyndra langs kysten i Noreg Dette vart ikkje teke opp i oppgjeret etter overfallet, men liknande eksempel på kaprarverkesemd har me jo frå Olav Nilsson, som vart

drepen. I det heile er det ein klar likskap mellom dei to overfalla i at i kampen om høvedsmannsposisjonen så blir hanseatane allierte på ei av sidene. Både Magnus Gren og Vincens Lunge verkar å hatt ein klar og avgjerande støtte hjå hanseatane. Det er og ein klar konflikt i begge desse tilfella forut for hendingane som kan spele inn på det som skjedde. Men likevel og ein klar likskap i og nytte seg av Kontoret, som syner seg å vera ein avgjerande faktor i byen, og i det siste overfallet verkar dei å vera så sterke at dei utspelar den vesle styrken som den sittande høvedsmannen rår over.

Det verkar og å ha vore vanskeleg for Kongen å ta affære med desse sakene etter at dei hadde funne stad. Etter overfallet på Olav Nilsson er det kyrkja som tek for seg valdsmennene, men resultatet verkar først og fremst å vera å få bygd opp att Munkeliv kloster. Ein av grunnane til dette må jo vera at det hadde egentlig blitt handla i samsvar med lova, som Nilsson braut fleire gonger, og det vart nettopp opna for å ta affære med dette. Kvifor kongen avsette Nilsson under besøket i Bergen i 1453, verkar å vera uklart, men hanseatane og Nilsson gjorde opp seg imellom. Då han seinare tvingar kongen til å gje han lensherre stillinga tilbake, mot at kongen får Elfsborg som no var i Nilsson sine hender trur eg ikkje dette gjorde saka mellom dei betre. På veg til Bergen plyndrar Olav Nilsson hanseatiske skip, og samstundes gjev han nokre engelske skip privileg til å handle i landet, noko som var kongen si oppgåve. Det er mykje som talar for at kongen ikkje ville ta noko oppgjær med denne saka direkte, då Nilsson verkar å gjere som han sjølv vil. Nilsson hadde og ein alliert i biskopen i Bergen Torleiv, men dette samarbeidet er mindre belyst i kjeldene. Riksrådet hadde støtta forordninga i 1444, som hadde ført til konflikhtar mellom Nilsson og hanseatane, men erkebiskopen var til dømes villig til å la dei hanseatiske handelsfolka vera i byen heile året, og han var sterkt representert i handelen med tørrfisk, og hadde såleis og økonomisk interesse av at hanseatane var i Bergen. Det er i det minste ikkje eit samla norsk riksråd som går inn for denne forordninga, sjølv om den vart vedtatt. Eg meiner at det ikkje er tale om eit nasjonalt oppgjær med hanseatane då det i det minste var medspelarar i det norske riksrådet som ville ha hanseatane i byen, og den viktigaste instansen i riket, kongen verkar heller ikkje å ha ei like kompromisslaus linje i forholdet til hanseatane.

I samband med saka etter overfallet mot skottane ser me at då hanseatane ikkje kjem noko veg med skuldingane om samarbeid frå Lunge, eller det at dei gjekk til åtak på borgarar som ikkje hadde støtta kong Fredrik, så truar dei med opprør dersom ein dom frå hertug Christian vart sett

i kraft. Dette trur eg er med på og syne kor svakt lensherren i Bergen stod mot hanseatane, og den tidlegare lensherren klarte heller ikkje å stogge overfallet i 1523. Kong Fredrik vil deretter at Esge Bille forhandlar fram eit forlik. Då kongen og påpeikar at skottane framleis ikkje hadde støtta han då overfallet skjedde tar han og til slutt det same argumentet som hanseatane hadde nytta seg av. Størrelsen på den summen som til slutt vart betalt frå rådet i Lubeck, er heller ikkje i nærleiken av det som vart oppgjeve av dei som hadde vorte plyndra, og i tillegg kjem det tap av eigedom og varer. Kongen var i ein vanskelig situasjon då den avsette kongen Christian 2. framleis kunne komma til riket med styrkar for å ta attende krona. Det er viktig å hugse at hanseatane dermed og måtte vera avgjerande i eit mogleg åtak mot Bergen, særleg då garnisonen der verkar å vera for liten til å yta motstand mot dei, og dette er med på å forklare kvifor Kong Fredrik nok såg det som viktig å ikkje komme ytterligare i konflikt med dei.

Hanseatane er i begge overfalla organiserte og bar våpen, og i 1523 syner dei og at dei kan nytte seg av dette som dei vil når det frå styresmaktane si side manglar styrkar til å stogge dei. Hansaen syner ein sterk militærkapasitet, og utspelar den lokale makta med denne. Når dette skal handsamast er det lite kongen er villig til å gje skottane, då det kjem truslar om opprør frå Kontoret i Bergen. Trugslar frå hanseatane, men og behovet for dei i dette tilfellet talar nok for at det ikkje vart eit meir omfattande oppgjær etter overfallet. I tilfellet med Olav Nilsson er det Iver Gren som tek leiinga for hanseatane, og med sine menn som det vart fortald, truleg soldatar frå garnisonen i byen tek del. Om Iver Gren tek denne rolla for å sjå til at Olav Nilsson vart fanga og straffa etter lova, eller han berre vill tryggje lensherrestillinga til Magnus Gren er uklårt, men begge deler er mogleg her. Det ser ikkje ut til at han hadde klart og stoppa, eller om han prøvde og stogga drapa på kyrkja sine folk, noko som synest å vera eit overtramp, sjølv om dei i Munkeliv kanskje ville freiste å hindre at Nilsson vart drepen. Frå hanseatisk side i desse overfalla er det tydeleg at dei handla ut i frå egne interesser. Og i begge tilfella vart det mogleg for dei å gå til aksjon, i første tilfelle med bakgrunn i lova og saman med son til lensherren. I det siste tilfellet gjorde dei det då det ikkje var mogleg å hindre dei i det, og samstundes var det viktig å halde på samarbeidet med dei for kongen sin del.

Kjelder og litteratur:

Bergen Fundas. Utgitt av Mikkjel Sørli. Bergen 1957

DN = *Diplomatarium Norvegicum.* Utgitt C. C. A. Lange, C. R. Unger o. fl. Christiania 1849 - Oslo 1976.

NgL = *Norges gamle Love, I-IV.* Utgitt R. Keyser, P. A. Munch, G. Storm, E. Hertzberg. Christiania 1846-95. 2. R. I-III. Utgitt A. Taranger, G. A. Blom. Kra. 1912 - Oslo 1966.

Nielsen, Yngvar. *Bergen frå de ældste tider indtil nutiden.* Christiania 1877.

Norske samlinger I - II. Christiania 1852 - 1860.

Taranger, Absalon. *Norges historie tredje binds anden del tidsrummet 1443-1537.* Kristiania 1917.

Espeland, Anton. *Skottene i Hordaland og Rogaland.* Norheimsund 1921.

Johnsen, Oscar Albert. *Noregsveldets undergang.* Oslo 1924.

Wiberg, Johan Christian Koren. *Hanseaterne og Bergen: Forholdet mellem de kontorske og det bergenske bysamfund.* Bergen 1932.

Schreiner, Johan. *Hanseatene og Noregs nedgang.* Oslo 1935.

Hamre, Lars. *Norsk historie frå om lag år 1400.* 1968.

Helle, Knut. *Bryggen Hanseatenes Kontor i Bergen. I Det hanseatiske museums skrifter nr. 23.* Bergen 1981.

Helle, Knut. *Bergen bys historie. Kongssete og kjøpstad frå opphavet til 1536. Band 1.* Bergen 1982.

Hamre, Lars. *Norsk politisk historie 1513-1537.* Oslo 1998.